

RAPPORT

Entreprenørskap og REAL i fagplanane

Modell for arbeid med entreprenørskap og REAL i Kunnskapsløftet

Ivar A. Offerdal

med bidrag frå:

- Naustdal barne og ungdomsskule
- Svelgen skule
- Leikanger ungdomsskule
- Øyrane -, Sogndal - og Luster vidaregåande skule

R-NR 5/2007

Avdelling for lærarutdanning og Idrett

 HØGSKULEN i
SOGN OG FJORDANE



TITTEL Entreprenørskap og REAL i fagplanane - modell for arbeid med REAL og entreprenørskap i Kunnskapsløftet	RAPPORTNR. 5/2007	DATO 20/6-07
PROSJEKTTITTEL Entreprenørskap og REAL i fagplanane - modell for arbeid med entreprenørskap og REAL i Kunnskapsløftet	TILGJENGE Open	TAL SIDER 68
FORFATTAR Ivar A. Offerdal	PROSJEKTLEIAR/-ANSVARLEG Ivar A. Offerdal	
OPPDRAKSGJEVAR Sogn og Fjordane Fylkeskommune Utdanningsdirektoratet	EMNEORD Entreprenørskap	
SAMANDRAG / SUMMARY <p>Dette heftet er tenkt å vera eit hjelpemiddel i arbeidet med å gje kunnskap, innsikt og oversyn over fagfeltet entreprenørskap, og korleis det kan tilpassast arbeidet med ferdigheitsmåla og kompetansemåla innan hovudområda i dei ulike faga. Vi har freista definera sentrale emne/tema i arbeidet med entreprenørskap på ulike alderssteg, og synleggjort korleis dei passar inn mot kompetansemål i ulike fag på same alderssteg. Vi gjev også innspel til arbeidsmetodar og pedagogiske og faglege verkty ein kan nytta i dette arbeidet.</p> <p>Høgskulen i Sogn og Fjordane har teke i bruk eit fagleg og pedagogisk verkty i arbeidet med entreprenørskap. Det er eit amerikansk verkty, som vi har omsett og tilpassa til norske forhold. Materialet heiter REAL – og dekkjer heile skuleløpet frå småskule til høgskule/universitet. Vi vil gjera nærare greie for kva dette materialet står for, kva det inneheld og korleis ein kan bruka det inn mot ulike tema/emne i all opplæring.</p>		
PRIS Kr 65,-	ISSN 0806-1688 ISBN 978-82-466-0093-1	ANSVARLEG SIGNATUR Rasmus Stokke Dekan

Innholdsliste

ENTREPRENØRSKAP OG REAL I FAGPLANANE.....	3
ENTREPRENØRSKAP – definisjon og konkretisering.....	5
Entreprenørskap	5
Entreprenør.....	5
REAL SOM FAGLEG OG PEDAGOGISK VERKTY	9
HISTORIKK	9
KOLB SIN ERFARINGSBASERTE LÆRINGSMODELLE.....	9
ALKYMISTEN – PRAKTISK DØME.....	11
LÆRINGSPYRAMIDEN OG DEN ERFARINGSBASERTE LÆRINGSMODELLEN ..	13
REAL – TEMAOMRÅDE	18
REAL - MATERIALET DEKKJER:.....	18
Årstrinn 1 – 4 - Småskuletrinnet	19
Årstrinn 5 – 10 – Mellomtrinnet og ungdomstrinnet	19
Vidaregåande skule/høgskule og lokalsamfunn	20
ENTREPRENØRSKAP OG REAL I KUNNSKAPSLØFTET.....	21
KUNNSKAPSLØFTET – DET NYE LÆREPLANVERKET	21
TEORETISK FORANKRING	22
ENTREPRENØRSKAP I KUNNSKAPSLØFTET.....	23
MODELL FOR ARBEID MED ENTREPRENØRSKAP OG REAL I	
KUNNSKAPSLØFTET	25
NAUSTDAL BARNE OG UNGDOMSSKULE 1. – 4. ÅRSTRINN.....	28
SVELGEN SKULE 5. – 7. ÅRSTRINN.....	38
LEIKANGER UNGDOMSSKULE 8. – 10. ÅRSTRINN	43
ØYRANE, SOGNDAL OG LUSTER VIDAREGÅANDE SKULE,	
11. – 13. ÅRSTRINN.....	50
SOGNDAL VIDAREGÅANDE SKULE.....	50
ØYRANE VIDAREGÅANDE SKULE	50
LUSTER VIDAREGÅANDE SKULE.....	51
TEMA/EMNE OG FORANKRING I KOMPETANSEMÅL KUNNSKAPSLØFTET .	52
VEGEN VIDARE	65
LITTERATUR	68

ENTREPRENØRSKAP OG REAL I FAGPLANANE

Entreprenørskap som tverrfagleg tema er eit sentralt satsingsfelt i det nye Kunnskapsløftet. Dette gjeld heile skuleløpet frå grunnskule til høgskule/universitet. Entreprenørskap er nedfelt i læreplanverket – både i generell del, i Prinsipp for opplæringa og i dei einskilte fagplanane. Tre departement har kome med ein felles strategiplan for entreprenørskap i utdanninga for perioden 2004 – 2008; ”Se mulighetene og gjør noe med dem!” Her vert grunnlaget for satsinga gjort greie for, dei viktigaste hjelpemidla og aktørane presentert og dei viktigaste tiltaka for å lukkast i arbeidet skissert. Denne strategiplanen utgjeven av Kunnskapsdepartementet, Nærings – og Handelsdepartementet og Kommunal – og Regionaldepartementet er det viktigaste styringsdokumentet for arbeidet med entreprenørskap i perioden 2004 – 2008. utfordringa for regjeringa vert å skaffa nok midlar til gode prosjekt for å oppnå måla i strategiplanen.

Det nye læreplanverket er eit rammeverk, der grunnleggande ferdigheiter i faga, saman med kompetansemål innan hovudområde i faga gjev oversikt over sentrale læringsmål på ulike alderssteg. Innan dette rammeverket er det mulegheiter for lokal tilpassing – utfordringa er å gjera seg nytte av denne fridomen og finna desse lokale tilpassingane.

Entreprenørskap kan vera ei slik lokal tilpassing til det nye læreplanverket. Det kan vera eit tverrfagleg prosjekt som kan gå gjennom heile skuleløpet – der kunnskapsmål, ferdigheitsmål og haldningsmål vert definert for ulike alderssteg, samstundes som dei byggjer oppunder kvarandre i ein naturleg progresjon. Dette bør vera ein del av det daglege arbeidet i faga, ikkje koma som eit tillegg til arbeidet med hovudområda og kompetansemåla. Det er snakk om å bli medviten om kva tema/emne som er sentrale i arbeidet med entreprenørskap, og kor du kan finna dei i eksisterande kompetansemål i ulike fag. utfordringa vert å setja dette i system der progresjonen i arbeidet med tema/emne i entreprenørskap er styrande, ikkje læreboka og progresjonen i dei einskilte faga. Dette fordrar kunnskap, innsyn, oversikt og evne og vilje til samarbeid for den einskilte lærar. Ikkje minst det siste er viktig. Skal dette kunna gjennomførast må faga, til dømes norskfaget vera viljug til å arbeida med søknader, CV m.m. når elevane treng det i samband med etablering av eiga elevbedrift på hausten, og ikkje om våren dersom læreboka eller norsklæraren legg opp til det.

Dette heftet er tenkt å vera eit hjelpemiddel i arbeidet med å gje kunnskap, innsikt og oversyn over fagfeltet entreprenørskap, og korleis det kan tilpassast arbeidet med ferdigheitsmåla og kompetansemåla innan hovudområda i dei ulike faga. Vi har freista definera sentrale emne/tema i arbeidet med entreprenørskap på ulike alderssteg, og synleggjort korleis dei passar inn mot kompetansemål i ulike fag på same alderssteg. Vi gjev også innspel til arbeidsmetodar og pedagogiske og faglege verkty ein kan nytta i dette arbeidet.

Høgskulen i Sogn og Fjordane har teke i bruk eit fagleg og pedagogisk verkty i arbeidet med entreprenørskap. Det er eit amerikansk verkty, som vi har omsett og tilpassa til norske forhold. Materialet heiter REAL – Rural Entrepreneurship through Action Learning, og dekkjer heile skuleløpet frå småskule til høgskule/universitet. Vi vil gjera nærare greie for kva

dette materialet står for, kva det inneheld og korleis ein kan bruka det inn mot ulike tema/emne i all opplæring.

Fagleg ansvarleg for innleiinga, for utarbeiding av modellen vi har nytta i dette arbeidet og for ferdigstilling og redigering av dette heftet er høgskulelektor Ivar A. Offerdal, Høgskulen i Sogn og Fjordane.

Følgjande skular og fagpersonar har bidrege med konkretisering og utfylling av modellen vi har nytta i dette arbeidet:

- årstrinn 1 – 4 – Naustdal barne og ungdomsskule v/ Jørn Helgheim og Kirsten Friis
- årstrinn 5 – 7 – Svelgen skule v/ Anne Helene Myklebust og Eldbjørg Aske Myklebust
- årstrinn 8 – 10 – Leikanger ungdomsskule v/ Reidun Sterri Fjell
- vidaregåande skule – Øyrane, Luster og Sogndal vgs. v/ Eivind Husabø, Alfred Haukeland og Astrid Hove.

ENTREPRENØRSKAP – definisjon og konkretisering

Entreprenørskap – kva er det? I meir tradisjonell økonomisk litteratur er Schumpeter sin definisjon mest nytta. I fylgje Spilling (2006) definerer Schumpeter (1934) entreprenør og entreprenørskap slik:

Entreprenørskap

Å skapa utvikling i næringslivet gjennom nye kombinasjonar, som kan skje på fylgjande fem måtar:

1. Introduksjon av eit nytt produkt eller ny kvalitet av eit produkt
2. Introduksjon av ein ny produksjonsmetode
3. Gå inn i ein ny marknad
4. Utnytting av ei ny type råvare eller eit halvfabrikat
5. Ny organisering av ei næring

Entreprenørskap kan også definerast som å gjera nye ting eller gjera kjente ting på nye måtar.

Entreprenør

Personen som set i verk dei nye kombinasjonane.

Det finst fleire definisjonar/presiseringar for kva ein legg i omgrepet entreprenørskap. Felles for dei fleste av desse definisjonane er at dei relaterer entreprenørskap til ny eller nyskapande/innovativ økonomisk verksemd.

I arbeidet med entreprenørskap i skulen har vi utvida denne litt snevre og økonomisk relaterte definisjonen til også å omfatta sosiale, kulturelle og samfunnsmessige forhold. Vi snakkar om ein *samfunnsentreprenør*, som bør utvikla *sosiale kvalitetar og ferdigheiter* i tillegg til kunnskap og ferdigheiter om etablering og drifting av ny økonomisk verksemd. Vi ynskjer å utvikla ein *entreprenørskapskultur* som i varetek både dei samfunnsmessige, kulturelle og sosiale faktorane i tillegg til dei meir økonomisk relaterte.

I sitt doktorgradsarbeid operer Per Ingvar Haukeland (2000) med ein definisjon av samfunnsentreprenøren som ein person som i tillegg til personleg økonomisk vinst også tek omsyn til lokalsamfunnet sine behov og til etiske og miljømessige forhold ved etableringa. Dette i kontrast til den meir tradisjonelle og erketyriske kapitalisten som ikkje skyr noko middel for eigen profitt. Det er klart at vi i skulen må få fram, synleggjort og diskutert slike problemstillingar.

Entreprenørskap som utdanningsmål i heftet ”Entreprenørskap i opplæring og utdanning” (KUF 1997) er ganske dekkande for kva type entreprenørskap og entreprenørar vi ynskjer utvikla:

- *evne til å sjå ressursar og mulegheiter lokalt og vera nyskapande både i samfunnsliv og arbeidsliv*
- *kvalifikasjonar til å bruka ressursane på ein produktiv og meningsfull måte*
- *forståing for konsekvensar av eigne val og handlingar*
- *vilje til å ta ansvar for felles arbeidsoppgåver, visa uthaldenheit og stå - på - haldning*

Her er både samfunnsmessige forhold og personlege kvalitetar i vareteke, og det er i samspelet mellom desse at framtidens entreprenørar bør veksa fram. Dette vert også understreka i rapporten som EU kommisjonen si ekspertgruppe la fram i 2002. Deira definisjon av arbeidet med entreprenørskap i utdanning og opplæring underbyggjer dette synet:

”Entreprenørskap er ein dynamisk og sosial prosess, der individ, aleine eller i samarbeid, identifiserer mulegheiter, og gjer noko med dei ved å omforma idear til praktisk og målretta aktivitet, både i sosial, kulturell eller økonomisk samanheng.”


Grunnleggaren av REAL i USA dr. Paul DeLargy har ein enklare, men likevel vidare og meir omfattande definisjon av kva entreprenørskap og ein entreprenør er:

”Ein som ser mulegheiter, og som gjer noko for å realisera dei til beste for seg sjølv, familien og lokalsamfunnet.”

Personar med slike *entreprenørielle* kvalitetar bør finnast overalt i samfunnet i fylgje DeLargy. Dette gjeld for bedriftsentreprenøren, som ynskjer starta ny økonomisk verksemd, og for læraren som heile tida prøver å forbetra undervisninga si til beste for elevar, foreldre og lokalsamfunnet. Eller for legen som heile tida er på søk etter ny viten/kunnskap for å gje pasientane best og tryggast mogeleg behandling.

Kort sagt: I arbeidet med entreprenørskap ynskjer vi utvikla individ som heile tida ser mulegheiter i både arbeid og fritid, og som gjer noko aktivt for å realisera/gjennomføra desse mulegheitene til beste for seg sjølv, familien og lokalsamfunnet.

Vi ynskjer å utvikla ei form for *entreprenørskapskompetanse* som vi kan sjå att på ulike arenaer, i ulike fora der einskildindividet tek initiativ og ansvar for både seg sjølv, familien og fellesskapet. Denne kompetansen inneheld både personlege eigenskapar og haldningar og kunnskap og ferdigheiter. I strategiplanen ”Se mulighetene og gjør noe med dem!” (2006) vert dette visualisert i ein modell:



Figur 1: Definisjon av entreprenørskapskompetanse
(Strategiplanen 2004 – 2008, s.4)

Slike kvalitetar ved entreprenøren vektlegg også både Kolvereid (1999) og Spilling (2006) i sine arbeid, men dei knyter dei ikkje direkte til ein definisjon og forståing av kva entreprenørskap og ein entreprenør er. Utfordringa vår vert å synleggjera og konkretisera desse sosiale og personlege kvalitetane vi ynskjer entreprenøren skal utvikla, og finna arbeidsformer som kan stimulera til å utvikla slike kvalitetar.

Her er det vårt arbeid kjem inn. Modellskulane har starta eit arbeid der dei skal:

1. synleggjera sentrale emne/tema innan arbeidsfeltet entreprenørskap i skule og lokalsamfunn som dei i dag arbeider med i skulen
2. utdjupa og konkretisera desse vidare – kva legg vi til dømes i omgrepet kreativitet?
3. syna korleis vi praktisk kan arbeida med desse tema/emna inn mot fag/opplæring på ulike klassesteg
4. forankra dette arbeidet inn mot det nye læreplanverket og kompetansemåla i faga – syna korleis emna/tema er forankra i læreplanverket på ulike klassesteg
5. syna kva REAL øvingar vi kan bruka i arbeidet med tema/emne på dei ulike klassestega

Arbeidet har vore lagt opp og organisert slik:

- årstrinn 1 – 4 – Naustdal barne og ungdomsskule, der Jørn Helgheim og Kirsten Friis har vore ansvarlege
- årstrinn 5 – 7 – Svelgen skule, ansvarlege Anne Helene Myklebust og Eldbjørg Aske Myklebust
- årstrinn 8 – 10 – Leikanger ungdomsskule, ansvarleg Reidun Sterri Fjell
- vidaregåande skule – Øyrane, Luster og Sogndal vgs. med Eivind Husabø, Alfred Haukeland og Astrid Hove som ansvarlege, og Eivind Husabø som redigerte sluttproduktet

Vi har starta på dette arbeidet, men vi ikkje er i mål. Skulane har teke utfordringa, og dei har gjort eit godt grunnlagsarbeid for vidare utvikling av entreprenørskapsfeltet inn mot det nye læreplanverket. Det står nok framleis ein god del att på å utdjupa og konkretisera dei personlege eigenskapane og haldningane, og syna korleis du kan arbeida med dei i skulen. Men vi har starta, og sett fokus på eit viktig arbeid for å koma vidare i arbeidet med å utvikla og konkretisera kva vi legg i omgrepet *entreprenørskapskompetanse* i skule og lokalsamfunn.

Før vi går inn på presentasjonen av skulane sitt arbeid, vil vi kort ta føre oss litt om REAL - dei pedagogiske prinsippa dette materialet bygger på og det faglege innhaldet. I tillegg vil vi kort gå gjennom oppbygging og struktur i det nye læreplanverket, og freista setja det i eit læringsteoretisk perspektiv.

REAL SOM FAGLEG OG PEDAGOGISK VERKTY

HISTORIKK

REAL – ”Rural Entrepreneurship through Action Learning”, eller på godt norsk; ”Ruralt Entreprenørskap gjennom aktiv læring”, vart starta av to professorar Jonathan Sher og Paul DeLargy på 1980 - talet. Dr. Jonathan Sher var professor i rural økonomi og Associate Dean ved College of Education ved North Carolina State, og hadde skriva ein artikkel om trongen for å læra ungdom entreprenørskap for å motverka avfolkinga av dei rurale områda i sørstatane. Dr. Paul DeLargy var professor i Community Education ved University of Georgia i Athens. Han las Sher sin artikkel og tente på ideen om å læra ungdom entreprenørskap, og tok kontakt med Sher for å diskutera dette vidare. Professor DeLargy hadde i mange år arbeidd med entreprenørskapsrelaterte prosjekt i fleire lokalsamfunn i Georgia, og var ute etter eit pedagogisk og fagleg verkty for å vidareføra og systematisera dette arbeidet.


Dr. Sher og Dr. DeLargy vart fort samde om å prøva utvikla eit slikt verkty, og dei sette seg ned for å bli samde om dei pedagogiske prinsippa og det faglege innhaldet i det nye materialet. Dei landa på David Kolb (1984) sin erfaringsbaserte læringsmodell som nyleg var utkomen i USA, i boka ”Experiential Learning – experience as the source of learning and development.” Denne læringsteoretiske tilnærminga samsvarte med dei to professorane sitt syn, og dei fekk med seg Ford Foundations som gjekk inn med 1 million dollar i prosjektet, og dei var i gang. Ford si grunngjeving for å støtta prosjektet er også ganske interessant. Dei var i fylgje Dr. DeLargy ikkje så veldig opptekne av om det kom så mange nye entreprenørar ut i andre enden, berre materialet kunne vera med på endra undervisningspraksisen i den amerikanske skulen!

Dr. Sher og Dr. DeLargy leigde inn dei fremste lærarane på elevaktiv og erfaringsbasert læring i USA, og gav dei i oppgåve å utvikla nytt materiale innanfor definerte fagtematiske emne, bygt delvis på dei læringsteoretiske prinsippa i Kolb sin modell for erfaringsbasert læring. Dette arbeidet resulterte i ”the REAL Curriculum”, som er materialet utvikla for vidaregåande skule og høgskule/universitet. Både Sher og DeLargy forlot sine postar ved universiteta dei var tilsette ved, og starta REAL Enterprises, ei ideell stifting, for å spreia og vidareutvikla materialet. Dr. DeLargy har seinare leia arbeidet med å utvikla materiale for heile grunnskulen, frå 1. – 10. årstrinn, slik at REAL materialet i dag femner om heile skuleløpet frå 1. årstrinn til høgskule/universitet.

KOLB SIN ERFARINGSBASERTE LÆRINGSMODELL

David Kolb (1984) var professor i psykologi ved Harvard University, og hadde utvikla ein ny læringsmodell/teori som bygde på John Dewey, Jean Piaget og Kurt Lewin sine teoriar om læring, og på mange måtar var ein syntese og vidareutvikling av desse (Egedius, 1999, Illeris, 2000). Vi skal ikkje gje oss ut på noko teoretisk utdjuping og drøfting av teorien, men kort gjera greie for dei sentrale elementa i modellen/teorien, og korleis vi kan bruka han i ulike settingar.

Kva meiner ein med erfaringsbasert læring? Den erfaringsbaserte læringscyklusen nedanfor syner prosessane i den erfaringsbaserte læringa.



* Stega i syklusen er sett med ein start og avslutning som utgangspunkt for diskusjon, men teknisk sett har syklusen ikkje nokon start eller slutt.

Figur 2: Den erfaringsbaserte læringsmodellen

Korleis kjem dette til uttrykk i REAL - materialet?

Materialet består av enkeltstående øvingar/ aktivitetar innanfor ulike temaområde med korte, definerte læringsmål, og er som regel gruppebasert. Kvar aktivitet/øving er bygt opp etter same lest dvs. at dei har lik oppbygging og progresjon. Denne strukturen har klare element frå den erfaringsbaserte læringsmodellen. Elevar lærer ulikt, og dette krev bruk og utprøving av ulike arbeidsformer. Likevel vert den erfaringsbaserte læringa understreka og vektlagt i dette materialet, av di arbeidsforma er viktig for å skapa aktivitet og engasjement i læringsprosessen.

Materialet og dei einskilde øvingane/aktivitetane er bygt opp slik:

1. *Læringsmål for aktiviteten*
2. *Tid og materiale du treng for gjennomføring*
3. *Gjennomføring bygt på eigenaktivitet oftast i grupper, som munnar ut i ein presentasjon*
4. *Refleksjon rundt det ein har gjort og lært med utgangspunkt i læringsmåla for aktiviteten*
5. *Overføringsverdi – korleis kan eg bruka lærdomen i eigen praksis/arbeid*

Dersom vi relaterer dette til modellen så ser vi at vi har med oss alle elementa i den erfaringsbaserte modellen i malen ovanfor; *erfaring, refleksjon, ekspansjon/utviding og iverksetjing*.

Både *erfaring* og *ekspansjon/utviding* ligg i gjennomføringsbiten som munnar ut i ein presentasjon. Deltakarane har med seg kunnskap og innsikt inn i aktiviteten, og vert utfordra på å bidra i ein gruppesetting som er med på å ekspandera/utvida kunnskapen gjennom dei andre deltakarane sine bidrag. Gjennom presentasjonen vert dei utfordra på å oppsummera, strukturera og systematisera den nye kunnskapen, samstundes som presentasjonen er med på å forsterka læringsutbyttet jamfør læringspyramiden.

Det er viktig å setja av tid til *refleksjon* i samband med aktiviteten/øvinga. Her skal ein reflektera rundt det ein har gjennomført, og relatera det til læringsmåla for aktiviteten. Dette er også med på å ekspandera kunnskapen og setja han i system/perspektiv.

Avslutningsvis skal ein nytta tid til å diskutera og synleggjera *overføringsverdien* av aktiviteten. Kvar kan eg gjera meg nytte av det eg har lært og korleis? Dette samsvarar med *iverksetjing* i modellen, og er viktig for å sjå og skjønna relevansen av det ein har gjort og lært gjennom aktiviteten.

Denne måten å gjennomføra læringsaktivitetar og læringsprosessar på kan utvidast ved å leggja inn tid til eige arbeid med stoffet i oppfylging av aktiviteten. Aktiviteten vert ei oppstart/innføring i temaet/emnet, og du kan til dømes fylgja opp med førelesing, litteraturstudiar/ eigenaktivitet for å utdjupa og arbeida vidare med temaet. Utfordringa her vert å setja av nok tid til å reflektera rundt læreprosessen, knyta det opp mot læringsmåla og sjå på kva overføringsverdi det vi har lært har mot arbeidsliv og dagleg liv.

ALKYMISTEN – PRAKTISK DØME


I både Alkymisten og Fjord Innovasjon som er utvikla i samarbeid med Innovasjon Noreg har vi forsøkt å laga kurs som har i seg element både frå prosess – og erfaringsbasert læring. Deltakarane får her hjelp til å laga ein ferdig forretningsplan med utgangspunkt i eigen forretningsidé. Kurset er lagt opp som tre 3 - dagar samlingar på hotell (for å bygga nettverk og skapa fokus), med ca. 6 veker mellom kvar samling.

Kurset er delt opp i emne/tema som samsvarar med innhaldet i forretningsplanen. Deltakarane er delt inn i 3 - 5 grupper på 5 deltakarar i kvar gruppe, med eigen rettleiar. Arbeidet med kvart tema/emne er lagt opp etter same mal. Vi har eit kort fagleg innlegg på 20 - 30 minuttar – dette kan vera som innføring eller som utdjuping av eit tema. Av og til nyttar vi REAL øvingar som innføring til tema, av og til for å utdjupa. Deltakarane arbeider i grupper med tema, der alle bidreg inn mot kvar einskild sin forretningsidé, samt arbeider individuelt med eigen idé. Avslutningsvis i sekvensen for kvart tema skal dei presentera for dei andre i gruppa kor langt dei er komen i arbeidet med tema opp mot eigen forretningsidé. Dette for å oppsummera og forsterka læringsprosessen dei har vore gjennom. I tillegg plukkar vi ut ein frå kvar gruppe til å presentera i plenum, som vert avslutta med felles refleksjon rundt arbeidet med tema.

I mellom samlingane arbeider deltakarane vidare med å utvikla eigen forretningsidé (*ekspansjon/utviding*) og gjera ferdig forretningsplanen etter kvart som ein arbeider seg gjennom tema/emne som forretningsplanen bør innehalda. Neste samling startar med at deltakarane presenterer status i arbeidet, og reflekterer rundt status saman med rettleiarane. Kurset vert avslutta med at alle deltakarane presenterer sin forretningsplan framfor eit panel som evaluerer planen. Tilbakemeldingar frå deltakarane og kvaliteten på forretningsplanane tyder på at prosessen har fungert og at læringsutbyttet har vore godt.

LÆRINGSPYRAMIDEN OG DEN ERFARINGSBASERTE LÆRINGSMODELLEN

Dersom vi ser på oppbygginga og gjennomføringa av aktivitetane/øvingane ser vi at dei også i stor grad samsvarar med synspunkta på kva arbeidsformer som gjev **best** og mest **varig** læringsutbytte.



Kjelde: National Training Laboratories, Bethel, Maine

Figur 3: Læringspyramiden

Læringspyramiden (fig. 3) som er utvikla ved National Training Laboratories, Bethel, Maine, og bygger på amerikansk og internasjonal forskning syner at gruppebasert læring, der deltakarane er aktive i læreprosessen, og vert utfordra på å læra andre gjennom presentasjon/dialog gjev det beste og mest varige læringsutbyttet. Mursell (1954) kallar dette autentisk læring, der ein kombinerer sterk fagleg forankring med aktivitetspedagogiske prinsipp. Vår utfordring er å få studentane til å samarbeida på ein slik måte at dei vert utfordra på å henta inn ny fagleg informasjon, og samstundes forpliktar seg til å bidra fagleg og sosialt i læringsmiljøet.

REAL materialet nyttar den erfaringsbaserte læringsssyklusen, og fokuserer på å læra gjennom å gjera, og læra andre eller direkte bruk av det ein har lært. Dette gjev mykje betre læringseffekt enn dei fleste tradisjonelle arbeidsformer i skulen. Vi som brukar materialet føler at arbeidsformene gjev god motivasjon for deltaking og læring, samstundes som læringsutbyttet (sluttproduktet) er godt. Dette ser vi mellom anna gjennom presentasjonane som avsluttar dei fleste aktivitetane, og i refleksjonsbiten, der alle deltakarane vert utfordra på å delta/bidra. Vi ser det også i loggane som vi ofte brukar i tilknytning til aktivitetane.

Eit viktig mål med all læring er at deltakarane i løpet av læreprosessen skal kunna forstå og bruka det dei har lært. Madeleine Abrandt Dahlgren understreka dette i ei førelesing ho heldt 11. januar 2002 ved Høgskulen i Sogn og Fjordane. Temaet var mellom anna læringsutbyte for studentar ved bruk av PBL (problembasert læring) kontra meir tradisjonell formidlingsbasert læring. Vi skal ikkje gå inn på konklusjonane i dette forskingsarbeidet, men vil kort ta føre oss kunnskapsformene/nivåa ho opererte med, og kommentera dei. Dei seier noko om kva krav vi bør stilla til sluttproduktet – *kunnskapen*, og litt om kva arbeidsformer som trengst for å oppnå eit best mogeleg sluttprodukt.

Nivå 1 er den *kataloge* kunnskapen – her er fakta og detaljar viktig for å gje oversikt over fagfeltet, ofte gjeven gjennom formidling av lærestoffet og sjølvstudiar. For ein som skal bli bilmekanikar inneber kunnskap på dette nivået å få namn og oversikt på einskildkomponentar i motor og bil. Men det er ikkje nok med å kunna namn på delar og fakta, ein må over på nivå 2 for å kunna koma vidare mot målet – kunna reparera motoren og bilen.

Nivå 2 er den *analoge* kunnskapen – her er forståing for korleis einskildkomponentane ovanfor fungerer einskildvis og saman viktig – vi talar om overført kunnskap. For bilmekanikareleven inneber det å forstå korleis dei ulike delane i motoren fungerer einskildvis og saman, og korleis bilen er bygt opp. Men ein er framleis ikkje i mål, ein må over på nivå 3 for å kunna reparera motoren og bilen.

Nivå 3 er den *dialoge* kunnskapen – her er prøvet på at ein kan bruka kunnskapen i ein praktisk setting. For bilmekanikareleven inneber dette at han/ho faktisk kan reparera motor og bil, kan bruka både den kataloge og analoge kunnskapen i ein praktisk situasjon. Og det er vel strengt tatt utfordringa og målet med all kunnskap; at vi i ein eller annan gjeven situasjon kan gjera oss praktisk bruk av kunnskapen, av det vi har lært?

Men det er ikkje nok å berre kunna hugsa (*katalog*), forstå (*analog*), og bruka (*dialog*) kunnskapen. I fylgje Bloom (1956) må ein også på det *dialoge* nivået kunna *analysa* eit ikkje definert problem/utfordring, trekka ut *essensen* og føreslå tiltak (*syntese*), og

avslutningsvis kunna *vrdera kritisk* det ein har gjort. Dette er ei viktig utdjuping og presisering av kva kvalitetar og krav som vert stilt til den *dialoge* kunnskapen. Ein går her frå eit meir kvantitativt nivå til eit meir kvalitativt nivå. Bloom (1956) sin taksonomimodell utdjuar og konkretiserer denne nivådelinga av kunnskap:

Gjenskape sentral Informasjon	Forklare sentral Informasjon	Løysa eit lukka problem	Løyse eit ope problem	Svare sjølvstendig på spørsmål	Utøva kritisk skjønn på bakgrunn av relevant kunnskap
			Analysere Skilje analysere differensiere anslå kalkulere eksperimentere teste samanlikne kontrastere kritisere inspisere debattere stille spørsmål relatere løyse eksaminere kategorisere	Syntese sette saman planleggje foreslå designe formulere arrangere setje saman samle konstruere skape montere organisere handsame klargjere	Evaluere bedømme verdsetje evaluere rangere samanlikne revidere vurdere berekne
Kunnskap forklare gjenta registrere liste opp setje namn på relatere understreke	Forståing oversette ta opp att diskutere beskrive gjenkjenne forklare uttrykkje identifisere lokalisere rapportere gjennomgå fortelje	Bruk fortolke bruke nytte demonstrere dramatisere praktisere illustrere betene planlegge skissere			

Figur 4: Blooms kognitive læringstaksonomi

Dei tre nederste nivåa i læringspyramiden (fig. 3) legg alle opp til og utfordrar ein på å ta i bruk den kunnskapen ein har tileigna seg.

Utfordringa ligg i fylla det *kataloge* nivået, og det kan ein gjera mellom anna gjennom førelesingar, sjølvstudium - lesing, demonstrasjonar og gjennom arbeid i grupper der ein lærer av dei andre i gruppa. Det er viktig å kombinera arbeidsformer, og førelesing er ei viktig kjelde til kunnskap. Ein kan nytta førelesing anten til innføring i tema – gje oversikt, til å utdjupe arbeidet med eit tema, eller til å oppsummera/strukturera eit tema.

I *diskusjonsgrupper* vert deltakarane utfordra på å bidra med den innsikta/kunnskapen ein har innanfor tema/emne dei skal arbeida med. Det ligg element av *å læra andre* i ein slik setting, men det sentrale her er at ein blir utfordra på å vera *aktiv* og *bidra* i ein læresituasjon. Og det

viser seg ofte at fleire tenker betre enn ein, og at kunnskapsnivået er betre for gruppa samla enn om dei skulle ha jobba individuelt med temaet/emnet.

Gjennom å *gjera ting aktivt* syner ein at ein kan har *forstått* og kan *bruka* den kunnskapen som ligg i botn for å kunna løysa problemet/utfordringa/oppgåva ein er vorten tildelt. Skjer dette i ein gruppesetting kan fleire få ta del i prosessen og faktisk ta i bruk kunnskapen.

Det siste nivået *læra andre* eller *ta i bruk det ein har lært* er i grunn innlysande. Du vert utfordra på å systematisera og strukturera det du har lært, og gjennom *presentasjonen* forsterkar du denne læringa. Det same gjeld for det å *ta i bruk det du har lært*, då syner du i praksis at du kan (katalog nivå) og har forstått (analog nivå), og aktiviteten (dialog nivå) forsterkar denne gjennomførte læringsprosessen.

REAL materialet har i seg og brukar alle desse elementa for god læring – det er gruppebasert, ein lærer gjennom eigenaktivitet og/eller gjennom praktisk bruk av det ein har lært.

PEDAGOGISKE PRINSIPP I ARBEIDET MED ENTREPRENØRSKAP

Materialet samsvarar også på dei pedagogiske prinsippa for arbeid med entreprenørskap nedfelt i heftet "Entreprenørskap i utdanning og opplæring" (KUF -1997):

- **Deltakarstyrt**, der elevane har ansvar for eiga læring – læraren er berre rettleiar og tilretteleggar
- **Problemorientert**, arbeida med verkelege problem - stillingar som skapar interesse og engasjement
- **Erfaringsbasert**, knytast til elevane sine eigne røynsler med arbeidet
- **Prosjektorientert og tverrfagleg**, definera oppgåver som går på tvers av faga
- **Resultatorientert**, arbeidet må munna ut i resultat som andre set pris på og verdset

Desse prinsippa samsvarar i stor utstrekning med måla og prinsippa nedfelt i REAL materialet, som i tillegg vektlegg kunnskapsforankring, og engasjement og deltaking frå foreldre, næringsliv og lokalsamfunn:

1. Elevar, lærarar, foreldre og lokalsamfunn samarbeider for å synleggjera elevane sine behov, ynskjemål og oppgåver i lokalsamfunnet.
2. Stimulerer til ein læreprosess som inkluderer planlegging, val, utføring, refleksjon og evaluering ; læraren si rolle er meir som tilretteleggar, pådrivar og rettleiar - i staden for formidlar.
3. Læraren sikrar den faglege forankringa til tema/emne gjennom å gje elevane mulegheiter til å læra og meistra naudsynleg basiskompetanse gjennom fagleg påfyll.
4. Elevaktivitet, og ikkje passivt ta i mot kunnskap, kjenneteiknar materialet. Prosessen legg vekt på aktivitet, rettleiing, støtte og samarbeid.
5. Elevane samarbeider med lokalsamfunn, familiar, einskildindivid og næringsliv både innafor og utanfor klasserommet.

6. Materialet må gjerast kjent for personar, lag og organisasjonar utanfor skulesamfunnet. Referanse- og støttegruppe kan vere einskildindivid, lag/organisasjonar, næringsliv, familie, nabolag eller heile lokalsamfunnet, målet må vera å engasjera, påverka og endra.
7. Tema bygger på definerte og etablerte mål, noko som gjev elevane mulegheit til å læra av, og støtta seg på tidlegare erfaringar og kunnskap, medan dei utviklar ny kunnskap og nye ferdigheitar. Ny kunnskap og erfaringar vert så overført til nye situasjonar, ei form for spirallæring.
8. Lærarane er rollemodellar for utvikling av entreprenørielle haldningar og økonomisk/politiske ferdigheitar gjennom å nytta øvingar og pedagogiske prinsipp som gjev elevane mulegheiter til å tenka og arbeida kreativt og sjølvstendig.
9. Materialet gjev deltakarane mange mulegheiter til refleksjon over eige arbeid og på konsekvensar av utførte handlingar.
10. Materialet har øvingar som kan bygga entreprenørielle haldningar og personlege eigenskapar.

Det *tverrfaglege* elementet er viktig i arbeidet med entreprenørskap. Emnet krev innsikt og kunnskap innan fleire fagområde, og er med på å stimulere til læring og gje kunnskap i fleire fag og tema/emne. Utfordringa ligg i å samordna og strukturera det tverrfaglege i tid og innhald.

Vi vil avslutningsvis samanhalda bruk av ein meir erfaringsbasert læringsmodell i arbeid med entreprenørskap opp mot ei meir tradisjonell formidlingsbasert læringsmodell for å syna områda dei skil seg på:

TRADISJONELL LÆRING	ERFARINGSBASERT LÆRING
Lærarsentrert	Elevsentrert
Enkelttekst orientert	Ressurs- og erfaringsbasert læring
Samla undervisning i klasse	Samarbeidslæring i grupper
Avgrensa bruk av teknologi	Utvida bruk av teknologi
Lærebokstyrt læring	Lokalsamfunnsbasert læring med lærebøker som støttelitteratur
Læraren som førelesar	Læraren som rettleiar og tiretteleggar
Lærarar som ressurspersonar	Forretningsfolk/lokalsamfunnet som ressurspersonar saman med lærarar
Utvikla og støtta av lærarar	Utvikla og støtta av ulike partnarar i samarbeid med lærarar

Figur 5: Samanlikning tradisjonell læring og erfaringsbasert læring

Det er viktig å ikkje forkasta kvalitetar som ligg i ulike læringsformer. Det finst ikkje ein teori eller spesifikk læringsform som dekkjer alle behov og preferansar for læring. Dette vert understreka av både Rita Dunn (1978) i hennar arbeid om læringsstilar og læringspreferanse, og Howard Gardner (1983) i hans arbeid om mange intelligensar. Utfordringa ligg i å kunna kombinera bruk av læringsformer etter den einkilde deltakar og gruppe sine behov. Formidling og førelesing er ei arbeidsform som høver godt for å gje oversikt over eit tema/emne, til fordjuping og til å oppsummera/strukturera gjennomgått tema/emne. Kombinert med erfaringsbaserte læringsformer beskrive ovanfor vil dette gje godt læringsutbytte for den einkilde deltakar.

REAL – TEMAOMRÅDE

REAL materialet inneheld fylgjande temaområde:

- *gruppeprosessar - kommunikasjon*
- *kreativitet og kreative prosessar – personleg utvikling*
- *lokalsamfunnskunnskap – marknadsanalyse*
- *drift – økonomi – budsjett, rekneskap*
- *marknadsføring og sal*
- *opplæring – elevaktive arbeidsformer*

Innanfor kvart temaområde er det fleire øvingar/aktivitetar. Hovudvekta i det norske materialet er lagt på temaområda *gruppeprosessar – kommunikasjon, kreativitet og kreative prosessar og lokalsamfunnskunnskap – marknadsanalyse* dvs. at vi har lagt mest vekt på å finna og omsetja øvingar innanfor desse temaområda. Grunngevinga for dette er at desse tre områda er viktigast for det som bør vera hovudfokus for vårt arbeid med entreprenørskap i grunnskule og til dels i vidaregåande skule; utvikla personlege eigenskapar og haldningar, og skapa lokal identitet/tilhøyre.

Dette betyr ikkje at kunnskap om og ferdigheiter omkring etablering av eiga verksemd ikkje er viktig, men meir at fokus i grunnskulen bør ligga meir på utvikling av personlege eigenskapar, haldningar og skapa lokal identitet/tilhøyre. Særleg gjeld dette for mellomtrinnet og i småskulen. Elevbedrift som metode bør få sterkare fokus på ungdomstrinnet. I vidaregåande skule bør alle elevar ha prøvt å starta og drifta eiga verksemd i ei eller anna form. Når det gjeld økonomi - og marknadsrelatert materiale så har Ungt Entreprenørskap omsett og tilpassa mykje materiale for vidaregåande skule og ungdomstrinnet. Vi brukar dette saman med REAL – materialet.

REAL - MATERIALET DEKKJER:

- *Årstrinn 1 – 4 - småskuletrinnet*
- *Årstrinn 5- 10 – mellomtrinnet/ungdomstrinnet*
- *Vidaregåande skule/høgskule/universitet og lokalsamfunn*

Årstrinn 1 – 4 - Småskuletrinnet

REAL for småskulen er eit entreprenørskapsprogram for elevar på 3. – 5. årstrinn. Programmet vektlegg elevaktive arbeidsformer og er bygd opp av øvingar der elevane får utvikle og prøve ut kunnskap og idear gjennom lek og læringsbaserte aktivitetar. Øvingane gjev elevane røynsle i korleis eit lokalsamfunn fungerer ved at dei arbeider praktisk med banksystem, skatte- og avgiftssystem og ulike næringsverksemdar. Programmet syner kor viktige desse systema er, og korleis dei verkar saman i eit lokalsamfunn.

I øvingsmaterialet arbeider ein og med fagspesifikke omgrep frå områda økonomi, juss og offentleg forvaltning.

REAL for årstrinn 1 - 4 er organisert likt eit lokalsamfunn, med ein bank, ei offentleg forvaltning og ein marknadsplass. Elevane skal saman med læraren avgjere kva jobbar deira samfunn treng for å fungere, og elevane skal søke om å få desse jobbane. Elevane kan t.d. søke om å starte opp ei verksemd som sel varer eller tenester på ein marknadsplass, eller dei kan søke om å bli tilsett innan bank eller offentleg forvaltning. Elevane tener pengar i lokal valuta for jobben dei gjer, dei betalar skatt og sparer i sin eigen bank. På denne måten skaffar dei seg røynsle i å jobbe på eit skattekontor, i ein bank, eller som næringsdrivande.

Øvingsmaterialet i programmet vekslar mellom teoretisk klasserom- undervisning og praktisk arbeid i eit Mini –Real samfunn.

Årstrinn 5 – 10 – Mellomtrinnet og ungdomstrinnet

Aktivitetane i programmet er utvikla til bruk på årstrinn 5 -7 og 8 - 10. Aktivitetane i kapittel 3 kan nyttast både på alle årstrinna. Kapittel 4 er i hovudsak retta inn mot årstrinn 5 – 7, medan kapittel 5 i hovudsak er retta inn mot årstrinn 8 - 10. Aktivitetane kan nyttast som påbygging på kvarandre eller dei kan nyttast individuelt, avhengig av behov og organisering.

1. *Pedagogisk grunnlag:* Ei oversikt over dei pedagogiske prinsippa som er nytta i aktivitetane i dei ulike kapitla.
2. *Lokalsamfunnet:* Kartlegging av lokalsamfunnet – historisk utvikling, utfordringar i notid og framtid. Lære å bruke analyseverky, og nytte dette i skriftleg, munnleg og praktisk framføring. Legg vekt på å identifisere og sikre berekraftig utnytting av ressursar, og skape identitet og positive haldningar til lokalsamfunnet.
3. *Elevbedrift – årstrinn 5 - 7:* Lære om korleis ei bedrift er bygt opp og fungerer gjennom å søkje og få tildelt ein jobb, og delta aktivt i ei skulebasert elevbedrift. Organisering, drift og marknadsføring av bedrifta lærer elevane meir om ansvar og det å kunne stole på kvarandre.
4. *Elevbedrift og etableringsprosessen – årstrinn 8 - 10:* På same måte som for mellomsteget lære korleis ei bedrift er bygt opp og fungerer gjennom å delta i planlegging, organisering og oppstart av ei elevbedrift. Lærer meir om den entreprenørielle prosessen gjennom undersøking, utvikling og utforming av ein forretningsplan for ei skulebasert elevbedrift. Går meir inn på tema som presentasjon, leiarskap, kommunikasjon og samarbeid.

Vidaregåande skule/høgskule og lokalsamfunn

Aktivitetane i materialet er utvikla til bruk både i skule, næringsliv og lokalsamfunn. Materialet er organisert i temaområde, og fleire øvingar har element frå ulike teamområde. Eg har valt å plassera dei i **eitt** av temaområda, og ein må difor sjå på målformuleringane for kvar einskild øving kva øvingane omhandlar. Det er såleis viktig å få eit godt oversyn over materialet for å kunna utnytta det optimalt. Aktivitetane kan nyttast som påbygging på kvarandre eller dei kan nyttast individuelt, avhengig av behov og organisering.

1. *Om REAL* – bakgrunn, historie og tilpassing til norske forhold
2. *Om REAL* - ei oversikt og strukturering av dei pedagogiske prinsippa, og oversikt over fagleg innhald – tema dei ulike kapitla omhandlar.
3. *Gruppeprosessar – kommunikasjon og "Bli – kjent" øvingar* - kan nyttast til innføring og opplæring i gruppearbeid, samarbeid, konfliktløysing, kommunikasjon m.m.
4. *Kreativitet og kreative prosessar – personleg utvikling* – materiale som legg vekt på å øva opp kreativitet og kreative prosessar gjennom arbeid i grupper, samt materiale som fokuserer på individuelle krav, utfordringar og prioriteringar ein entreprenør står overfor.
5. *Lokalsamfunnskunnskap og marknadsanalyse* – materiale som kan vera verktøy i arbeidet for å få betre kunnskap om lokalsamfunn og marknad som bakgrunn for satsing på eiga verksemd.
6. *Drift av ei bedrift* – materiale som omhandlar budsjett, rekneskap, økonomi og selskapsformer, sentrale element i drifta av ei verksemd.
7. *Marknadsføring og sal* – materiale som omhandlar ulike verktøy og strategiar for marknadsføring og sal. Du vil også finna materiale som omhandlar dette under Lokalsamfunnskunnskap og Marknadsanalyse.
8. *Opplæring – elevaktive arbeidsformer* – materiale som gjev idear til ulike elevaktive arbeidsformer til bruk i all undervisning og opplæring.

ENTREPRENØRSKAP OG REAL I KUNNSKAPSLØFTET

KUNNSKAPSLØFTET – DET NYE LÆREPLANVERKET

Kunnskapsløftet er eit felles læreplanverk for grunnskulen og den vidaregåande skulen. Det er fyrste gong det er laga eit felles læreplanverk for begge skuleslaga, og det er med på sementera og stadfesta målet om eit 13 - årig skuleløp i Noreg.

Læreplanverket er bygd opp av tre delar – *generell del, prinsipp for opplæringa og læreplanar for faga.*

Læreplanen sin generelle del vektlegg dei overordna verdimesse, kulturelle og kunnskapsmessige måla for opplæringa i grunnskule og vidaregåande skule. Her er meir fokus på personlege eigenskapar, ferdigheiter og haldningar som utdanninga bør innehalda og gje den einskilde elev.

Prinsipp for opplæringa gjeld for alle fag og trinn i skulen, og inkluderer Læringsplakaten. Fokus her er lagt på individuelle rettar til tilpassa opplæring, og korleis opplæringa bør tilretteleggast og gjennomførast for å gje best mogeleg fagleg, sosialt og personleg utbytte.

Læreplanane for fag gjev formål, hovudområde/emne, arbeidet med dei grunnleggande ferdigheitene, og kompetansemåla i faget. *Formålet* for faget beskriv korleis dei overordna måla med opplæringa nedfelt i opplæringslova, i den generelle delen og i prinsipp for opplæringa er tilrettelagt i faget. *Hovudområde* gjev oversikt over dei sentrale innhaldskomponentane i faget.

Arbeidet med dei *grunnleggande ferdigheitene* er nytt i dette læreplanverket. I kvart fag skal ein syna korleis ein vil arbeida med:

1. *å kunna uttrykka seg munnleg,*
2. *å kunna uttrykka seg skriftleg,*
3. *å kunna lesa,*
4. *å kunna rekna og*
5. *å kunna bruka digitale verkty.*

Desse basisferdigheitene er viktig for fagleg, sosial og personleg læring og utvikling.

Kompetansemåla er formulert innan kvart *hovudområde* for 2., 4., 7. og 10. årstrinn i grunnskulen. Dette inneber at elevar arbeider inn mot læringsmåla for næraste definerte høgaste årstrinn. I vidaregåande skule er kompetansemåla for dei fleste fag formulert for kvart årstrinn. Kompetansemåla syner kva elevane skal kunna etter avslutta opplæring på ulike trinn.

I denne delen av læreplanverket er fokus på kunnskaps- og ferdigheitsmåla for dei einskilde faga. *Evalueringsordingar* for grad av måloppnåing finn vi under *vurdering i faget.*

TEORETISK FORANKRING


Det nye læreplanverket er ei tilpassing til nye standardiserte krav til oppbygging og struktur i nye læreplanar på alle nivå i utdanningssystemet, som vart nedfelt i Bologna erklæringa (1999). Dette er ein freistnad på å laga eit felles europeisk og internasjonalt rammeverk for utdanning, slik at det kan bli lettare å samanhalda og utvikla felles nasjonale standardar på innhald og vurdering i opplæring på alle nivå. Dette vil gjera det lettare for studentar/elevlar å byta utdanningsinstitusjonar utan at det skal få fylgjer for sluttkompetansevurderinga eller få godkjent kvalifisering i dei ulike nasjonane innan EU.

Målet er fri flyt av studentar/elevlar og lærarar. Eit slikt system vil også:

- gjera det lettare å samanhalda læreplanar mellom ulike utdanningsinstitusjonar nasjonalt og internasjonalt
- vil tydeleggjera progresjon og nivå på opplæringa
- vil gjera eit felles evalueringssystem meir funksjonelt gjennom auka transparens og kompatibilitet

I **form** og **struktur** minner det nye læreplanverket om Tyler (1949), og mål – middel pedagogikken, og Bloom (1956) sin læringstaksonomi, med vekt på utforming av reine nivådelte kunnskapsmål, og standardiserte prøvar for å måla at læringsmåla er oppnådd. I **innhald** minner planen meir om kognitiv læringsteori med vekt på utvikling av haldningar, personlege og sosiale eigenskapar og ferdigheiter i tillegg til dei reint kunnskapsrelaterte måla.

Bloom (1956) sin taksonomimodell er gjort greie for i forrige kapittel. Modellen nivå-differensierar kunnskapen, og gjer det lettare å definera kunnskapsmål på ulike nivå. Modellen (figur 6) er seinare revidert og utvida, og dekkar no eit meir utvida *kompetanseomgrep*. I *kompetanseomgrepet* inngår kunnskaps-/kognitive mål, haldningsmål, ferdigheits - /psykomotoriske mål og metakognitive mål.



Figur 6: Kompetansemodell ref. (Pettersen, 2005 s.213)

Dette er dei same type kompetansemål som ligg nedfelt i den nye læreplanverket, og som vi finn att som haldnings -, ferdigheits -, og kunnskapsmål i læreplanen. Ein meir detaljert kompetansepyramide (figur 7) utdjupar kva krav som ligg for måloppnåing på ulike nivå innan dei ulike målområda. Denne inndelinga har kanskje vore styrande for nivåddifferensieringa av kompetansemåla i dei ulike faga?

Kompetanse som integrering av ulike kunnskapsdimensjonar og målområde:



Figur 7: Kompetansepyramide (Pettersen, 2005 s.229)

Det heile munnar ut i eit forventa **læringsutbytte** eller **”learning outcomes”**, som er ei presisering av *kvalifikasjonar* og/eller *kompetansar* elevane skal ha oppnått ved fullført utdanning på ulike nivå i utdanningsløpet. Dette er som tidlegare nemnt sentrale krav til alle nye læreplanar på alle nivå, og er eit resultat av nye standardiseringskrav til utdanningar og læreplanar, definert gjennom *Bolognaprosessen*.

ENTREPRENØRSKAP I KUNNSKAPSLØFTET

I stortingsmelding 30. (2003/2004) ”Kultur for læring”, som var forløparen for det nye læreplanverket vart entreprenørskap tydeleg vektlagt: ”Utvikling av kompetanse i entreprenørskap må inngå som en del av utdanningen på alle nivå.” (St. melding nr.30 2003/2004, s.113)

Her definerte ein arbeidet med entreprenørskap som: ”Entreprenørskap innebærer utvikling av både personlige egenskaper, holdninger, formell kunnskap og ferdigheter.” (St.melding nr.30 2003/2004, s.113). Arbeidet med kunnskap og ferdigheter innebar: ”Kunnskap og ferdigheter omhandler hva som må gjøres for å etablere ny virksomhet, og hvordan man lykkes med å utvikle en ide til praktisk og målrettet aktivitet.”

Altså kunnskap om korleis etablere eiga verksemd, saman med utvikling av haldningar og personlege eigenskapar skal inngå som del av utdanninga på alle nivå. Korleis er dette forankra i det nye læreplanverket? Entreprenørskap som tverrfagleg tema er forankra i det nye læreplanverket både i den generelle delen, i prinsipp for opplæring og læreplanane for faga.

I den *generelle delen* er det meir entreprenørielle eigenskapar og kvalitetar som vert beskrive ved dei ulike mennesketypane ein ynskjer utvikla gjennom opplæringa. Dei fleste av overskriftene under kvar av mennesketypane er type haldningar, eigenskapar og kvalitetar som er viktig å ha for å lukkast som entreprenør. Overskrifter som ”kreative evner, kritisk sans og skjønn, læring som lagarbeid, internasjonalisering og tradisjonskunnskap, naturfag, økologi og etikk, og plikter og ansvar,” er tema, eigenskapar og kvalitetar som er viktig i dagleg sosialt virke, men også for å lukkast som entreprenør. Vi finn fleire av desse eigenskapane og kvalitetane nemnt i Kolvereid (1999) si Gründerbok.

I *prinsipp for opplæring* er entreprenørskap spesifikt nemnt i kapittelet Samarbeid med lokalsamfunnet: ”Tilrettelagt samarbeid med lokalt nærings- og arbeidsliv kan gje elevlar innsyn i ulike arbeidsprosessar, praktisk arbeidserfaring, kunnskap om arbeidslivet og bidra til arbeid med entreprenørskap i opplæringa. Innsyn i dei endringar som skjer i nærings- og arbeidslivet, kan synleggjerast gjennom aktiv deltaking i nyskapande aktivitetar og entreprenørskap.” (Læreplanverket for kunnskapsløftet, 2006, s.35).

Arbeid med entreprenørskap stimulerer haldningar og eigenskapar og utviklar ferdigheiter som vert vektlagt i *læringsplakaten*. Dette gjeld mellom anna:

- gje alle elevlar og lærlingar/lærekandidatar like mulegheiter til å utvikla sine evner og talent individuelt og i samarbeid med andre
- stimulera elevane og lærlingane/lærekandidatane si lærelyst
- stimulera elevane og lærlingane/lærekandidatane til å utvikla eigne læringsstrategiar og evne til kritisk tenking
- stimulera elevane og lærlingane/lærekandidatane i deira personlege utvikling og identitet, i det å utvikla etisk, sosial og kulturell kompetanse og evne til demokratiforståing og demokratisk deltaking
- leggja til rette for elevmedverknad og for at elevane og lærlingane/lærekandidatane kan foreta medvitne verdival og val av utdanning og framtidig arbeid
- fremja tilpassa opplæring og varierte arbeidsområde
- leggja til rette for at lokalsamfunnet blir involvert i opplæringa på ein meningsfull måte (Læreplanverket for Kunnskapsløftet, 2006, s. 31)

Det same gjeld for arbeidsområda ein særskilt skal vektlegga i *prinsipp for opplæringa*. Arbeidet med desse tema vert styrka og konkretisert gjennom arbeidet med entreprenørskap som tverrfagleg tema:

- sosial og kulturell kompetanse
- motivasjon for læring og læringsstrategiar
- elevmedverknad
- tilpassa opplæring og likeverdige mulegheiter
- lærarane og instruktørane sin kompetanse og rolle
- samarbeid med heimen
- samarbeid med lokalsamfunnet

I strategiplanen (2004 – 2008): ”*Se mulighetene og gjør noe med dem!*” vert det sett opp nokre viktige kriterium for elevane sitt læringsmiljø:

- stimulering og utvikling av kreativitet – kreativitet kan lærast, og opplæringa på alle nivå må legga til rette for og stimulera til kreativitet og kreative prosessar
- elevmedverknad og aktiv læring – elevstyrte og erfaringsbaserte læreprosessar gjev auka motivasjon for læring og betre læringsutbytte
- tverrfagleg arbeidsform – synleggjera det tverrfaglege fundamentet for arbeid med entreprenørskap
- samarbeid mellom skule og lokalt samfunns- og næringsliv må ligga i botn for arbeidet med entreprenørskap i skulen
- verdiskaping – kunnskap om sosial, kulturell og økonomisk verdiskaping

Desse kriteria forsterkar og utdjupar dei sentrale momenta i *prinsipp for opplæring*.

I *læreplanane for faga* var entreprenørskap i utgangspunktet tenkt som eit tverrfagleg tema som du skulle finna att som definerte læringsmål i alle faga. Dette greidde ein ikkje heilt, men like fullt finn ein tema/emne i alle fag, på alle nivå, som ein kan relatera til arbeidet med entreprenørskap. Vårt prosjekt går ut på å synleggjera desse koplingane.

Vi finn som nemnt entreprenørskapsrelaterte tema/emne i alle fag, på alle nivå. I tillegg er entreprenørskap spesifikt nemnt som kompetansemål i faga Programfag, Samfunnsfag, Kunst og handverk og Mat og Helse i grunnskulen, og i faga Prosjekt til fordjuping, Service og samferdsel og Entreprenørskap og bedriftsutvikling på vidaregåande skule.

Vår utfordring i arbeidet med entreprenørskap i skulen er at lærarane føler det er for mange gode tema/emne som bør inn i læreplanen, men at det går på bekostning av arbeid med faga. Vi meiner det motsette. **Nemleg at arbeid med entreprenørskap vil styrka arbeidet med faga**, og vil freista utdjupa det nærare.

MODELL FOR ARBEID MED ENTREPRENØRSKAP OG REAL I KUNNSKAPSLØFTET

Arbeidet starta i modellskulegruppa som har vore med på å prøva ut og tilpassa det omsette REAL - materialet på ulike nivå i skulen. Felles for alle er at dei har vorte kursa i verktøyet, og fleire av dei har vidareutdanning i entreprenørskap ved Høgskulen i Sogn og Fjordane. Dei har alle arbeidd med entreprenørskap og entreprenørskapsrelaterte tema i fleire år, og har ei rimeleg god ballast både når det gjeld praktisk erfaring og teoretisk kunnskap om feltet.

Vi hadde ein idédugnad på kva tema/emne som er sentrale i arbeidet med entreprenørskap, og kom opp med ei rekkje tema/emne som skulle danna utgangspunkt for arbeidet vidare.

Ungdomsbedrift	Innovasjon - nyskaping	Stå – på - vilje
Partnarskap	Omstilling og endrings - prosessar	Sjølvtilitt /sjølvinnsikt
Kunnskap om arbeidslivet	Samarbeid	Sjå mulegheiter
Lokalsamfunnskunnskap	Gruppeprosessar	Lære å presentere
Fagkunnskap	Prosesslæring	Økonomi
Ressursar i lokalsamfunnet	Ansvar	Marknadsføring
Etikk - miljø	Å våge	Kunnskap om produkt
Prøve / feile	Internasjonalisering	Kreativitet

Figur 8: Sentrale tema entreprenørskap

Den fyrste utfordringa var å finna andre tema/emne vi meinte var relevante i arbeidet med entreprenørskap, og fylla dei inn i dette skjemaet. Idédugnaden hadde dekkja inn dei mest sentrale tema/emna, men vi stilte det ope for gruppene å koma opp med nye moment. Kunnskap og innsikt i desse områda ville også gjera det lettare å få fram prosjekt og tema/emne ein tidlegare ikkje hadde definert som entreprenørskapsrelaterte.

Fagplanane for vg 2 låg ikkje føre på den tida vi starta dette arbeidet. Dei vidaregåande skulane valde difor å vektlegga spesielt korleis vi kunne utvikla ferdigheiter, haldningar og gje kunnskap om entreprenørskap, og knyta dette til sentrale pedagogiske prinsipp – basert på elevaktive arbeidsformer og erfaringsbasert læring.

Del 2 i Læreplanverket ”Prinsipp for opplæring” var også ute på høyring, og vi rekna med at den nye regjeringa ville vektlegga desse meir haldningsrelaterte og overordna måla i tillegg til dei meir reine kompetansemåla i Kunnskapsløftet. Modellgruppa skulle difor prøva konkretisera dei haldningsbaserte tema/emna:

1. *freista konkretisera og utdjupa kva t.d. ansvar innebar*
2. *synleggjera korleis dette emnet var nedfelt i læreplanverket*
3. *syna korleis ein praktisk kunne arbeida med temaet inn mot faga*

For å hjelpa til med å strukturera dette arbeidet, la vi fram utkast til ein modell som dei skulle prøva konkretisera og strukturera arbeidet med entreprenørskap og REAL i. Etter litt prøving, feiling og diskusjon fekk modellen slik utforming:

Sentrale tema/emne	Underliggende tema	REAL - øvingar	Forslag til arbeidsmetodar	Fag/kompetansemål
Ungdomsbedrift				
Partnarskap				
Kunnskap om arbeidslivet				

Figur 9: Modell entreprenørskap og REAL i Kunnskapsløftet

Parallelt med diskusjonen og utviklinga av modellen, endra også fokus for arbeidet seg for grunnskulen. Grunnskulane har i denne omgang fokusert på:

1. synleggjera **nokre** av dei **sentrale** entreprenørskapsrelaterte tema/emne dei arbeider med på sine eigne skular, og konkretisera og utdjupa dei **underliggende** tema/emne som er ein del av dette arbeidet
2. forankra desse i **kompetansemåla** for faga, i generell del og i prinsipp for opplæringa
3. sei litt om kva **arbeidsformer** dei nyttar i arbeidet, og kva **REAL øvingar** som eignar seg best i samband med tema/emne
4. freista synleggjera **progresjonen** i arbeidet med entreprenørskap på alderstrinna dei har ansvar for

Dette bryt som sagt litt med målet om å konkretisera dei meir haldningsbaserte tema i arbeidet med entreprenørskap, men vi fant ut at det var viktigare å få synleggjort og tydeleggjort korleis tema/emne vi arbeider med i skulen faktisk er relatert til entreprenørskap, og er nedfelt i eksisterande fagplanar. **Entreprenørskap kjem ikkje i tillegg til arbeidet med faga, men er ein del av arbeidet med faga.**

Så får vi heller arbeida vidare med å konkretisera og utdjupa arbeidet med haldningsrelaterte tema/emne i grunnskulen i seinare prosjekt. Arbeidet so langt syner også at vi treng meir kunnskap og bevisstgjerjing innan dei meir haldningsrelaterte tema/emna for å kunna bli konkrete og spesifikke nok. Dette vil vi ta tak i.

Dei vidaregåande skulane har likevel starta på dette arbeidet, og har laga ein oversiktsmal for arbeidet med haldningar i vidaregåande skule der dei konkretiserer/utdjupar kvart haldningsrelatert tema/emne og knyter det til kompetansemål i generell del, prinsipp for opplæring og til fagområde/fagplanar.

Vi vil presentera dei einskilde skulane sitt arbeid, og knyta nokre kommentarar innleiingsvis til skulen og deira arbeid med entreprenørskap og REAL.

NAUSTDAL BARNE OG UNGDOMSSKULE 1. – 4. ÅRSTRINN

Jørn Helgheim

Naustdal barne og ungdomskule er den største skulen i Naustdal kommune og ligg sentralt plassert i kommunesenteret. Skulen er barneskule for sentrumskrinsen og ungdomskule for heile kommunen. Skulen har omkring 290 elevar og 25 lærarar i ulike stillingsstorleikar.

Bygda Naustdal er ei typisk vestnorsk jordbruksbygd med mange små bruk oppover i dalen. Det er lite eller ingen industri i kommunen. Største arbeidsgjevar er kommunen med tilsette i barnehage, skule, aldersheim, omsorgsbustader og administrasjon. Det private næringslivet er dominert av mindre verksemdar og einmannsføretak i ulike handverksyrke. Vi finn også nisjeverksemdar som t.d. gardsmatproduksjon.

Bygda er og kjend for ei god lakseelv, Nausta, som gjev ein viss aktivitet oppover dalen. Naustdal ligg sentralt plassert mellom Førde og Florø, og mange i bygda har arbeidsplassane sine der.

Naustdal barne og ungdomskule har entreprenørskap som satsingsområde i skulen sin utviklingsplan. Målet er å bygge opp skulen som entreprenørskapsskule, og utvikle ein heilskapleg plan for entreprenørskap frå 1 – 10 klasse.

Naustdal har valt å sjå arbeidet med entreprenørskapsrelaterte tema inn mot lokalsamfunn, lag og organisasjonar samt med å utvikla haldningar og personlege eigenskapar på småskulesteget 1. – 4. årstrinn samla. Dei er komne eit stykke på veg med å utdjupa og setja ord på korleis dei arbeider med haldningsrelaterte tema/emne på dei fire lægste årstrinna. Dette arbeidet vil halda fram skuleåret 2007/2008.

På 3. og 4. årstrinn arbeider dei med to større lokalsamfunnsretta prosjekt som dei har valt å skilja ut og omtala separat. På 3. årstrinn arbeider dei med Ungt Entreprenørskap sitt materiale "Vårt lokalsamfunn", som ein introduksjon og førebuing til det større lokalsamfunnsprosjektet på 4. årstrinn. I "Vårt lokalsamfunn" vert ressurspersonar frå lokalsamfunn/næringsliv invitert til å presentera og gå gjennom materialet med elevane. På 4. årstrinn arbeider skulen med prosjektet REAL for småskulen, der elevane byggjer, utviklar og driftar sitt eige lokalsamfunn.

Naustdal har ein rimeleg grei og klar progresjon i arbeidet på 4. årstrinn, og etter kvart på 3. årstrinn. Tema/emne er definerte, og vert utdjupa med kva arbeidsformer dei bruker i samband med tema. Det same gjeld for REAL øvingane. Dei vert plassert knytt til tema der elevane bygger sitt eige lokalsamfunn, og alt vert relatert til kompetansemål i relevante fag. Utfordringa har lege i å strukturera og systematisera arbeidet på dei to fyrste årstrinna. Mykje vert gjort i dag, men det er ikkje sett i system. I tillegg bør det vera eit mål å utvikla nytt REAL materiale for bruk i 1., 2. og 3. klasse. Dette arbeidet vil starta i løpet av skuleåret 2007/2008.

Naustdal barne og ungdomsskule har også valt å satsa på kompetansebygging, og har gjennomført 2 – dagarskurs i entreprenørskap og REAL for alle lærarane noko som gjer det lettare å skapa forståing og engasjement for arbeidet i heile kollegiet. Sju lærarar inklusive rektor har også gjennomført eit 5 – dagars vidareutdanningskurs i entreprenørskap og REAL, samt at to lærarar har teke 15 – studiepoengs vidareutdanning i entreprenørskap og REAL. Dette har generert nye prosjekt som del av studia, og er med på å skapa vidare utvikling på skulen. Det siste året har dei starta arbeidet med å planlegga og tilrettelegga for Programfag til val. Dette arbeidet er del av eit prosjektarbeid i 15 studiepoeng ”Entreprenørskap i skule og lokalsamfunn”, og syner kor viktig kompetansebygging er for å utvikla og forsterka arbeidet med entreprenørskap på den einskilde skule.

Skulen har prioritert arbeidet i småskulen dei siste tre åra gjennom REAL prosjektet, men dei siste to åra har ein også kome i gang meir strukturert og systematisk på mellomtrinnet og ungdomstrinnet. Det starta med at entreprenørskap vart sett på utviklingsplanen, og at det vart laga ein plan for arbeidet på dei to trinna. Arbeidet med *Partnerskapsavtalar* er ein del av denne styrkinga på mellom – og ungdomstrinnet.

Modell for småskulen - arbeid med holdningar i entreprenørskap og REAL - 1. til 4. årstrinn.

Sentrale tema/emne	Underliggende tema	REAL - øvingar	Forslag til arbeidsmetodar	Fag / kompetansemål
Haldningar	Sjølvtillit Sjølvkjensle Vere trygg Å våge Sosial kompetanse Refleksjon Bry seg		<ul style="list-style-type: none"> - sjølvtillit - gje elevane tillit slik at dei veit at dei meistrar oppgåver og situasjonar, og at dei klarer det som vert forventa - sjølvkjensle – gje elevane god sjølvkjensle, oppleve ei positiv kjensle av det eg er og det eg gjer - gjere barnet trygg i sine omgjevnader - bruke undervisningsmateriell som Steg for steg og Lions Quest 	<p>KRL:</p> <ul style="list-style-type: none"> - samtale om respekt og toleranse, og motvirke mobbing i praksis - føre ein enkel dialog om samvit, etiske levereglar og verdier - samtale om korleis livssynshumanisme kjem til uttrykk gjennom (lokale) levereglar og seremoniar
	Opne sansar – ope sinn Entusiasme Risikovilje Pågangsmot Fantasi Ta ansvar Kreativitet Vere nyfiken Sjå mulegheiter		<ul style="list-style-type: none"> - utvikle personlege haldningar som kreativitet og sjølvtillit som igjen utviklar kompetanse på entreprenørskap - vere open for nye inntrykk, vere nyfiken og utforskande - bruke drama ,rollespel, dans, og andre aktivitetar som aktiviserar og engasjerar, og som utfordrar den einskilde. Våge å tora! 	<p>Norsk:</p> <ul style="list-style-type: none"> - kunne uttrykke eigne kjensler og meiningar - fortelje samanhengande om opplevingar og erfaringar - lytte og gje respons til andre i samtaler under framføringar og ved høgtlesing <p>Naturfag:</p> <ul style="list-style-type: none"> - sette namn på, og beskrive funksjonen til nokre ytre og indre delar av menneskekroppen
	Orden og åtferd Skikk og bruk Toleranse og respekt Nettverksbygging Samarbeid - gruppedynamikk Vere til å stole på		<ul style="list-style-type: none"> - lære elevane grunnleggande orden og åtferd - bruke skulen sin miljø og trivselsplan - gjere dei merksame på kva som er skikk og bruk her hos oss - elevane må vite kva som vert forventa i ulike situasjonar - lage klassereglar - kva er ein avtale? - alle får komme med skriftlege framlegg - vedtak i plenum - alle skriv under - vise toleranse og respekt for den einskilde - ta opp konflikhtar i samla klasse - løyse konfliktane saman gjennom samtale og diskusjon - bruke undervisningsmateriell som Steg for steg og Lions Quest 	<p>Kunst og handverk:</p> <ul style="list-style-type: none"> - uttrykke eigne opplevingar gjennom teikning <p>Musikk:</p> <ul style="list-style-type: none"> - gje uttrykk for opplevingar gjennom språk, dramatisering, dans og rørse - lytte til, og fortelje om lydar i dagleglivet - delta i leikar med eit variert repertoar av songar, rim, reglar, songleikar og dansar <p>Kroppsøving:</p> <ul style="list-style-type: none"> - vere med i aktivitetar, som utfordrar heile sanseapparatet og koordinasjonen

Sentrale tema/emne	Underliggende tema	REAL - øvingar	Forslag til arbeidsmetodar	Fag / kompetansemål
Lokalsamfunn og lokalkultur	Identitet Å høyre til Busetnad Menneske Kulturliv	2.klasse arbeider med ei tilpassa og forenkla utgåve av øving: 3.4 Alle vegar fører til	- gje borna positive opplevingar i nærmiljø og lokalsamfunn - gje alle kjensla av at her høyrer eg til - plassere seg sjølv og familien i ein større samanheng - her er bur eg! - kartlegge busetnaden til klassekameratane - kartlegge kulturlivet i kommunen - kva kan vi vere med på her? - bruke frivillige lag og organisasjonar inn i skulen - partnerskapsavtalar med idrettslag, skulemusikk, folkedansgruppe, Røde kors - arr. temakveld(ar) for foreldre og andre i bygda	Norsk: - gje uttrykk for korleis vi forstår nokre kjente ordtak og faste uttrykk, og forklare opphavet til vanlege ord og uttrykk – lokale uttrykk - snakke om form og innhald i eldre og nyare songar, regler og dikt Krl: - samtale om (lokale) familieskikkar i kvardag og høgtid på tvers av religionar og livssyn - utforske den lokale kyrkja, finne spor av kristendomen si historie i lokalmiljøet og i distriktet, og presentere dette Naturfag: - bruke sansane til å utforske verda i det nære miljøet - delta i ulike aktivitetar ute i naturen og fortelje om det som er observert - beskrive og samtale om sansane og bruke dei medvite ved aktivitetar ute og inne
	Bli kjend i nærmiljøet Lokalsamfunnet før, no og i framtida Ressursar i nærmiljøet Natur og dyreliv Stadnamn	4.klasse arbeider med ei tilpassa utgåve av øving: 3.7 Ressursane rundt oss	- uteskule ulike stadar i nærmiljøet - både i sentrum og til fjells - bruke ressurspersonar i bygda inn i skulen - kartlegge naturressursane kring oss - kartlegge bygg og infrastruktur i nærmiljøet - forske på stadnamn, slektsnamn - bruke kart over kommunen og grendene - gardsbesøk	Historie: - kjenne att historiske spor i sitt eige lokalmiljø og undersøkje lokale samlingar og minnesmerke - gje att (lokale) myter, segner og eventyr med historisk innhald Kunst og Handverk: - teikne hus frå nærmiljøet rett framme i frå og rett frå sida - samtale om opplevingar av ulike hus og rom i nærmiljøet - kjenne att kunst i skulen sitt nærmiljø og bruke dette som utgangspunkt for eigne bilete og skulpturar
	Arbeidsliv Næringsgrunnlag Produksjon av varer og tenester i lokalsamfunnet Tenesteyting Bygg og anlegg		- gjensidig forpliktande partnerskapsavtale med det lokale næringsliv, med frivillige organisasjonar og med kommunen - kartlegging av kva type arbeidsplassar vi har i kommunen - besøk på einskilde arbeidsplassar - kartlegge foreldra sine arbeidsplassar	Engelsk: - forstå og bruke ein del engelske ord og uttrykk knyta til nære omgjevnader Kroppsøving: - lage og bruke enkle kart til å orientere seg i nærområdet - vere med i songleikar og enkle dansar frå ulike kulturar

Sentrale tema/emne	Underliggende tema	REAL – øvingar	Forslag til arbeidsmetodar	Fag / kompetansemål
Solidaritetsprosjekt	<p>Internasjonalt arbeid</p> <p>Solidaritet i praksis</p> <p>Barn i andre land</p> <p>Våge å bry seg</p> <p>Kva er rettferd ?</p> <p>Våge å tørre</p> <p>Våge å vise andre</p> <p>Fantasi og kreativitet</p> <p>Ta ansvar</p> <p>Stå på ei scene</p> <p>Fokus på ”meg”</p> <p>Aldersblanding</p> <p>Arbeide på tvers av etablerte grupper</p> <p>Utfordringar</p>		<ul style="list-style-type: none"> - 4. klasse arrangerer ein solidaritetskveld for foreldre, sysken og andre - song ved 1 – 4 klasse koret, visning av ulike dramatiseringar, og framføring av enkle musikkstykke, diktlesing og anna - elevane arbeider i aldersblanda grupper på tvers av klassene - innhald kjem an på kor tid på året vi arrangerar kvelden - kafe med sal av kaffi og kaker - elevane har på førehand arbeida med å lage produkt til salsutstilling og utlodding - selje lodd og ta inngangspengar - - inntektene går til ein organisasjon vi arbeider saman med, SOS Barnebyar eller Redd Barna - arbeider samstundes med tematikken i undervisninga - fokuserer på ord som rettar, likeverd, respekt, toleranse, samvit og verdiar 	<p>KRL:</p> <ul style="list-style-type: none"> - føre ein enkel dialog om samvit, etiske levereglar og verdiar - bruke FN sin barnekonvensjon for å forstå barn sine rettar og likeverd, og kunne finne eksempel i media og ved bruk av internett - samtale om respekt og toleranse og motvirke mobbing i praksis <p>Norsk:</p> <ul style="list-style-type: none"> - framføre tekstar for medelevar - uttrykke eigne tekstopplevingar gjennom ord, teikningar, bilete, musikk, og rørsler <p>Matte:</p> <ul style="list-style-type: none"> - løyse praktiske oppgåver som gjeld kjøp og sal <p>Samfunnsfag:</p> <ul style="list-style-type: none"> - drøfte oppfatningar av rettferd - samanlikne liv og virke i Noreg og nokre andre land <p>Kunst og handverk:</p> <ul style="list-style-type: none"> - lage enkle utstillingar av eigne arbeid - lage enkle gjenstandar gjennom å strikke, veve, filte, sy, spikre og skru i ulike materiale <p>Musikk:</p> <ul style="list-style-type: none"> - delta i framføring med song, samspel og dans <p>Mat og helse:</p> <ul style="list-style-type: none"> - planlegge og gjennomføre ein fest i lag med andre i samband med ei høgtid eller ei anna markering

Sentrale tema/emne	Underliggende tema	REAL - øvingar	Forslag til arbeidsmetodar	Fag / kompetansemål
Uteskule	<p>Bli kjent i nærmiljøet Bli kjent i kommunen Bli trygg i naturen Lokalt dyre og planteliv</p> <p>Bruke kroppen fysisk Trene grov og finmotorikk Bruke sansane</p> <p>Lage mat ute Sunt kosthald Lokale mattradisjonar</p>	<p>1.klasse arbeider med ei forenkla og tilpassa utgåve av øving:</p> <p>3.5 Modell av lokalsamfunnet.</p>	<ul style="list-style-type: none"> - 1.klasse arbeider med ein modell av Naustdal. Klassen brukar uteskuletid til å vitje ulike stader i nærmiljøet, kjem tilbake og modellerer dette på plass i modellen. - alle klassane er med på lengre fellesturar 2 - 3 gonger i året - går på ein topp eller ein støl i kommunen - kvar klasse skal innom ulike uteområde i løpet av skuleåret - stranda, ulike leikeplassar (nærmiljøanlegg), og ulike skogområde - har etablert ein fast uteplass, Utsikta, som vi brukar gjennom året - alle klassane har ansvar for å vere med å byggje opp dette området - har stor gapahuk, bål plass, taubanar, og 2.kl byggjer no utedo - lagar mat på bål einskilte utedagar - kvar klasse bestemmer sjølv 	<p>Kroppsøving:</p> <ul style="list-style-type: none"> - bruke grunnleggjande rørsler i varierte miljø og i tilrettelagde aktivitetar - vere med i aktivitetar som utfordrar heile sansapparaten og koordinasjonen - bruke enkle hjelpemiddel og bruksreiskapar for opphald i naturen - samtale om reglar som gjeld for opphald i naturen, og kunne praktisere sporlaus ferdsel <p>Geografi:</p> <ul style="list-style-type: none"> - setje namn på og plassere heimstaden, heimkommunen, heimfylket og landet sitt på teikningar, kartskisser og modellar - beskrive landskapsformer og geografiske nemningar ved å utforske landskapet nær skulen og heimen <p>Mat og helse:</p> <ul style="list-style-type: none"> - lage trygg mat - undersøkje matvarer med tanke på smaksopplevingar
Sosial kompetanse	<p>Empati – omtanke og respekt. Samarbeidsdugleikar – dele med andre, hjelpe andre</p> <p>Sjølvhedding – be om hjelp og informasjon, uttrykke uavhengigheit og ta sosial kontakt</p> <p>Sjølvkontroll – tilhøvet mellom kjensler og åtferd</p> <p>Ansvarskjensle – respekt for eigne og andre sine eignelutar og arbeid</p> <p>Leik, glede, humor – kjenne glede ved eiga og andre si meistring</p>		<ul style="list-style-type: none"> - lage gode måtar å rettleie kvarandre og korrigere kvarandre på, slik at vi skapar eit godt miljø for å utvikle sosial kompetanse - bruke dialogen aktivt - bruke rollespel og undervisningsopplegg som "Steg for steg" i alle klasser - lage eiga plan for målretta foreldresamarbeid om tematikken, gjere avtalar som gjer at foreldre kan fylgje opp skulen sitt arbeid og vere gode medspelarar slik at deira eigne born får ei god utdanning i sosial kompetanse på skulen - bruke reglane elevlar, foreldre og lærarar har arbeida fram i lag: - bruke venlege ord - bruke elevane sitt namn - bruke læraren sitt namn - høyre etter når andre snakkar - invitere og ta andre med i leiken - læraren skal vere elevane sitt eksempel, møte presis til timar, vise respekt for elevane, og vere synleg i haldningar 	<p>Samfunnsfag:</p> <ul style="list-style-type: none"> - lage ei oversikt over normer som regulerer tilhøvet mellom menneske og samtale om konsekvensar ved å bryte normene - utforme og praktisere reglar for samspel med andre og vere med og ta demokratiske avgjerder i klasserommet - samtale om toleranse og korleis møte med ulike kulturar kan vere både gjevande og konfliktfylte - drøfte oppfatningar av rettferd <p>Norsk:</p> <ul style="list-style-type: none"> - uttrykke eigne kjensler og meiningar - fortelje samanhengande om opplevingar og erfaringar - forklare korleis ein kan krenke andre gjennom språket <p>KRL:</p> <ul style="list-style-type: none"> - føre ein enkel dialog om samvit, etiske levereglar og verdier - bruke FN sin barnekonvensjon for å forstå barn sine rettar og likeverd, og kunne finne eksempel i media og ved bruk av internett - samtale om respekt og toleranse og motvirke mobbing i praksis - kunne "Den gyldne regelen" og vise evne til å gjere bruk av den i praksis

Modell for småskulen - arbeid med Partnerskapsavtalar - 1. – 4. årstrinn.

Sentrale tema/emne	Underliggende tema	REAL - øvingar	Forslag til arbeidsmetodar	Fag / kompetansemål
Tambarskjelvar idrettslag	Skileik		<ul style="list-style-type: none"> - kvar elev på 1 – 4 klasse skal få 4 turar til Instedalen Skianlegg i løpet av skuleåret - kostnadane med buss vert delt mellom skulen og idrettslaget - Tambarskjelvar idrettslag preparerer løypene og skulen stiller med ansvarlege lærarar og instruktørar 	Kroppsøving: <ul style="list-style-type: none"> - bruke grunnleggjande rørsler i varierte miljø og i tilrettelagde aktivitetar - vere med i aktivitetar som utfordrar heile sanseapparatet og koordinasjonen - bruke ski og skøyter der det ligg til rette for det
Naustdal Røde kors	Førstehjelp for dei minste		<ul style="list-style-type: none"> - Røde Kors kjem på skulen og viser enkel førstehjelp til dei minste elevane (1-4 kl.) - skulen arbeider med temaet på førehand, og snakkar om korleis kroppen er bygd opp - skal leggast vekt på å gjere borna trygge i dette arbeidet, og forklare ting som kan vere skremmande på ein enkel og forståeleg måte 	Naturfag (Kropp og helse): <ul style="list-style-type: none"> - beskrive i hovudtrekk korleis menneske - kroppen er bygd opp, og funksjonane til nokre indre organ - observere og beskrive korleis kroppen reagerer i ulike situasjonar
Naustdal skulemusikk	Skulemusikken inn i skulen		<ul style="list-style-type: none"> - instruktørar frå skulemusikken skal ha to musikkimar i kvar klasse på 1 – 4 steget i løpet av skuleåret - instruktørane skal presentere elevane for ulike instrument, og snakke om tonar, rytme, og dynamikk - elevane skal gjennomføre enkelt samspel med enkle instrument - skulen forpliktar seg å arbeide vidare med dette etter eigen plan 	Musikk: <ul style="list-style-type: none"> - kjenne att lyden av og kunne namn på nokre instrument - setje saman musikalske grunnelement som klang, rytme, dynamikk og melodiske motiv til små komposisjonar - utforske ulike musikalske uttrykk gjennom å improvisere med lyd og rørsle - spele enkle ostinat og melodiar etter gehør
Naustdal folkedansskule	Folkedans i skulen		<ul style="list-style-type: none"> - instruktørar frå folkedansskulen skal instruere elevane på 1 – 4 i folkedans - skal først og fremst gjerast på spørsmål frå skulen ved visse høve, som t.d. ved større prosjekt som Solidaritetsprosjektet - skulen forpliktar seg til å vise dette for foreldre og andre, samt å halde fram med øvinga i dei einskilde klassane 	Musikk: <ul style="list-style-type: none"> - kjenne att norsk og samisk folkemusikk og folkemusikk frå andre kulturar - danse eit utval norske og internasjonale folkedansar - framføre song, spel og dans i samhandling med andre

Modell for småskulen - arbeid med entreprenørskap og REAL - 3. årstrinn - med vekt på "Vårt lokalsamfunn".

Sentrale tema/emne	Underliggende tema	REAL - øvingar	Forslag til arbeidsmetodar	Fag/kompetansemål
Lokalsamfunnet	Refleksjon Kommunikasjon Trekke trådar og sjå samanhengar Identifisere folk, butikkar, og anna aktivitet i eige lokalsamfunn	Ingen Real øvingar i dette undervisningsopplegget. Dette er å sjå på som førebuing og introdusering til Mini Real prosjektet som kjem i 4.klasse. Her kjem øvingane som høver til dette emnet.	<ul style="list-style-type: none"> - introdusere omgrepet "lokalsamfunn", kva er dette? - diskusjon - bruke plakater i undervisningsmaterieill – kva finn vi her? - lage lister - samanlikne plakater og arbeidsbok, kva manglar? - set inn klistremerke - reflektere over omgrepet "lokalsamfunn" - kva er likt/ulikt, kva betyr det for oss? 	<p>Geografi:</p> <ul style="list-style-type: none"> - <i>setje namn på og plassere heimstaden, heimkommunen, heimfylket og landet på teikningar, kartskisser og modellar</i> <p>Kunst og handverk:</p> <ul style="list-style-type: none"> - <i>samtale om gater, plassar, og bygningar med ulike bruksfunksjonar i nærmiljøet</i>
Kva skal vi gjere med den tomme butikken?	Kommunikasjon Samarbeid for å løyse problem Lytte og argumentere. Stemme for å avgjere eit problem		<ul style="list-style-type: none"> - elevane kjem med forslag til kva ein skal nytte dei tomme lokala til - diskutere forslaga i grupper og arbeide vidare med eitt av dei - heile klassen skal til slutt stemme over eit forslag - refleksjon over prosessen 	<p>Samfunnsfag:</p> <ul style="list-style-type: none"> - <i>utforme og praktisere reglar for samspel med andre, og vere med og ta demokratiske avgjersler i skulesamfunnet</i> - <i>drøfte oppfatningar av rettferd</i>
Bygge eit lokalsamfunn.	Kommunikasjon Samarbeid Beskrive viktige element i eit lokalmiljø Kva er naudsynt og kva er ikkje ?		<ul style="list-style-type: none"> - elevane skal saman i små grupper bygge eit lokalsamfunn - må sjølve bestemme kva som skal vere med av bygningar og funksjonar - elevane får "100 byggepoeng" å bruke i kvar gruppe, og må rekne ut kva ting kostar - presentere sitt arbeid til dei andre i klassen - refleksjon over prosessen. 	<p>Matematikk:</p> <ul style="list-style-type: none"> - <i>gjere overslag over og finne tal ved hjelp av hovudrekning, teljematerieill og skriftlege notat, gjennomføre overslagsrekning med enkle tal og vurdere svar</i> <p>Samfunnsfag:</p> <ul style="list-style-type: none"> - <i>gjere samfunnsfagleg undersøkingar som krev teljing og rekning, og presentere resultatane av undersøkingane</i>
Myndigheiter og skatt.	Problemløysing Kommunikasjon Samarbeid Er det naudsynt å betale skatt ? Kva betyr stat og kommune for lokalsamfunnet ? Konsekvensar av val.		<ul style="list-style-type: none"> - bruke arbeidshefte: kva manglar i lokalsamfunnet vårt? - finne ut kven som betalar for politimannen, brannmannen, eller han som ryddar i parken - spele rollespel, utdeling av ulike typar arbeid i privat og offentleg sektor, innbetaling av skatt - samtaler og refleksjon - kva er samanhengen mellom skatt og velferd? 	<p>Norsk:</p> <ul style="list-style-type: none"> - <i>samhandle med andre gjennom leik, dramatisering, samtale og diskusjonar og praktisere reglar for gruppesamtaler</i> <p>Matematikk:</p> <ul style="list-style-type: none"> - <i>samle, sortere, notere, og illustrere data med teljestrekar, tabellar og søylediagram, og kommentere illustrasjonane</i>
Korleis sirkulerar pengar?	Refleksjon Samarbeid Korleis flyttar pengar seg i eit lokalsamfunn? Konsekvensar av lite bevegelse av pengar i lokalsamfunnet Forstå at det er naudsynt å spare, ikkje berre bruke		<ul style="list-style-type: none"> - rollespel - kva skjer med pengar etter at tilsette har fått løn - kva gjer ein med dei - sparar, bruker dei, plasserer dei? - elevane får utdelt roller og oppgåver dei skal dramatisere - spel for klassen - avslutting av opplegget med utdeling av attest og takk for innsatsen 	<p>Norsk:</p> <ul style="list-style-type: none"> - <i>samhandle med andre gjennom leik, dramatisering, samtale og diskusjonar og praktisere reglar for gruppesamtaler</i> - <i>framføre tekstar for andre(presentasjon)</i>

Modell for småskulen - arbeid med entreprenørskap og REAL - 4. årstrinn med vekt på MINI REAL.

Sentrale tema/emne	Underliggende tema	REAL - øvingar	Forslag til arbeidsmetodar	Fag /kompetansemål
Samarbeid Kommunikasjon	Nettverksbygging Samhandling og gruppedynamikk Toleranse og respekt Aktiv lytting/ta ordet Kreativitet Morosam start på eit prosjekt	Konstruksjonar	<ul style="list-style-type: none"> - dele klassen inn i grupper - kvar gruppe får i oppgåve å lage eit tårn av enten spagetti og marshmallows, eller sugerør og tape - det er reglar for kommunikasjon og arbeid i oppgåva - kven kan lage høgast tårn? - symbolsk premie til vinnaren - ein kan premiere etter ulike kriterium, t.d. mest avansert konstruksjon, best samarbeid eller mest fantasifulle tårn 	<p>Norsk:</p> <ul style="list-style-type: none"> - <i>samhandle med andre gjennom leik, dramatisering, samtale og diskusjonar og praktisere reglar for gruppesamtalar</i> - <i>fortelje, forklare, gje og ta imot beskjedar</i> <p>Matte:</p> <ul style="list-style-type: none"> - <i>teikne og byggje geometriske figurar og modellar i praktiske samanhenga, medrekna teknologi og design</i>
Lokalsamfunn	Busetnad og identitet Planlegging og økonomi Korleis verkar økonomien i eit lokalsamfunn? Korleis heng privat og offentleg økonomi saman? Korleis fungerer offentleg administrasjon i eit lokalsamfunn, og korleis heng dette saman med skattar og avgifter? Planlegging og eksperimentering med enkle konstruksjonar Matematikk – overslag og hovudrekning Leik og moro Bli kjend i nærmiljøet Ressursar i nærmiljøet	Bygg eit lokalsamfunn 1 Bygg eit lokalsamfunn 2	Arbeide med spørsmål kring busetjing og identitet: <ul style="list-style-type: none"> - kvifor bur folk der dei bur - kva er grunnen til det? - ser på korleis eit lokalsamfunn er bygd opp, og korleis dei ulike delane hang saman - ser på korleis offentlege midlar vert brukte i eit lokalsamfunn, og kva oppgåver dei ulike aktørane har - kva er skatt, og kva brukar vi skattepengane til? - etterpå skal elevane arbeide i grupper - kvar gruppe skal byggje ein modell av eit lokalsamfunn i papp og anna materiale <p>Gruppene får utdelt ein gjeven sum skattekroner dei kan handle varer og tenester for:</p> <ul style="list-style-type: none"> - ingen av gruppene får like summar - må sjølve prioritere ut i frå gruppa sin økonomi - presentere modellen for andre med grunngevingar av val ein har teke - presentasjonen inneheld og eit oversyn over kva natur - og kulturressursar ein finn i lokalsamfunnet 	<p>Samfunnsfag:</p> <ul style="list-style-type: none"> - <i>gjere samfunnsfagleg undersøkingar som krev teljing og rekning, og presentere resultatata av undersøkingane</i> <p>Norsk:</p> <ul style="list-style-type: none"> - <i>samhandle med andre gjennom leik, dramatisering, samtale og diskusjonar og praktisere reglar for gruppesamtalar</i> - <i>framføre tekstar for andre(presentasjon)</i> <p>Naturfag:</p> <ul style="list-style-type: none"> - <i>planlegge, bygge og teste enkle modellar av byggkonstruksjonar og dokumentere prosessen frå ide til ferdig produkt</i> <p>Kunst og handverk:</p> <ul style="list-style-type: none"> - <i>lage enkle utsillingar av eigne arbeid</i> - <i>eksperimentere med enkle geometriske former i konstruksjon, og som dekorative formelement</i> - <i>samtale om gater, plassar, og bygningar med ulike bruksfunksjonar i nærmiljøet</i> <p>Matematikk:</p> <ul style="list-style-type: none"> - <i>gjere overslag over og finne tal ved hjelp av hovudrekning, teljemateriell og skriftlege notat, gjennom - føre overslagsrekning med enkle tal og vurdere svar</i>
Kva er ei meining og kva er fakta?	Å bli medviten gjennom eigen observasjon Viktig å skilje mellom det ein trur, og det som faktisk er	Å forske	<ul style="list-style-type: none"> - lære å bruke verkty for å få eksakte opplysningar –”vi skal ikkje tru, vi skal vite” - får utdelt eit objekt dei skal forske på, bruke mål og vekt, og alle fem sansane 	<p>Naturfag:</p> <ul style="list-style-type: none"> - <i>bruke enkel måleinstrument til undersøkingar</i> <p>Matematikk:</p> <ul style="list-style-type: none"> - <i>gjere overslag over og måle lengd, areal, volum, masse, temperatur, tid og vinklar</i>
Jobbintervju	Gje eit realistisk bilete av eit jobbintervju Arbeidslivkunnskap og intervjutips	Jobbintervju Jobbintervju mellom elevar	<ul style="list-style-type: none"> - vise i eit rollespel korleis eit jobbintervju går føre seg - samtale og refleksjon etterpå - elevane øver seg på å intervjuje kvarandre - dele ut intervjutips som elevane kan bruke for å førebu seg til intervjuet - skrive CV og jobbsøknad 	<p>Norsk</p> <ul style="list-style-type: none"> - <i>beherske eit tilstrekkeleg ordforråd til å kunne uttrykke kunnskap erfaringar, opplevingar, kjensler og eigne meiningar (CV, jobbintervju)</i>

Sentrale tema/emne	Underliggende tema	REAL - øvingar	Forslag til arbeidsmetodar	Fag /kompetansemål
Etikk og moral	Etikk og moral i varehandelen Ta egne val	Kva vare vel eg?	<ul style="list-style-type: none"> - undersøke kva verknad utsjånad og innpakning kan ha for ei vare - undersøke korleis utsjånad på ei vare påverkar dei vala vi tar - forstå skilnaden på omgrepa vare og teneste 	<p>Krl:</p> <ul style="list-style-type: none"> - føre ein enkel dialog om samvit, etiske levereglar og verdjar
Økonomi	Bli kjende med økonomiske termar og omgrep når det gjeld - kjøp og sal - skattar og avgifter	Bingo Lingo Kva tyder?	<ul style="list-style-type: none"> - spele bingo der ein brukar kjende og ukjende ord og uttrykk knytt til det å drive eiga verksemd - forklare ord og uttrykk etterkvar som vi spelar - dele ut kort med ulike omgrep der to kort tyder det same - elevane skal så finne den som har kort med same tyding som seg sjølv 	<p>Engelsk:</p> <ul style="list-style-type: none"> - identifisere område der ho/han har nytte av engelsk
Reklame Marknadsføring	Reklame og påverknad frå massemedia Øve seg i å gje og få konstruktiv kritikk	Super sal!	<ul style="list-style-type: none"> - gjere elevane medvetne på strategiar i marknadsføring - la elevane få sjå ulike reklame i ord og bilete - la elevane lage eigen reklame for eit produkt - dei skal lage ein kampanje som inneheld slagord, rapp (jingle) om produktet, og ei teikning eller anna grafikk av arbeidet - presentere dette for andre 	<p>Norsk</p> <ul style="list-style-type: none"> - drøfte nokre estetiske verkemiddel i samansette tekstar (super sal) <p>Engelsk:</p> <ul style="list-style-type: none"> - finne likskapar mellom ord og uttrykksmåtar i engelsk og eige morsmål
Produsere	Praktisk arbeid Samarbeid Kommunikasjon Planlegging Kreativitet Organisering	Produksjonsdagar	<ul style="list-style-type: none"> - produsere mat og varer til marknadsdagar - elevane må planlegge og gjennomføre produksjon av varer og tenester til marknadsdagane - planlegge innkjøp og berekne mengder - produsere varer og gjere dei klar til sal - marknadsføring av verksemda - må lage reklameskilt og logo til verksemda - aktivt marknadsføre verksemda si utifrå dette - planlegge og bygge butikkar, kafè og utsal - dei må setje opp diskar, benker og bord, og eventuelt veggjar - førebu sal og opning - ordne økonomi, skaffe vekslepengar, driftsløyve med meir 	<p>Matematikk:</p> <ul style="list-style-type: none"> - gjere overslag over og finne tal ved hjelp av hovudrekning, teljemateriell og skriftlege notat, gjennomføre overslagsrekning med enkle tal og vurdere svar - velje rekneart og grunningje valet, bruke tabellkunnskapar om rekneartane og utnytte enkle samanhengar mellom rekneartane - bruke den vesle multiplikasjonstabellen, og gjennomføre multiplikasjon og divisjon i praktiske situasjonar <p>Norsk</p> <ul style="list-style-type: none"> - gjenkjenne og bruke dei språklege verkemidla gjentakning, kontrast og enkle språklege bilete <p>Mat og helse:</p> <ul style="list-style-type: none"> - bruke mål og vekt, i samband med oppskrifter og matlaging - praktisere reglar for god hygiene - planlegge og gjennomføre ein fest i lag med andre i samband med ei høgtid eller ei anna markering
Marknad	Kjøp og sal Sørvis Arbeidslivserfaring	Marknadsdagar	<ul style="list-style-type: none"> - selje varer og tenester - ta i mot betaling, rekne ut pris, og gje att pengar - rekne ut overskot, brutto og netto fortjeneste - vise oversyn over personleg økonomi i prosjektet <p>Ha det moro!!</p>	<p>Matematikk</p> <ul style="list-style-type: none"> - velje rekneart og grunningje valet, bruke tabellkunnskapar om rekneartane og utnytte enkle samanhengar mellom rekneartane - løyse praktiske oppgåver som gjeld kjøp og sal

SVELGEN SKULE 5. – 7. ÅRSTRINN

Anne Helene Myklebust og Eldbjørg Aske Myklebust

Svelgen skule er ein 1-10-skule med ca. 190 elevar i industribygda Svelgen i Bremanger kommune. Skulen har arbeidd med entreprenørskap i undervisninga sidan 1990-talet og har dei siste åra vore modellskule for entreprenørskap.

Skulen ser entreprenørskapssatsinga som ein viktig strategi for gjere elevane betre i stand til å sjå og å utnytte mogelegheitene sine i eige liv, arbeidsliv og samfunnsliv.

Entreprenørskapskompetansen blir bygt gjennom målretta arbeid for å utvikle personlege eigenskapar og haldningar, kunnskap og dugleikar hos elevane.

I arbeidet med lokale læreplanar i Kunnskapsløftet, har skulen synleggjort koplinga mellom entreprenørskap og kompetansemåla i dei ulike faga.

Samarbeid og samspel med lokalsamfunnet og lokalt næringsliv er ein viktig del av arbeidet. Dette samarbeidet er formalisert gjennom partnerskapsavtaler.

I Svelgen trur vi på det afrikanske ordtaket: *”Det trengst ein heil landsby for å oppdra eit barn.”*

Svelgen skule har utarbeidd ein heilskapleg plan for entreprenørskap frå 1.-10.årstrinn.

I småskulen legg ein vekt på nettverksbygging. I første og andre klasse besøkjer elevane arbeidsplassane til foreldra. I tredje klasse blir prosjektet ”Vårt lokalsamfunn” gjennomført, og i fjerde klasse har ein fokus på Mini-REAL.

Entreprenørskap på mellomsteget har fokus på identitet, lokalsamfunn og lokalt næringsliv. Planen for 5.-7. årstrinn byggjer på elevane sin kunnskap og kompetanse frå småskulesteget.

På femte årstrinn rettar ein søkelyset mot bygda. Elevane arbeider med kart, ser på stadnamn, bygningar, historiske fakta, og gjennomfører ei ”bygdevandring.” Dei fordjupar seg i eit område i bygda og skaffar seg faktakunnskap ved å ta kontakt med ressurspersonar og det offentlege.

Planen på sjette årstrinn vektlegg kunnskap om ressursane i nærmiljøet og lokalt næringsliv. Hovudøvinga dette året er ”Bli kjent med bedriftene i lokalsamfunnet.” Måla for denne øvinga er å samhandle med lokale bedrifter, å auke forståinga for ord og omgrep i næringslivet, å finne likskapar og ulikslikar mellom lokale bedrifter og å hjelpe elevane til å forstå verdien av å snakke med fagfolk og ekspertar. Bedriftsbesøk er ein viktig arbeidsmetode her.

På sjuande årstrinn er hovudfokus lagt på hjørnesteinsbedrifta – ELKEM Bremanger.

Gjennom bedriftsbesøk får elevane innsikt i mange ulike yrke og kompetansefelt. Dei får også høve til å fordjupar seg innan ulike område. Samspelet mellom elevane og dei aktuelle ressurspersonane er essensielt her.

Entreprenørskapsarbeidet på ungdomssteget bygger på den kunnskapen og kompetansen som elevane har fått på barnesteget. Hovudemna her er ei utvida samfunnsforståing og etablerarkunnskap.

Eit nytt prosjekt på Svelgen skule er etablerarkurset dei har utvikla for 9. årstrinn. Dette er eit samarbeidsprosjekt med partnerskapsbedrifta Bremanger Vekst der elevane gjennom fire samlingar får ei innføring i korleis ein etablerer eiga verksemd. Her kombinerer ein faglege innspel frå Bremanger Vekst med REAL øvingar og elevbedriftsmateriale frå Ungt Entreprenørskap. Elevane får ansvar for å drive elevbedriftene vidare. Ein oppnår kompetansemål i m.a. norsk, matematikk og samfunnsfag gjennom dette arbeidet.

Tema/emne i planen for entreprenørskap bygger på kvarandre gjennom fagleg progresjon.

På alle trinn vektlegg ein spesielt bygging av haldningar og personlege eigenskapar for å utvikle entreprenøriell kompetanse hos elevane.

Gjennom entreprenørskap arbeider ein med å nå dei overordna måla i den generelle delen av læreplanen og mange av kompetansemåla i Kunnskapsløftet.

I planen for entreprenørskap og REAL, er REAL øvingane plasserte på ein slik måte at dei sikrar ein naturleg progresjon i arbeidet.

Svelgen skule har vektlagt kompetansebygging gjennom kursing i REAL - materialet.

Anne Helene Myklebust har vore sentral i arbeidet med entreprenørskap og utprøving/utvikling av REAL - materialet. Ho har delteke i spreing av entreprenørskapskompetanse til andre gjennom kurs for lærarar arrangert av Høgskulen. Svelgen skule har lagt til rette for utprøving i materialet, og skuleåret 2006/2007 tek to lærarar 15 studiepoeng vidareutdanning i "Entreprenørskap i skule og lokalsamfunn," med vekt på REAL som fagleg og pedagogisk verkty.

Svelgen har laga ein god progresjonsplan for arbeidet med entreprenørskap i heile grunnskulen, og har saman med dei andre skulane i dette prosjektet vore leiande i å prøva ut og utvikla nye strategiar i arbeidet med entreprenørskap og REAL.

På mellomtrinnet har vi også laga ein perm for kvart klassetrinn. I denne permen har vi sett inn ein progresjonsplan for bruken av REAL - øvingar og forslag til ulike arbeidsmåtar i arbeidet med entreprenørskap. Her set ein inn kopiar av partnerskapsavtalar, ark med gode idear, aktuelle telefonnummer, hefte m.m. På denne måten deler vi erfaringar med kvarandre, og gjer det lettare for andre lærarar å ta i bruk det skisserte opplegget. Evaluering av arbeidet er svært viktig. Vi har difor eit evalueringsmøte på teamet etter kvart skuleår, slik at vi kan kvalitetssikre arbeidet med entreprenørskap og sikre kontinuitet.

Modell for mellomtrinnet i entreprenørskap og REAL - 5. årstrinn

Sentrale tema/emne	Underliggende tema	REAL - øvingar	Forslag til arbeidsmetodar	Fag/kompetansemål
<p><i>Personlege eigenskapar/haldningar:</i> Kommunikasjon Samarbeid Mot/å våge Å prøve/å feile Ansvar Kreativitet Sjølvtende Positivt sjølvbilete/tru på egne evne Endringskompetanse Løysingsorientert Positiv tenking Stå - på - haldning</p>	<p>Samhandling og gruppedynamikk Toleranse og respekt Aktiv lytting/ta ordet</p> <p>Sjå mulegheiter Sjå seg sjølv i ein større samanheng</p> <p>Evne til omstilling Ta utfordringar Arbeide målretta Engasjement og innsatsvilje</p>	<p>4.7 Kva er mitt ansvar? 5.2 Bli kjend øvingar - Oppstilling i blinde</p> <p>Mini - REAL: Vi forskar</p>	<ul style="list-style-type: none"> - elevaktiv læring gjennom gruppesamspel og kommunikasjon - kreativitetsøvingar - samtale om det å ta ansvar/fordele oppgåver - konfliktløyising på gruppa - kontakte ressurspersonar, hente informasjon ta telefonar og våge å ta utfordringar - arbeide etter prosjektplan, ha framdrift i arbeidet - kommunikasjonsmodellen - refleksjon over ulike presentasjonsteknikkar 	<p>Samfunnsfag:</p> <ul style="list-style-type: none"> - forklare samanhengar mellom naturressursar, næringar, busetnad og levevis - velje eit tema, forme spørsmål og kaste lys over dei ved å bruke ulike kjelder <p>Norsk:</p> <ul style="list-style-type: none"> - opptre i ulike språkrollar gjennom rollespel og drama, opplesing, intervju og presentasjonar - lytte til andre, uttrykke og grunngje egne standpunkt og vise respekt for andre - presentere eit fagstoff munnleg med mottakarbevisstheit, med eller utan hjelpemiddel - strukturere tekst etter tidsrekkefølge og tema, og skape samanheng mellom setningar og avsnitt - meistre ortografi, teiknsetting, variert ordforråd og bruk av ulike setningskonstruksjonar - bruke oppslagsverk og ordbøker - bruke digitale skriveverktøy i skriveprosessar og i produksjon av interaktive tekstar - lage samansette tekstar med bilete, utsmykkingar og varierte skrifttypar til ein større heilskap, manuelt og ved hjelp av digitale verktøy - bearbeide digitale tekstar og drøfte verknadane <p>Matematikk:</p> <ul style="list-style-type: none"> - samle, sortere, notere og illustrere data med teljestrekar, tabellar og søylediagram, og kommentere illustrasjonane - planlegge og samle inn data i samband med spørjeundersøkingar og eksperiment <p>Kunst og handverk:</p> <ul style="list-style-type: none"> - beskrive særtrekk ved bygningar i nærmiljøet og samanlikne med nasjonale og internasjonale stilretningar
<p>Lokalsamfunn/ Identitet</p>	<p>Nettverksbygging Bli kjend i nærmiljøet Ressursar i nærmiljøet Kart</p>	<p>3.3 Namnegransking 3.4 Alle vegar fører til 3.5 Modell av lokal - samfunnet</p>	<ul style="list-style-type: none"> - opprette klassen sitt nettverkskart - bruke foreldre/andre ressurspersonar - er du kjend i bygda? - bruk av kart, historiske og geografiske fakta - bygdevandring - samspel skule - lokalsamfunn - gruppearbeid - loggskrivning - bruk av kart, historiske og geografiske fakta - val av område til fordjuping, t.d ei gate - partnarskapsavtale med kommunen - intervju teknisk sjef - bearbeide innsamla informasjon - veggavis - presentasjon og evaluering - samtale og refleksjon 	
<p>Arbeidslivs - kunnskap</p>	<p>Offentlege institusjonar og organisasjonar</p>		<ul style="list-style-type: none"> - utplassering/besøk i barnehage, aldersheim eller omsorgsbustadar, m.m. 	
<p>Etikk og miljø</p>	<p>Kommunal reguleringsplan</p>		<ul style="list-style-type: none"> - samtale og refleksjon - tryggleik og trivsel i nærmiljøet 	

Modell for mellomtrinnet i entreprenørskap og REAL - 6. årstrinn

Sentrale tema/emne	Underliggende tema	REAL - øvingar	Forslag til arbeidsmetodar	Fag/kompetansemål
<p><i>Personlege eigenskapar/haldningar:</i> Kommunikasjon Samarbeid Mot/å våge Å prøve/å feile Ansvar Kreativitet Sjølvtstende Positivt sjølvbilete/tru på egne evne Endringskompetanse Løysingsorientert Positiv tenking Stå - på - haldning</p>	<p>Samhandling og gruppedynamikk Toleranse og respekt Aktiv lytting/ta ordet</p> <p>Sjå mulegheiter Sjå seg sjølv i ein større samanheng</p> <p>Evne til omstilling Ta utfordringar Arbeide målretta Engasjement og innsatsvilje</p>	<p>3.6 Konstruksjonar 4.7 Kva er mitt ansvar? 4.10 Den magiske pennen 5.2 Bli kjend øvingar</p>	<ul style="list-style-type: none"> - elevaktiv læring gjennom gruppesamspel og kommunikasjon - kreativitetsøvingar - samtale om det å ta ansvar/fordele oppgåver - konfliktløyising på gruppa - kontakte ressurspersonar, hente informasjon ta telefonar og våge å ta utfordringar - arbeide etter prosjektplan, ha framdrift i arbeidet - kommunikasjonsmodellen - refleksjon over ulike presentasjonsteknikkar 	<p>Norsk:</p> <ul style="list-style-type: none"> - <i>opptre i ulike språkkrollar gjennom rollespel og drama, opplesing, intervju og presentasjonar</i> - <i>lytte til andre, uttrykke og grunngje egne standpunkt og vise respekt for andre</i> - <i>presentere eit fagstoff munnleg med mottakarbevisstheit, med eller utan hjelpemiddel</i> - <i>strukturere tekst etter tidsrekkefølgje og tema, og skape samanheng mellom setningar og avsnitt</i> - <i>meistre ortografi, teiknsetting, variert ordforråd og bruk av ulike setningskonstruksjonar</i> - <i>bruke oppslagsverk og ordbøker</i> - <i>bruke digitale skriveverky i skriveprosessar og i produksjon av interaktive tekstar</i> - <i>lage samansette tekstar med bilete, utsmykkingar og varierte skrifttypar til ein større heilskap, manuelt og ved hjelp av digitale verky</i> - <i>bearbeide digitale tekstar og drøfte verknadane</i> <p>Krl:</p> <ul style="list-style-type: none"> - <i>samtale om aktuelle filosofiske og etiske spørsmål og diskutere utfordringar knyta til tema fattig og rik, krig og fred, natur og miljø, IKT og samfunn</i> <p>Samfunnsfag:</p> <ul style="list-style-type: none"> - <i>forklare samanhengar mellom naturressursar, næringar, busetnad og levevis</i> - <i>forklare korleis produksjon og forbruk kan øydeleggje økosystem og forureine jord, vatn og luft, og drøfte korleis dette kan hindrast og reparerast</i> - <i>velje eit tema, forme spørsmål og kaste lys over dei ved å bruke ulike kjelder</i> - <i>gjere greie for kva eit samfunn er, og reflektere over kvifor menneske søkjer saman i samfunn</i> <p>Matematikk:</p> <ul style="list-style-type: none"> - <i>planlegge og samle inn data i samband med spørjeundersøkingar og eksperiment</i>
<p>Lokalsamfunn/ Identitet</p>	<p>Nettverksbygging Bli kjend i nærmiljøet Bedrifter i lokalsamfunnet Ressursar i nærmiljøet</p>	<p>3.7 Ressursane rundt oss Jamfr. bruk på 8. årstrinn.</p>	<ul style="list-style-type: none"> - vidareføre klassen sitt nettverkskart - bruke foreldre/næringsliv/andre ressurspersonar - idèmyldring/tankekart - gruppearbeid - oversikt over bedrifter i lokalsamfunnet (bruke telefonkatalogen, brosjyrar og lage kartotek) - samtale og refleksjon 	
<p>Næringslivskunnskap</p>	<p>Ressursgrunnlag Næringsgrunnlag Næringsutvikling Omstilling</p>	<p>Mini – Real: Kva tyder? 5.8 Bli kjent med bedrifter i nærmiljøet</p>	<ul style="list-style-type: none"> - elevaktivitet via matching av ordkort - samspel skule – bedrift - lokalsamfunn - partnerskap - gruppearbeid - intervju - spørsmål til bedriftsbesøk - bedriftsbesøk - bearbeiding av innsamla informasjon - loggskrivning - rapportskrivning/veggavis - takkebrev til bedriftsleiarane - presentasjon og evaluering 	
<p>Arbeidslivskunnskap</p>	<p>Yrke og fagområde Krav til utdanning</p>	<p>5.8 Bli kjent med bedrifter i nærmiljøet</p>		
<p>Verdiskaping / økonomi</p>	<p>Produksjon av varer og tenester i lokalsamfunnet</p>	<p>5.8 Bli kjent med bedrifter i nærmiljøet</p>	<ul style="list-style-type: none"> - bedriftsbesøk 	
<p>Etikk og miljø</p>	<p>Berekraftig utvikling Etisk ansvar Forureining</p>	<p>5.8 Bli kjent med bedrifter i nærmiljøet</p>	<ul style="list-style-type: none"> - samtale og refleksjon 	

Modell for mellomtrinnet i entreprenørskap og REAL - 7. årstrinn

Sentrale tema/emne	Underliggende tema	REAL - øvingar	Forslag til arbeidsmetodar	Fag/kompetansemål
<p><i>Personlege eigenskapar/haldningar:</i> Kommunikasjon Samarbeid Mot/å våge Å prøve/å feile Ansvar Kreativitet Sjølvtende Positivt sjølvbilete/tru på egne evne Endringskompetanse Løysingsorientert Positiv tenking Stå - på - haldning</p>	<p>Samhandling og gruppedynamikk Toleranse og respekt Aktiv lytting/ta ordet</p> <p>Sjå mulegheiter Sjå seg sjølv i ein større samanheng</p> <p>Evne til omstilling Ta utfordringar Arbeide målretta Engasjement og innsatsvilje</p>	<p>5.2 Bli kjend øvingar 4.12 Papirbergning 5.12 Raud tråd</p>	<ul style="list-style-type: none"> - elevaktiv læring gjennom gruppesamspel og kommunikasjon - kreativitetsøvingar - samtale om det å ta ansvar/fordele oppgaver - konfliktløsning på gruppa - kontakte ressurspersonar, hente informasjon ta telefonar og våge å ta utfordringar - arbeide etter prosjektplan, ha framdrift i arbeidet - kommunikasjonsmodellen - refleksjon over ulike presentasjonsteknikkar 	<p>Norsk:</p> <ul style="list-style-type: none"> - <i>opptre i ulike språkrollar gjennom rollespel og drama, opplesing, intervju og presentasjonar</i> - <i>lytte til andre, uttrykke og grunngje egne standpunkt og vise respekt for andre</i> - <i>presentere eit fagstoff munnleg med mottakarbevisstheit, med eller utan hjelpemiddel</i> - <i>strukturere tekst etter tidsrekkefølge og tema, og skape samanheng mellom setningar og avsnitt</i> - <i>meistre ortografi, teiknsetting, variert ordforråd og bruk av ulike setningskonstruksjonar</i> - <i>bruke oppslagsverk og ordbøker</i>
<p>Lokalsamfunn/ Identitet</p>	<p>Nettverksbygging Bli kjend i nærmiljøet Lokalsamfunnet før, no og i framtida Ressursar i nærmiljøet</p>	<p>Å forske vidare</p> <p>3.2 Hjørnesteinsbedrifta</p>	<ul style="list-style-type: none"> - vidareføre klassen sitt nettverkskart - bruke foreldre/næringsliv/andre ressurspersonar - idemylldring/tankekart - gruppearbeid - oversikt over større bedrifter i lokalsamfunnet - samtale og refleksjon 	<ul style="list-style-type: none"> - <i>bruke digitale skriveverky i skriveprosessar og i produksjon av interaktive tekstar</i> - <i>lage samansette tekstar med bilete, utsmykkingar og varierte skrifttypar til ein større heilskap, manuelt og ved hjelp av digitale verky</i> - <i>bearbeide digitale tekstar og drøfte verknadane</i>
<p>Næringslivskunnskap</p>	<p>Ressursgrunnlag Næringsgrunnlag Næringsutvikling i fortid, notid og framtid Omstilling</p>	<p>3.2Hjørnesteins-bedrifta</p>	<ul style="list-style-type: none"> - samspel skule – bedrift - lokalsamfunn - partnarskap - gruppearbeid - intervju - spørsmål til bedriftsbesøk - bedriftsbesøk - bearbeiding av innsamla informasjon - loggskrivning - rapportskrivning/veggavis - takkebrev til avdelingsleiarane - presentasjon og evaluering av prosjektet 	<p>Krl:</p> <ul style="list-style-type: none"> - <i>samtale om aktuelle filosofiske og etiske spørsmål, og diskutere utfordringar knytt til tema fattig og rik, krig og fred, natur og miljø, IKT og samfunn</i> <p>Matematikk:</p> <ul style="list-style-type: none"> - <i>beskrive referansesystemet og notasjonen som blir nytta for formalar i eit rekneark, og bruke rekneark til å utføre og presentere enkle berekningar</i>
<p>Arbeidslivskunnskap</p>	<p>Yrke og fagområde "Yrkeskjede" Krav til utdanning</p>	<p>3.2 Hjørnesteins-bedrifta</p>	<ul style="list-style-type: none"> - bedriftsbesøk - intervju - spørsmål til bedriftsbesøk 	<p>Naturfag:</p> <ul style="list-style-type: none"> - <i>gjere greie for bruk av noen energikjelder før og nå, og beskrive konsekvensar for miljøet lokalt og globalt</i>
<p>Verdiskaping / økonomi</p> <p>Etablerarkompetanse/ nyskaping</p> <p>Etikk og miljø</p> <p>Internasjonalisering</p>	<p>Produksjon av varer og tenester i lokalsamfunnet Sentrale omgrep Rekneskap</p> <p>Idéutvikling Bedriftsmodell Marknadsføring</p> <p>Berekraftig utvikling Etisk ansvar Forureining</p> <p>Internasjonal handel Råvarer Import og eksport</p>	<p>3.2 Hjørnesteins-bedrifta</p>	<ul style="list-style-type: none"> - elevaktivitet via matching av ordkort - bedriftsbesøk - intervju - spørsmål til bedriftsbesøk - innføring i rekneskap/sentrale omgrep - elevkveld arrangert etter bedriftsmodell - bedriftsbesøk - samtale og refleksjon - samtale om råvarer, samarbeidsavtalar med bedrifter, sal av ulike produkt og marknadsføring - kjeldemateriell 	<p>Samfunnsfag:</p> <ul style="list-style-type: none"> - <i>forklare samanhengar mellom naturressursar, næringar, busetnad og levevis</i> - <i>forklare korleis produksjon og forbruk kan øydeleggje økosystem og forureine jord, vatn og luft, og drøfte korleis dette kan hindrast og reparerast</i> - <i>velje eit tema, forme spørsmål og kaste lys over dei ved å bruke ulike kjelder</i> - <i>forklare korleis vi i Noreg brukar ressursar frå andre stader i verda</i>

LEIKANGER UNGDOMSSKULE 8. – 10. ÅRSTRINN

Reidun Sterri Fjell

Leikanger ungdomsskule er ein rein ungdomsskule med om lag 90 elevar. Skulen ligg fint til, med Sognefjorden og Leikanger kyrkje som næraste nabo. Her kjem turistar for oppleva fjorden og dei sjeldne trea i prestegardshagen.

Mange arbeidsplassar i bygda er knytt til offentleg administrasjon som regionkontoret til Statens vegvesen, Sogn og Fjordane fylkeskommune og Fylkesmannen. Fruktdyrking har i generasjonar vore ei viktig næring, og Leikanger er den 4. største fruktkommunen i landet med 80 000 frukttre. Leikanger fruktlager er det største i sitt slag i landet, og leverer store kvanta eple, pærer, plommer og bær. På Njøs ligg verdas nordlegaste forskingsstasjon for frukt og bær. Leikanger kommune er den kommunen i Noreg med høgast gjennomsnittstemperatur i året.

Leikanger ungdomsskule har i ei årrekkje arbeidd med eit prosjekt der vi set entreprenørskap på timeplanen. Skulen har arbeidd ut ein heilskapleg plan for dette arbeidet, og gjennom entreprenørskap arbeider ein for å nå dei overordna måla i ”Kunnskapsløftet”. Stortinget har slege fast at entreprenørskap og ressursforståing skal vera eit sentralt utdanningsmål innan alle skulefag. Målet er at alle skal utvikla kunnskap, kreativitet, handlingskompetanse og ansvar for fellesoppgåver. Dei unge må få tru på eigne krefter og evner til å ta i bruk lokale ressursar for å skape nye arbeidsplassar. Det er såleis eit viktig satsingsområde å få entreprenørskap inn i skulen. Leikanger ungdomsskule ynskjer at ungdommen skal få slik entreprenørskapskompetanse:

- **Metodekompetanse** gjennom idéutvikling og samhandling med andre
- **Fag og kunnskapskompetanse** gjennom ressurs- og etableraropplæring
- **Haldningar** vågemot, ta ansvar, tora å prøva og feila

Vi knyter entreprenørskap til uttrykket ”Frå det nære til det fjerne”.

Med dette som utgangspunkt har vi laga ein plan for dei tre ungdomsskuleåra.

Skulen har gjensidig forpliktande samarbeid med fleire bedrifter i bygda. Fyljande bedrifter eller organisasjonar har vi samarbeid med: Sogn og Fjordane fylkeskommune, Sparebanken Sogn og Fjordane, Statens vegvesen, Leikanger kommune, Leikanger næringshage og Høgskulen i Sogn og Fjordane. Dette samarbeidet er for å få kunnskap om og kontakt med sentrale verksemder i bygda vår. På alle tre klassetrinna er det lagt inn særskilde oppgåver. Det kan vera bedriftsbesøk, førelesarar som kjem til skulen og fortel om verksemdene deira, prosjektarbeid for elevane og hospitering for lærarar. I tillegg kan elevane knyta arbeidslivspraksis opp mot desse bedriftene.

8. klasse har prosjektet ”Bygdi vår”. Gjennom dette arbeidet ynskjer vi at elevane skal bli kjende med dei ulike sidene ved heimbygda for å byggja opp kjensle av tilhøyre og identitet.

Vi byrjar med å ta elevane med på bygdevandringar. Her kan skulen samarbeida med det lokale næringslivet, kyrkja, lag eller organisasjonar. Seinare arbeider elevane grundig med eit sjølvvalt prosjekt knytt opp mot noko dei vil vita meir om i bygda.

Gjennom prosjektet "På scenen" får kreativiteten og samarbeidet utfalda seg, og elevane får "gjera noko for andre" utan betaling. Dugnadsånd treng vi framleis i samfunnet vårt.

I 9. klasse legg vi vekt på arbeidet med elevbedrifter. Elevkantine har skulen lang erfaring med å driva. To dagar i veka driv grupper frå 9. klasse denne bedrifta.

På førehand har dei søkt stillingar og vorte tilsett i ulike oppgåvene. Dette legg vidare grunnlag for kva arbeid dei ynskjer i sjølvvalde bedrifter. Her har vi ein omfattande prosess der elevane sjølve vel kva slags bedrift dei ynskjer å starta opp. Elevane skal læra å starta opp, driva og avvikla si bedrift. Desse bedriftene vert drivne i ein avgrensa periode hausthalvåret i 9.klasse. Alle inntektene som elevane får inn på å driva bedrifter, går til felles klassetur.

I 10. klasse reiser elevane ved skulen vår på tematur til Polen og Tyskland. Elevane arbeider også mykje med tema knytt til utdannings- og yrkesval. Ved desse prosjekta har me samarbeid med partnerskapsbedriftene.

Knytt opp mot entreprenørskap har Leikanger ungdomsskule tilgjengeleg og har prøvd ut det pedagogiske materialet REAL. Mange av øvingar vert gjennomført til dei ulike trinna tilpassa kva tema ein arbeider med. Skulen har utarbeidd ein eigen plan for dette arbeidet, og nøkkelomgrepa er samarbeid, aktivitet og kreativitet.

Gjennom entreprenørskapssatsinga ynskjer vi å få aktive og ansvarsbevisste elevar som kan sjå kva som er mogeleg å få til, og kva dei kan utvikle vidare. Elevane skal få høve til å utvikla kreative evner, og at arbeidet dei gjer legg grunnlag for ny kunnskap.

Vi vil gjerne la elevane læra mykje om si eiga bygd, sjå ressursane lokalt, byggja opp identitet og samkjensle. Ein god stad å vera - ein god stad å læra.

Leikanger ungdomsskule har vektlagt kompetansebygging gjennom kursing i REAL - materialet. Reidun Sterri Fjell har vore sentral i arbeidet med entreprenørskap og utprøving/ utvikling av REAL - materialet. Ho har delteke i spreiring av entreprenørskapskompetanse til andre gjennom kurs for lærarar arrangert av Høgskulen i Sogn og Fjordane. Leikanger kommune har entreprenørskap og REAL som satsingsområde, og alle lærarane i kommunen vert kursa i REAL.

Arbeid med haldningar går over alle tre åra, og det kan variera når dei ulike tema/emne kjem opp, og når dei ulike øvingane vert brukt.

Heimeside: <http://leikanger.ungdomsskule.no/>

Modell for ungdomstrinnet i entreprenørskap og REAL - 8. årstrinn

Sentrale tema/emne	Underliggende tema	REAL - øvingar	Forslag til arbeidsmetodar	Fag/kompetansemål
Lokalsamfunn/ Identitet	<p>Nettverksbygging Bli kjend i nærmiljøet Ressursar i nærmiljøet Kart Bli nysgjerrige Oppbygging av identitet Bedrifter i lokalsamfunnet</p>	<p>3.3 Namnegransking 3.4 Alle vegar fører til... 3.5 Modell av lokalsamfunnet 3.7 Ressursane rundt oss</p>	<p>Prosjekt "Bygda mi"</p> <p>Bygdevandring med lokale kjentfolk, ressurspersonar:</p> <ul style="list-style-type: none"> - bli kjende med og få kunnskap om lokalhistorie, kultur, språk arkitektur, kunst, næringsvegar, arbeidsliv - lag og organisasjonar og kommunen - analyse av lokalsamfunnet - nytte lokalsamfunnet på ein aktiv måte - søkje informasjon gjennom ulike kjelder som lokalt næringsliv, ressurspersonar og partnerskapsbedrifter <p>Tverrfagleg prosjekt: T.d. Produkt hefte (eitt eks. til skulebiblioteket)</p> <ul style="list-style-type: none"> - prosjektarbeidsmetoden - problemstilling - lokal forskning - IKT: digitalt arbeid: teksthandsaming (Word), setja inn bilete - bruk av bibliotek - internett - lære å leite etter / finne informasjon - intervju - artikkel - utgreiing og foredrag - gruppearbeid 	<p>Norsk:</p> <ul style="list-style-type: none"> - <i>uttrykke seg presist og med eit variert og nyansert ordforråd i ulike typar tekstar</i> - <i>bruke tekstar henta frå bibliotek, Internett og massemedium på ein kritisk måte, drøfte tekstane og referere til kjelder som er nytta</i> - <i>vurdere eigne tekstar og eigen skriveutvikling ved hjelp av kunnskap om språk og tekst</i> - <i>vurdere eigne og andre sine munnlege framføringar</i> - <i>gjennomføre enkle foredrag, presentasjonar, tilpassa ulike mottakarar</i> - <i>bruke ulike medium, kjelder og estetiske uttrykk i eigne norskfaglege og tverrfaglege tekstar</i> - <i>gjere greie for grunnleggjande prinsipp for personvern og opphavsrett knytt til publisering og bruk av andre sine tekstar</i> - <i>bruke tekstbehandlingsverky til arkivering og systematisering av eige arbeid</i> - <i>rettskriving og grammatikk i samband med eigen tekst</i> <p>Samfunnsfag:</p> <ul style="list-style-type: none"> - <i>planlegge, gjennomføre og presentere problemorienterte samfunnsfaglege undersøkingar og vurdere arbeidsprosess og resultat</i> - <i>finne fram til og presentere aktuelle samfunns spørsmål, skilje mellom meiningar og fakta, formulere argument og drøfte spørsmåla</i> - <i>bli kjend med heimbygda si</i> <p>Naturfag:</p> <ul style="list-style-type: none"> - <i>observere og gje eksempel på korleis menneskelege aktivitetar har påverka et naturområde, identifisere ulike interessegrupper sitt syn på påverknaden og foreslå tiltak som kan verne naturen for framtidige generasjonar</i>
Partnerskapsavtalar Arbeidslivskunnskap Næringslivskunnskap	<ul style="list-style-type: none"> - Offentlege institusjonar og organisasjonar - Lokale bedrifter - Ressursgrunnlag - Næringsgrunnlag - Næringsutvikling - Omstilling. <p>Produksjon av varer og tenester i lokalsamfunnet</p>	<p>5.8 Bli kjent med bedrifter i nærmiljøet 3.6 Observasjon</p>	<ul style="list-style-type: none"> - partnerskapsavtale med m.a. kommunen. - samarbeid med m.a. teknisk etat og landbrukskontoret <p>Søkje informasjon gjennom ulike kjelder som lokalt næringsliv, ressurspersonar og partnerskapsbedrifter</p>	

Sentrale tema/emne	Underliggende tema	REAL - øvingar	Forslag til arbeidsmetodar	Fag/kompetansemål
Etikk og miljø	<ul style="list-style-type: none"> - Berekraftig utvikling. - Etisk ansvar. - Forureining. 		- samtale og refleksjon	<p>K&H:</p> <ul style="list-style-type: none"> - faget gjev mulegheiter for utvikling av <i>entreprenørskap og samarbeid med bedrifter, institusjonar og fagpersonar. I tverrfagleg samarbeid om design og teknologi bidrar faget spesielt med det praktisk-estetiske aspektet ved design. Faget er også førebauende for ei rekke utdanningar og yrkesval. Estetisk kompetanse er ei kjelde til utvikling på fleire nivå, frå personleg vekst, via innflytelse på eins egne omgivnader til kreativ nytenking i eit større samfunnsperspektiv.</i> <p>Matematikk:</p> <ul style="list-style-type: none"> - gjennomføre undersøkingar og bruke databasar til å søkje etter og analysere statistiske data og vise kjeldekritikk <p>Samfunnsfag:</p> <ul style="list-style-type: none"> - vurdere bruk og misbruk av ressursar, konsekvensar det kan få for miljøet og samfunnet, og konflikta det kan skape lokalt og globalt - gjere greie for storleik, struktur og vekst i befolkningar og drøfte befolkningsutvikling og flytting i nyare tid, inkludert urbanisering - drøfte premissar for ei berekraftig utvikling - utforske kva som krevst for at samfunn skal kunne halde fram å eksistere og samanlikne to eller fleire samfunn - beskrive hovudtrekk i norsk økonomi og korleis vår økonomi heng saman med den globale økonomien - drøfte viktige omveltingar i samfunnet i nyare tid, og reflektere over korleis dagens samfunn opnar for nye omveltingar
<p><i>Personlege eigenskapar/haldningar:</i></p> <p>Kommunikasjon</p> <p>Samarbeid</p> <p>Mot/å våge</p> <p>Å prøve/å feile</p> <p>Ansvar</p> <p>Kreativitet</p> <p>Sjølvsjende</p> <p>Positivt sjølvbilete/tru på egne evne</p> <p>Endringskompetanse</p> <p>Løysingsorientert</p> <p>Positiv tenking</p> <p>Stå-på-haldning</p>	<p>Entreprenørskapsteori</p> <p>Samhandling og gruppedynamikk</p> <p>Toleranse og respekt</p> <p>Aktiv lytting/ta ordet</p> <p>Sjå mulegheiter</p> <p>Sjå seg sjølv i ein større samanheng</p> <p>Evne til omstilling</p> <p>Ta utfordringar</p> <p>Arbeide målretta</p> <p>Engasjement og innsatsvilje</p>	<p>4.7 Kva er mitt ansvar?</p> <p>5.2 Bli kjend øvingar</p> <p>3.5 Dropstårn</p> <p>4.10 Den magiske pennen</p> <p>3.6 Konstruksjonar</p> <p>4.12 Papirberging</p> <p>5.12 Raud tråd</p>	<p>- elevaktiv læring gjennom gruppesamspel og kommunikasjon.</p> <p>- kreativitetsøvingar</p> <p>- samtale om det å ta ansvar/fordele oppgåver</p> <p>- konfliktløysing på gruppa</p> <p>- kontakte ressurspersonar, hente informasjon, ta telefonar, og våge å ta utfordringar</p> <p>- arbeide etter prosjektplan, ha framdrift i arbeidet</p> <p>- kommunikasjonsmodellen</p> <p>- refleksjon over ulike presentasjonsteknikkar</p> <p>- samhandling med andre</p> <p>- konfliktløysing</p>	

Modell for ungdomstrinnet i entreprenørskap og REAL - 9. årstrinn

Sentrale tema/emne	Underliggende tema	REAL - øvingar	Forslag til arbeidsmetodar	Fag/kompetansemål
Lokalsamfunn/ Identitet	Nettverksbygging Bli kjend i nærmiljøet Bedrifter i lokalsamfunnet Ressursar i nærmiljøet Lokalsamfunnet før, no og i framtida	5.9 Å løyse knutane 5.2 Hoppetauet 5.2 Vridd uhyre	Real øvingar er med på å løysa opp, skapa fokus og sosialisera - oversikt over større bedrifter i lokalsamfunnet	<i>Samarbeidet mellom skulen, kulturskulen, lokale lag, foreiningar og andre i lokalsamfunnet gjev barn og unge mulegheiter til å vidareutvikle sine evne og talent gjennom aktiv deltaking i eit mangfald av sosiale og kulturelle aktivitetar.</i> Norsk: - uttrykkje seg presist og med eit variert og nyansert ordforråd i ulike typar tekstar - bruke tekstar henta frå bibliotek, Internett og massemedium på ein kritisk måte, drøfte tekstane og referere til kjelder som er nytta - vurdere eigne tekstar og eigen skriveutvikling ved hjelp av kunnskap om språk og tekst - vurdere eigne og andre sine munnlege framføringar - gjennomføre enkle foredrag, presentasjonar, tilpassa ulike mottakarar - bruke ulike medium, kjelder og estetiske uttrykk i eigne norskfaglege og tverrfaglege tekstar - gjere greie for grunnleggjande prinsipp for personvern og opphavsrett knytt til publisering og bruk av andre sine tekstar - bruke tekstbehandlingsverktøy til arkivering og systematisering av eige arbeid - rettskriving og grammatikk i samband med eigen tekst
Partnerskapsavtalar Næringslivskunnskap	Ressursgrunnlag Næringsgrunnlag Næringsutvikling Omstilling Yrke og fagområde Krav til utdanning Produksjon av varer og tenester i lokalsamfunnet FAG- OG ETABLERAR - KUNNSKAP - lokal ressurskunnskap - etablerarkunnskap - ideutvikling - samhandling med andre - haldningar	4.8 Å søkje jobb 4.9 Jobbintervju 4.7 Kva er mitt ansvar?	SAMARBEID Partnerskapsavtalar mellom skule og arbeidsliv: - informasjon om arbeidsplassar - førelesarar frå verksemdene - arbeidsplassbesøk - hospitering - arbeidslivspraksis - gruppearbeid - personleg brev - formelt brev - rapport - søknad - personleg intervju - kjennskap til og samarbeid med det lokale næringsliv - få innblikk i studieretningar i vidaregåande skule med tanke på utdanning - og yrkesval - leiarkurs	Samfunnsfag: - beskrive og forklare natur- og kulturlandskapet i lokalsamfunnet - vurdere bruk og misbruk av ressursar, konsekvensar det kan få for miljøet og samfunnet, og konflikter det kan skape lokalt og globalt - gjere greie for storleik, struktur og vekst i befolkningar og drøfte befolkningsutvikling og flytting i nyare tid, inkludert urbanisering - drøfte premisser for ei berekraftig utvikling - leggje ein plan for å starte og drive ei bedrift ut frå ei undersøking av grunnlaget for ei slik bedrift - utforske kva som krevst for at samfunn skal kunne halde fram å eksistere og samanlikne to eller fleire samfunn - beskrive hovudtrekk i norsk økonomi og korleis vår økonomi heng saman med den globale økonomien - drøfte viktige omveltingar i samfunnet i nyare tid, og reflektere over korleis dagens samfunn opnar for nye omveltingar
Arbeidslivskunnskap	Yrke og utdanning			
Internasjonalisering	Internasjonal marknad og handel Råvarer Import og eksport		- forklare og drøfte variasjonar i levekår i ulike delar av verda, og samanlikne og vurdere dei store skilnadene mellom fattige og rike	

Sentrale tema/emne	Underliggende tema	REAL - øvingar	Forslag til arbeidsmetodar	Fag/kompetansemål
Elevbedrift	Idéutvikling Bedriftsmodell Etablering Produksjon Marknadsføring Sal	4.3 Kva inneheld ein forretningsplan? 5.1 Ta sjansen	- øvinga bør takast før oppstart av elevbedrifter Elevbedrifter Utvikla elevbedrifter - få kunnskap og røynsler i høve til entreprenørskap som holdning og metode Elevbedrifter - forretningsidé - planleggja, utvikla, avvikla bedrift - ta ansvar, samarbeida, handla - mål - gründerar, arbeidsskaparar - arbeidstakarar - aktive samfunnsborgarar, gagnlege menneske - kunnskap og oppleving av å utføre eit yrke. - kreativ arbeidsform der elevane får prøve ut sine egne idear. - pedagogisk metode der elevane sjølve får prøve ut bedriftsetablering i praksis. - sjå mulegheiter lokalt, kunnskap om lokalsamfunnet. - samarbeid med andre, få nye erfaringar	KRL: - gjere greie for omgrepa etikk og moral og bruke etisk analyse med utgangspunkt i grunnleggande etiske tenkemåtar - drøfte etiske spørsmål knytt til menneskeverd og menneskerettar, likeverd og likestilling, blant anna ved å ta utgangspunkt i kjente forbilde - drøfte verdival og aktuelle tema i samfunnet lokalt og globalt: sosialt og økologisk ansvar, teknologiske utfordringar, fredsarbeid og demokrati Kunst og handverk: - skape klede og drøfte mote, pris og kvalitet i eit forbrukarperspektiv - beskrive livsløpet til eit produkt og vurdere konsekvensar for berekraftig utvikling, miljø og verdiskaping - lage funksjonelle bruksgjenstandar og vurdere kvaliteten på eige handverk Matematikk: - setje opp enkle budsjett og gjere berekningar omkring privatøkonomi - utvikle, bruke og gjere greie for metodar i hovudrekning, overslagsrekning og skriftleg rekning med dei fire rekneartane - bruke, med og utan digitale hjelpemiddel, tal og variablar i utforsking, eksperimentering, praktisk og teoretisk problemløysing og i prosjekt med teknologi og design Programfag til val: samarbeid med vidaregåande skule: - sal av eitt programfag - teori og praksis - bedriftsbesøk - arbeidslivspraksis
Etikk og miljø	Berekraftig utvikling Etikk og moral Etisk ansvar Forureining			
Verdiskaping/økonomi	- Produksjon av varer og tenester - Sentrale omgrep - Rekneskap - Økonomi i høve til forretningsdrift - Rekneark	5.3 Ordliste 4.6 Bruk av reklame	- Elevbedrift: - holdningsskapande aktivitet - grunnlag for ny kunnskap: ressursar, arbeidsliv, økonomiske og etiske problemstillingar - økonomiske ord og uttrykk - knytast til teoridelen om entreprenørskap	

Modell for ungdomstrinnet i entreprenørskap og REAL - 10. årstrinn

Sentrale tema/emne	Underliggende tema	REAL - øvingar	Forslag til arbeidsmetodar	Fag/kompetansemål
Lokalsamfunn/ Identitet	Ressursgrunnlag Omstilling			Norsk : - uttrykke seg presist og med eit variert og nyansert ordforråd i ulike typar tekstar - bruke tekstar henta frå bibliotek, Internett og massemedium på ein kritisk måte, drøfte tekstane og referere til kjelder som er nytta - vurdere eigne og andre sine munnlege framføringar - gjennomføre enkle foredrag, presentasjonar, tilpassa ulike mottakarar - rettskriving og grammatikk i samband med eigen tekst
Næringslivskunnskap Arbeidslivskunnskap	Næringsgrunnlag Næringsutvikling i fortid, notid og framtid Yrke og utdanning		- yrke og utdanning - kunnskap om yrke og utdanningsveggar - gjera eigne val - samarbeid med partnerskapsbedriftene - informasjon om ulike yrke - kjennskap til og samarbeid med det lokale næringsliv - få innblikk i studieretningar i vidaregåande skule med tanke på utdanning og yrkesval - hospitering - arbeidslivspraksis - leiarkurs	KRL: - gjere greie for omgrepa etikk og moral og bruke etisk analyse med utgangspunkt i grunnleggjande etiske tenkemåtar - drøfte etiske spørsmål knytt til menneskeverd og menneskerettar, likeverd og likestilling, blant anna ved å ta utgangspunkt i kjente forbilde - drøfte verdival og aktuelle tema i samfunnet lokalt og globalt: sosialt og økologisk ansvar, teknologiske utfordringar, fredsarbeid og demokrati Programfag til val: - samarbeid med vidaregåande skule - val av eitt programfag - teori og praksis - bedriftsbesøk - arbeidslivspraksis
Verdiskaping/økonomi	Produksjon av varer og tenester i lokalsamfunnet Sentrale omgrep Rekneskap		- søkje informasjon gjennom ulike kjelder som lokalt næringsliv, ressurspersonar og partnerskapsbedrifter - den lokale banken	- samarbed med vidaregåande skule - val av eitt programfag - teori og praksis - bedriftsbesøk - arbeidslivspraksis
Etikk og miljø	Berekraftig utvikling Etisk ansvar Forureining		- bedriftsbesøk - samtale og refleksjon	Kunst og handverk: - beskrive livsløpet til eit produkt og vurdere konsekvensar for berekraftig utvikling, miljø og verdiskaping

ØYRANE, SOGNDAL OG LUSTER VIDAREGÅANDE SKULE, 11. – 13. ÅRSTRINN

Eivind Husabø, Alfred Haukeland og Astrid Hove

SOGNDAL VIDAREGÅANDE SKULE

Sogndal vidaregåande skule blei etablert i 1992 og er ei samanslåing av Sogndal handelsskule, Sogndal gymnas og Sogndal yrkesskule.

Skulen har lange og gode tradisjonar innan yrkesfag og allmennfag. Det er om lag 650 elevar og 130 tilsette.

Skulen gjev opplæring i utdanningsprogram for

- Bygg- og anleggsteknikk
- Elektrofag
- Idrettsfag
- Medium og kommunikasjon
- Service og samferdsel
- Studiespesialisering
- Teknikk og industriell produksjon
- Skulen har landslinje for yrkessjåfør.

Entreprenørskap er eit satsingsområde ved Sogndal vidaregåande skule. Dette ligg i skulen sin utviklingsplan, og ein ser det att i det daglege arbeidet.

Vi har fleire typar tiltak som vi nyttar i opplæringa innafor entreprenørskap. Gjennomgåande i entreprenørskapsarbeidet er REAL. Her får ein gjennom øvingar m.a. lært om nytenking, samarbeid, entusiasme og korleis ein skal starte og drive ei bedrift. Øvingane er engasjerande og bitt arbeidet med entreprenørskap saman på ein god måte.

ØYRANE VIDAREGÅANDE SKULE

Øyrane Vidaregåande skule er ein rein yrkesfagleg skule lokalisert i Førde. Skulen har ca. 350 elevar fordelt på studieretningane teknikk og industriell produksjon, restaurant og matfag, bygg og anleggsteknikk, helse og sosialfag og elektrofag. Frå hausten 2007 vil skulen også tilby transportfag.

Skulen har lange tradisjonar når det gjeld satsing på entreprenørskap og REAL og har i mange år hatt ungdomsbedrifter som har utmerka seg på nasjonalt plan ved deltaking på NM ei rekkje gangar.

Fleire av lærarane ved skulen har teke utdanning i entreprenørskap og REAL, og dei nyttar REAL som ein del av opplæringa både i entreprenørskapsamanheng og som ein integrert del av den vanlege undervisninga.

Det har vore ei stadig auka satsing på entreprenørskap i opplæringa ved skulen, noko som har gjeve seg utslag både kvalitativt og kvantitativt. Talet på partnarskapsavtalar og ungdomsbedrifter har særleg vore aukande dei siste åra gjennom at Øyrane vgs. har vore med i eit entreprenørskapsprosjekt i Førde kommune. Pr. 2007 har Øyrane vgs. 16 aktive partnarskapsavtalar med næringslivet og det vert stadig inngått nye avtalar. Fleire av desse har eit innovativt preg og er med på å hjelpe elevane til å halde seg oppdaterte på stadig aukande krav i arbeidslivet. Som døme kan nemnast ein partnarskapsavtale med Tracka Utvikling AS der elevane får innsyn i hemmelege dokument og designprosessar samt at elevane får konkrete bestillingar på arbeidsoppgåver som dei skal utføre for bedrifta.

Øyrane vidaregåande skule har arbeid med entreprenørskap nedfelt i utviklingsplanen sin, og det er eit godt samarbeid mellom lærarar som har ansvar for entreprenørskap, internasjonalisering og solidaritetsarbeid.

LUSTER VIDAREGÅANDE SKULE

Skulen har 130 elevplassar og om lag 30 tilsette.

Skulen har desse programområda:

vg1: Helse og sosialfag	vg2: Barne- og ungdomsarbeidar Helsearbeidarfag
vg1: Restaurant – og matfag	vg2: Kokk – og servitørfag
vg1: Design og handverk	vg2: Interiør og utstillingsdesign

Skulen har vert ein føregangsskule i Sogn og Fjordane fylke når det gjeld arbeid med entreprenørskap i vidaregåande skule i mange år.

Dei områda vi har satsa mest på i entreprenørskapsarbeidet er å utvikle partnarskapsavtalar med bedrifter i nærmiljøet, i tillegg til i stadig større grad å nytte arbeid med Ungdomsbedrifter som ein del av opplæringa. På denne måten håpar vi å skape grobotn for entreprenørskapstanken hos elevane, og kanskje gjere det enklare for elevane sjølve å skape framtidige arbeidsplassar i fylket!

Skulen har fått pris i fylke for beste entreprenørskapsskule og fleire av ungdomsbedriftene har fått prisar på fylkesmessa. Fleire av lærarane har vore på Real –kurs og 2 av lærarane har teke 15. studiepoeng i Entreprenørskap i skule og lokalsamfunnsliv. Skulen har arrangert dagskurs for alle lærarane, der tema har vert entreprenørskap og REAL.

Satsingsområde har vert:

- **å nytta REAL – pedagogikken i alle klassane**
- **starta ungdomsbedrifter:** Vi meiner at ved å bruke denne pedagogikken vil elevane lettare sjå den tverrfaglege samanhengen, slik at elevane ser dei har bruk for det. Vidare vil dei lære inn fagstoffet på ein naturleg og interessant måte. Motivasjonsfaktoren kan vera at dei kan tena pengar, samt at elevane får prøve seg i ulike realistiske arbeidssituasjonar.
- **partnarskapsavtalar:** Skulen arbeider aktivt med partnarskapsavtalar, slik at ein kan formalisera det nære samarbeidet ein har med næringslivet og kommunar i regionen vår.

- **internasjonalt arbeid:** Skulen er godt i gang når det gjeld internasjonalisering i form av formelt samarbeid med andre land
- **samarbeid med barnehage og grunnskule.** Vi er inne i eit samarbeidsprosjekt saman med Hafslo barne- og ungdomsskule og Hafslo barnehage, der målsetjinga er å sjå heile opplæringsløpet i heilskap.

Internett: <http://www.luster.vgs.no/>

e-post: postmottak.lustervgs@sfj.no

TEMA/EMNE OG FORANKRING I KOMPETANSEMÅL KUNNSKAPSLØFTET

Vi har sett på nokre sentrale tema/emne og forankra dei til kompetansemål innan fag på yrkesfagleg programområde vg1.

- *Partnerskapsavtaler/Lokalsamfunn* – til ulike programområde/fag
- *Ungdomsbedrift* – Service og samferdsel
- *Internasjonalisering* – til ulike programområde/fag
- *Haldningar/personlege eigenskapar* – generell del, prinsipp for opplæring og ulike programområde/fag - gjeld for alle tre åra

Grunngjevinga for ei slik prioritering er at fagplanane for vg2 i programområda/yrkesfaga, som desse lærarane underviser på ikkje er ferdigstilte. Dette gjer det vanskeleg å relatera til eige fag og eigen praksis, og forankra dette til kompetansemåla i faga. Felles for desse skulane er at arbeidet med entreprenørskap og REAL i stor utstrekning skjer på vg2. Dei fleste ungdomsbedriftene er lagt til dette årstrinnet.

Så sjølv om fagplanane for nokon av teorifaga er klar for vg2, så valde vi å leggja vekt på å syna korleis ein kunne arbeide med entreprenørskap og REAL innan sentrale tema/emne på utvalde programområde og i ulike fag. Dette for å syna breidda i programområde og fag som vi kan knyta til arbeidet med entreprenørskap i vidaregåande skule. Vi vil koma attende med presentasjon av eigen praksis når fagplanane for yrkesfaga i vg2 ligg føre.

Entreprenørskap er godt forankra i yrkesfaga, utfordringa vert å få engasjert dei studiespesialiserande faga i arbeidet med entreprenørskap. Prosjekt til fordjuping og det nye faget "Entreprenørskap og bedriftsutvikling" kan vera tema/fag som kan engasjera elevar på studiespesialiserande fag, men like viktig kan arbeidet med internasjonalisering vera, med vekt på språk, kultur, import og eksport. Andre tema kan vera teknologi og design med vekt på kreativitet og kreative prosessar

Skal ein nå målet om at alle elevane som avsluttar vidaregåande utdanning skal ha kunnskap og ferdigheiter til å etablere eiga verksemd, må ein vektlegga arbeidet med kompetansebygging blant dei tilsette. Særleg gjeld dette lærarane i studiespesialiserande fag, og der målet må vera å få dei til å sjå koplingane frå arbeid med entreprenørskap til arbeid med kompetansemåla i eige fag. Dersom denne entreprenørskapskompetansen er på plass handlar det meir om vilje og evne til tilrettelegging og samarbeid for å koma vidare.

Arbeidet som dei vidaregåande skulane har gjort med haldningsmåla kan vera eit føredøme for grunnskulen. Type haldningar og personlege eigenskapar er felles på alle nivå, men kravet til kvalitet, gjennomføring og forståing bør auka med tal år i skulen.

I modellen har vi lagt vekt på ein progresjon med tanke på elevane. Vi ser det som naturleg å ha fokus på *lokalsamfunn og partnerskapsavtalar* på vg1. Dette inneber at elevane skal gjere seg kjende i det lokalsamfunnet som er rundt skulen og vite kva type nærings- og arbeidsliv som eksisterar der med utgangspunkt i det programområdet som eleven har valt. Vidare har vi eit fokus på *ungdomsbedrift* på vg2. Då har elevane gjort eit meir spesifikt val retta mot eit bestemt yrke og det er lettare for elevane å finne eit godt forretningskonsept.

På vg3 er tanken at elevane skal rette seg meir imot *internasjonalisering*. Elevane er då meir modne for å forstå internasjonale samanhengar og forretningsverksemd. I tillegg bør ein leggja til rette for opplæring i entreprenørskap for lærlingar i bedrift. Ei slik opplæring kan innhalda tema som innovasjon og etablering av eiga verksemd.

Det er meininga at dette skal vere retningsgjevande for korleis ein jobbar med entreprenørskap i opplæringa, men det er ikkje noko absolutt krav. Det er sjølvsagt mogleg for elevar på vg1 å drive med ungdomsbedrift eller for elevar på vg2 å ha fokus på internasjonalisering. Like fullt er det viktig at elevar på vg1 får kjennskap til lokalsamfunnet og ein bør prioritere dette på vg1 nivå.

Holdningsskapande arbeid, og arbeid med holdningar generelt, er det viktigaste vi føretekk oss når vi arbeidar med entreprenørskap i opplæringa. Dette vert difor vektlagt alle tre åra.

Modell for vidaregåande 1 i entreprenørskap og REAL

Sentrale tema/emne	Underliggende tema	REAL - øvingar	Forslag til arbeidsmetodar	Fag/kompetansemål
Lokalsamfunn	Kjenne sitt eige lokalsamfunn/region	5.2 BMW – Lokalisering 5.6 Folk som oss 5.10 Kartlegging av lokalsamfunnet 5.13 Lokale verksemder 5.15 Nisje 5.16 Planegga interpretasjon 5.18 Ressurskartlegging	- lokalsamfunnsprosjekt - turar i nærmiljø, lage kart/modell over lokalsamfunn / region. - undersøke kva nærings tiltak som fins - kva har vi innan ulike næringer - kven lever av kva og kven er avhengig av kven? - korleis bur vi i vår bygd/by - ulike nettverk og nettverksbygging - hjelpe elevane til å sjå kvalitetar hjå lokale kunstnarar/musikarar ved å gå på kunstutstilling/konsert, oppmode dei om å ta i bruk dei tilbod som finst innan handel, kulturtilbod og friluftsområde	
	Sjå kvalitetar og verdiar i eige lokalsamfunn			
	Sjå mulegheiter i nærmiljøet		- undersøke jobbmulegheiter (kva fins?) - undersøke etableringsmulegheiter med tanke på næringsverksemd/tenester (kva trengs?). - undersøke kostnader og mulegheiter for å etablere seg både næringsmessig og bumessig - kven kan evt. hjelpe til i ein etableringsfase?	
	Identitet/røter		- finne ut kva som er identitetsskapande i vårt lokalsamfunn, og kva som må til for å styrkje identiteten til dei som bur der - finne /etablere felles møtestader, studere lokal kunst og kultur	
	Få ungdommen attende		- diskutere kva som må til for å halde på ungdom i utkantstrok - kome med forslag til tiltak for å halde på ungdomen og prøve ut desse tiltaka i praksis dersom det er mogeleg	
	Frivillige lag og organisasjonar		- invitere frivillige lag og organisasjonar til skulen og la dei presentere sine tilbod - aktiv bruk av lag/org. frå skulen si side - partnerskapsavtalar med frivillige lag og organisasjonar	
Ta i bruk lokalsamfunnet i skulekvardagen		- aktiv bruk av lokalsamfunnet gjennom ekskursjonar og liknande - undervisning ute		

Sentrale tema/emne	Underliggende tema	REAL - øvingar	Forslag til arbeidsmetodar	Fag/kompetansemål
Partnerskapsavtalar	Kunnskap om bedrift Kunnskap om yrke	5.5 Eg drøymmer om eiga bedrift 6.2 Drift av verksemda 3.8 Kva er mitt ansvar?	<ul style="list-style-type: none"> - lære om bedrifter i lokalsamfunnet generelt og bedrifter tilknytt den einskilde studieretning / fagretning til eleven gjennom partnerskapsavtalar, bedriftsbesøk og andre former for samarbeid - sjå vekselverknad mellom teori / praksis ved å lære om yrket der ein varierer mellom tradisjonell undervisning og bruk av partnerskapsavtalar 	<p>Samfunnsfag, føremål med faget:</p> <ul style="list-style-type: none"> - <i>samfunnsfaget skal og utvikle kunnskap om arbeidsliv og økonomi</i> - <i>samfunnsfaget skal gjere det lettare for elevane å forstå verdien av teknologi og entreprenørskap</i> - <i>vurdere utfordringar ved å etablere ei bedrift</i> <p>Samfunnsfag, yrkesfagleg programområde :</p> <ul style="list-style-type: none"> - <i>reflektere over verdien av å ha eit arbeid og kva som kjenneteiknar eit godt arbeidsmiljø</i>
	Utplassering/ Hospitering	3.8 Kva er mitt ansvar? 8.12 Observasjon	<ul style="list-style-type: none"> - utplassering i arbeidslivet avtalefesta gjennom partnerskapsavtalar med avgrensingar i tal veker og tal elevar. - lærarar vert gjeve høve til å hospitere i arbeidslivet 	<p>Design og handverk, føremål med faget:</p> <ul style="list-style-type: none"> - <i>opplæringa skal bidra til utvikling av handverksmessige ferdigheiter og grunnleggande yrkeskompetanse</i>
	Samarbeid	3.14 Raud tråd 3.8 Kva er mitt ansvar?	<ul style="list-style-type: none"> - samarbeid skule - næringsliv gjennom gjensidig forpliktande avtalar - elevane/lærarane deltek aktivt i bedriftene, bedriftene deltek aktivt (besøker) i skulane - lære om korleis samarbeid føregår i arbeidslivet - møteverksemd, telefon, uformelle samarbeidsformer 	<p>Helse og sosialfag, frå faget "yrkesutøving", føremål med faget:</p> <ul style="list-style-type: none"> - <i>programfaget yrkesutøving handlar om korleis oppvekst-, helse- og sosialtenestene er bygde opp, eigenarten til dei ulike yrka, krava som må setjast til god yrkesutøving, og verdien av tverrfagleg samarbeid</i>
	Yrkesetikk	8.6 Konfliktløysing 8.8. Leva og læra 8.16 Rollespel	<ul style="list-style-type: none"> - setje seg inn i generelle lover og reglar som arbeidsmiljølova og liknande - setje seg inn i spesielle reglar som gjeld det yrket dei har valt - bruk av rollespel - lære om yrkesetikk gjennom partnerskapsavtalar 	<p>Samfunnsfag, yrkesfagleg programområde:</p> <ul style="list-style-type: none"> - <i>diskutere noen etiske problemstillingar knytte til arbeidslivet</i>
	Hjelp til yrkesval	5.10 Kartlegging av lokalsamfunnet 5.13 Lokale verksemdar 5.18 Ressurskartlegging	<ul style="list-style-type: none"> - gjennom auka kunnskap om arbeidslivet vil elevane ha lettare for å velje yrke - Prosjekt til fordjuping, bedriftsbesøk, hospitering, utplassering - gjennom aktiv deltaking i arbeids- og næringsliv vil elevane auke sjansane for å få jobb seinare i og med at dei kjenner arbeidslivet, og arbeidslivet kjenner dei 	<p>Samfunnsfag, yrkesfagleg programområde:</p> <ul style="list-style-type: none"> - <i>reflektere over verdien av å ha eit arbeid og kva som kjenneteiknar eit godt arbeidsmiljø</i> - <i>bruke digitale verktøy til å hente informasjon om ulike yrker og diskutere moglegheiter og utfordringar på arbeidsmarknaden i dag</i> <p>Samfunnsfag, yrkesfagleg programområde :</p> <ul style="list-style-type: none"> - <i>bruke digitale verktøy til å hente informasjon om ulike yrker og diskutere moglegheiter og utfordringar på arbeidsmarknaden i dag</i>
	Fagkunnskap	3.8 Kva er mitt ansvar?	<ul style="list-style-type: none"> - tilegne seg kunnskap om spesifikke fag og yrke gjennom utplassering / partnerskap / bedriftsbesøk, og setje denne kunnskapen saman med teoriane dei lærer på skulen 	<p>Samfunnsfag, føremål med faget:</p> <ul style="list-style-type: none"> - <i>samfunnsfaget skal og utvikle kunnskap om arbeidsliv og økonomi</i>

Modell for vidaregåande 1 - Service og samferdsel i entreprenørskap og REAL

Sentrale tema/emne	Underliggende tema	REAL - øvingar	Forslag til arbeidsmetodar	Fag/kompetansemål
Ungdomsbedrift	Samarbeid	3.5 Dropstårn 3.6 Konstruksjonar 3.8 Kva er mitt ansvar? 3.14 Raud tråd	- lære samarbeid og samarbeidsprosessar gjennom oppstart, drift og avvikling av UB gjennom eit skuleår - drive UB stiller store krav til samarbeid	Alle døme er henta frå læreplanen i VG1 Service og samferdsel Føremål med faget : - <i>opplæringa skal legge til rette for samarbeid, sjølvstendig arbeid og praktisk bruk av kunnskap.</i>
	Kreativitet	4.1 Egg droppet 4.8 Skatt eller boss 4.9 Skeia 4.10 Svartsnigelen 8.3 Idémyldring	- lære å lage ein forretningsplan, utvikle ein forretningsidé - komme opp med gode idéar innan marknadsføring, produkt og sal	Kompetansemål i faget "Planlegging": - <i>utarbeide ein enkel forretningsplan i forbindelse med bedriftsetablering</i>
	Kunnskap om lokalsamfunn	5.2 BMW – Lokalisering 5.6 Folk som oss 5.10 Kartlegging av lokalsamfunnet 5.13 Lokale verksemdar 5.15 Nisje 5.16 Planegga interpretasjon 5.18 Ressurskartlegging	- kontakt med mentorar frå næringslivet, kontakt med lokale bedrifter, leverandørar og samarbeidspartar - lære å sjå mulegheiter i eige lokalsamfunn med tanke på utvikling, sal og service	Kompetansemål i faget "Planlegging": - <i>vurdere kundegrunnlaget for ein enkel forretningsidé som består av hovud- og tilleggsleveransar</i>
	Kunnskap om bedriftsetablering	5.1 Brudesalong, møbelsnikkar og video 5.5 Eg drøymmer om eiga bedrift 5.9 Investor – entreprenør 6.2 Drift av verksemda 6.3 Etablering av eiga verksemd	- få kunnskap om bedriftsetablering gjennom oppstart av UB, skjemaarbeid, registrering, ulike prosessar knytt til etablering av UB	Kompetansemål i faget "Planlegging": - <i>vurdere ulike selskaps- og organisasjonsformer som vert nytta ved etablering av små verksemdar</i>
	Produktkunnskap/forretningsidé	5.7 Idé eller forretningsidé 5.8 Idéar til mikroverksemdar 5.11 Kundeprofil 5.20 Swot din forretningsidé 5.21 Tore Storm-friluft.	- utvikling og vidareutvikling av eige produkt innan ungdomsbedrifta	Kompetansemål i faget "Planlegging": - <i>vurdere faktorar som har betydning for prisfastsetting og berekna pris på produkt og tenester</i>

Sentrale tema/emne	Underliggende tema	REAL - øvingar	Forslag til arbeidsmetodar	Fag/kompetansemål
Ungdomsbedrift	Budsjett/ Rekneskap	6.1 Clay Potts 6.2 Drift av verksemda 6.3 Etablering av eiga verksemd 6.6 Likviditet på høgresida 6.7 Markolini 6.8 Tener vi pengar?	- innhente budsjett og rekneskap frå ulike bedrifter, institusjonar og liknande og studere desse - prøve å analysere kva som er dei største / minste utgifts og inntektspostane - trene på å setje opp budsjett og rekneskap for ulike aktivitetar i opplæringa som t.d. skuleturar, aktivitetar og ungdomsbedrifter - sjekke i kva grad ein får rekneskapen til å samsvare med budsjettet - balanse i rekneskapen	Kompetansemål i faget "Planlegging": - <i>utarbeide og presentere drifts- og likviditetsbudsjett for ei lita verksemd</i> Grunnleggande ferdigheiter i faget : - <i>å kunne rekne i service og samferdsel inneberer å foreta berekningar og forstå talstorleik i tilknytning til oppstilling og vurdering av tilbod, budsjett, regnskap og investeringar.</i> Kompetansemål i faget "Drift og oppfølging": - <i>føre og avslutte enkle rekneskap for små verksemdar og påpeke avvik mellom budsjett og rekneskap</i>
	Kostnadsanalyse	6.7 Markolini	- rekne ut kostnader i samband med ulike aktivitetar som t.d. skuleturar, aktivitetsopplegg, i samband med fag - kostnadsanalyse i samband med ungdoms-bedrifter (produksjon, innkjøp, reiser, marknadsføring med meir...)	Kompetansemål i faget "Planlegging" - <i>berekne kapitalbehov ved oppstart av ei lita verksemd, og vurdere kostnader ved forskjellige finansieringsmetodar</i>
	Kapitalbehov / balanse	5.9 Investor - entreprenør 6.1 Clay Potts 6.9 Tone sine T-skjorter 6.6 Likviditet på høgresida	- rekne ut kapitalbehov i samband med investeringar, drift av ungdomsbedrift, ulike arrangement tilknyta klassen / skulen - kor mykje pengar treng vi for å få gjennomført ulike aktivitetar som skuleturar og liknande?	Kompetansemål i faget "Planlegging" - <i>berekne kapitalbehov ved oppstart av ei lita verksemd, og vurdere kostnader ved forskjellige finansieringsmetodar</i>
	Priskalkyle	5.3 BMW – Fastsetje pris	- undersøke prisar på ulike varer som er naturlege å gå til innkjøp av til det fag/yrke elevane utdannar seg til (bandasjemateriell på helse- og sosialfag eller materialar på bygg og anleggsteknikk) - fastsetje ein høveleg pris på produkt/tenester som elevar produserer i samband med opplæringa generelt eller i samband med ungdomsbedrift	Kompetansemål i faget "Planlegging" - <i>vurdere faktorar som har betydning for prisfastsetjing og berekne pris på produkt og tenester</i>
	Finansinstitusjonar	5.9 Investor – entreprenør	- generell kunnskap om ulike finansinstitusjonar som bank/forsikring - samarbeid med lokale finansinstitusjonar i eit partnerskap (kurs, informasjon og opplæring) - direkte samarbeid med finansinstitusjonane i samband med personleg økonomi og ungdomsbedrift (opne bedriftskonto, opplæring i lån/rekneskap/ budsjett/ marknadsføring/ leing og administrasjon - øve på å skrive søknad i høve til sponsor, investor, Innovasjon Norge, finansinstitusjonar - lære å skrive ein lånesøknad i samarbeid med lokale finansinstitusjonar -undersøke mogelege finansieringskjelder	Kompetansemål i faget "Drift og oppfølging": - <i>utføre sentrale kontoradministrative rutinar og handtere forskjellige former for betalingsmiddel</i> Kompetansemål i faget "Planlegging" - <i>berekne kapitalbehov ved oppstart av ei lita verksemd, og vurdere kostnader ved forskjellige finansieringsmetodar</i>
	Kapital Sponsoravtaler Investorar			

Sentrale tema/emne	Underliggende tema	REAL - øvingar	Forslag til arbeidsmetodar	Fag/kompetansemål
Ungdomsbedrift	Marknadsføring Gransking av marknaden	7.1 Applaus takk 7.2 Kven sa det ? 7.3 Marknadsføring mål 7.4 Marknadsføring plan 7.5 Marknadsføring presentasjon 5.4 BMW – Marknadsføring 5.20SWOT	- marknadsføring av eige produkt, ulike kanalar - utarbeide ein marknadsplan i samband med marknadsføring av eit produkt som elevane har framstilt / prøver å selje - jobbe med case oppgåver og REAL øvingar knytt til gransking av mulege marknader – ved ungdomsbedrift er det eit godt høve til å prøve ut ein marknad for eit reelt produkt	Kompetansemål i faget ”Planlegging”: - <i>forklare og bruke omgrepa marknad og marknadsføring, og utarbeide ein enkel marknadsplan</i> Kompetansemål i faget ”Drift og oppfølging”: - <i>bruke sentrale bestemmelsar i regelverket som er relevant ved marknadsføring og sal i forbrukarmarknaden</i> Grunnleggande ferdigheiter i faget : - <i>å kunne uttrykke seg skriftlig i service og samferdsel inneberer utforming av materiell for å nå ut til verksemdene sine kundar og leverandørar, å svare på henvendelsar, å utarbeide skriftlige planar og strategiar, og å dokumentere arbeidsprosessar som ledd i verksemdene sitt kvalitetssikrings- og utviklingsarbeid.</i> Kompetansemål i faget ”Kommunikasjon og service”: - <i>bruke behovsteori og motivasjonsomgrepet til å avdekke og tilfredsstille kundar sine behov</i>
	Reklame/Påverknad	5.11 Kundeprofil 5.12 Kvifor kjøpa?	- reklame og påverknad kan jobbast med på to plan: - la elevane undersøke i eit prosjektrelatert undervisningsopplegg kva reklame som finst rundt oss (i alle former for media), og korleis vi vert påverka av denne reklamen - eller kan dei utarbeide eit reklame/marknadsføringsopplegg enten for eit produkt dei har utvikla eller for eit tenkt produkt og sei noko om korleis dei trur at denne reklamen kan påverke andre	
	Virkemiddel / dei 5 P' ane Produkt Pris Plass Personale Påverknad	5.1 Brudesalong, møbelsnikkar og video 5.2 BMW – Lokalisering 5.3 BMW – Fastsetje pris 5.4 BMW Marknadsføring 5.11 Kundeprofil 5.12 Kvifor kjøpa?	- la elevane få sjå desse verkemidla i ein samanheng, og drøfte korleis desse verkemidla er med på å påverke kvarandre - kva har desse verkemidla å seie for utvikling av produktet og marknadsføringa av produktet? - prøve ut verkemiddela i praksis gjennom t.d. å drive ungdomsbedrift	Kompetansemål i faget ”Kommunikasjon og service”: - <i>bruke behovsteori og motivasjonsomgrepet til å avdekke og tilfredsstille kundar sine behov</i>
Sal	5.11 Kundeprofil 5.12 Kvifor kjøpa? 5.13 Lokale verksemdar 5.19 Sjekk opp konkurrentane 6.2 Drift av verksemda 6.5 Leiker og konkurranse	- sal av produkt som UB har som sin forretningsidé - - lære å selje gjennom ulike kanalar, alt frå stand/ messer til eigen butikk, internettbutikk	Kompetansemål i faget ”Kommunikasjon og service”: - <i>gjennomføre et sal med aktiviteter før, under og etter et forbrukarkjøp</i> Kompetansemål i faget ”Kommunikasjon og service”: - <i>bruke behovsteori og motivasjonsomgrepet til å avdekke og tilfredsstille kundar sine behov</i>	

Modell for vidaregåande 3 i entreprenørskap og REAL

Sentrale tema/emne	Underliggende tema	REAL - øvingar	Forslag til arbeidsmetodar	Fag/kompetansemål
Internasjonalisering	Import / Eksport	Det ein kan gjere her er å ta utgangspunkt i andre øvingar og vidareføre dei. Import eksport med utgangspunkt i øvingar som fins og vidareutvikle desse. Oppstart av eiga bedrift - kan vinkle det mot import og eksport	<ul style="list-style-type: none"> - lære import/eksport gjennom å drive ungdomsbedrift, solidaritetsarbeid eller gjennom at klassen har ein vennsksavtale med elevar i andre land - setje seg inn i reglar for import / eksport ved hjelp av ulike kjelder som oppslagsverk og internett 	
	Språk	Køyra REAL øvingar på engelsk	<ul style="list-style-type: none"> - lære ulike språk gjennom internasjonal forretningsverksemd, import/eksport, solidaritetsarbeid, vennsksavtalar, og ved hjelp av utveksling av elevar med andre land / studiereiser til utlandet 	Engelsk, føremål med faget: - <i>for å klare oss i ei verd der engelsk vert nytta i internasjonal, mellommenneskelig kommunikasjon, er det nødvendig å meistre det engelske språket.</i>
	Valuta	Det ein kan gjere her er å ta utgangspunkt i andre øvingar og vidareføre dei.	<ul style="list-style-type: none"> - lære om valuta og valutakursar gjennom import/eksport av varer - gjennom solidaritetsarbeid, reiser til utlandet i samband med utveksling av elevar med andre land 	Matematikk, kompetansemål: - <i>bruke forhold i praktiske samanhengar, rekne med fart og rekne om mellom valutaer</i>
	Andre kulturar Kulturforståing	3.1 Bli kjende - stemmer det? 3.2 "Bli kjent øvingar"	<ul style="list-style-type: none"> - lære om andre kulturar gjennom internasjonal forretningsverksemd, import/eksport, solidaritetsarbeid, vennsksavtalar og ved hjelp av utveksling av elevar med andre land - prosjektarbeid i klassen om andre kulturar, innhenting av informasjon frå ulike kjelder som t.d. internett 	Engelsk, kompetansemål: - <i>drøfte sosiale forhold, samfunnsforhold og verdiar i ulike kulturar i fleire engelskspråklige land</i> Engelsk, føremål med faget: - <i>i tillegg til det at vi lærer språket, skal engelskfaget bidra til innsikt i våre egne og andre sine levemåtar, livssyn, verdiar og kulturar.</i> Samfunnsfag, kompetansemål: - <i>definere omgrepet kultur og gje døme på at kultur varierer frå stad til stad og endrar seg over tid</i>
	Elevar som verdsborgarar	Kjem litt inn på både andre kulturar og forhandlingsteknikkar	<ul style="list-style-type: none"> - prosjektarbeid om ulike land og verdsdelar - utveksling av elevar, solidaritetsarbeid og internasjonal forretningsverksemd og studiereiser til utlandet 	Samfunnsfag, kompetansemål: - <i>gje døme på internasjonalt samarbeid og beskrive Noreg som internasjonal aktør</i>
	Forhandlingsteknikkar	3.8 Kva er mitt ansvar? 3.9 Å løyse knutane 3.10 Medan vi var saman 3.12 Ola Nordmann 3.13 Papirberging 3.14 Raud tråd 8.6 Konfliktløysing	<ul style="list-style-type: none"> - forhandlingsteknikkar kan lærast på ulike måtar som rollespel, gruppearbeid og meir eller mindre reelle forhandlingar i klassen mellom elevar eller mellom elevar og lærarar - gjennom å drive ungdomsbedrift lærer ein forhandlingsteknikkar ved at ein må forhandle med kundar / leverandørar og andre - gjennom internasjonal forretningsverksemd lærer ein ulike forhandlingsteknikkar mot andre kulturar og kva omsyn ein må ta i slike samanhengar - forhandlingsteknikkar kan også lærast ved at ein arrangerar kurs i emnet 	Samfunnsfag, kompetansemål: - <i>bruke digitale verktoy til å finne døme på ulike typar konflikter i verda og presentere ein aktuell internasjonal konflikt og forslag til å løyse konflikten</i> Samfunnsfag, føremål med faget: - <i>faget skal gje innsikt i det politiske systemet i Noreg og i det internasjonale samfunnet, og gjere individet medvite om at politikk er prega av konflikt og samarbeid</i>

Modell for arbeid med handlingsmål på alle tre trinna i vidaregåande skule i entreprenørskap og REAL

Sentrale tema/emne	Underliggende tema	REAL - øvingar	Forslag til arbeidsmetodar	Fag/kompetansemål
Haldningsmål	Skikk og bruk	8.6 Konfliktløysing 8.16 Rollespel	<ul style="list-style-type: none"> - diskutere kva som er "skikk og bruk" innan yrket/programrådet ein utdannar seg til - kva lover og reglar fins? - kva bør ein gjere - korleis bør ein opptre i jobben? - rollespel og erfaring gjennom utplassering og praktiske prosjekt/ungdomsbedrift og liknande 	Frå den generelle delen av læreplanen: - <i>samtidig må dei unge lære at skiftande epokar har hatt vekslende sed og skikk, og at ulike samfunn har ulike reglar for rett livsførsel.</i>
	Mellom - menneskelege relasjonar	3.1 Bli kjende - stemmer det 3.2 "Bli kjent øvingar" 3.3 Brotne kvadrat 3.4 Den magiske pennen 3.8 Kva er mitt ansvar?	<ul style="list-style-type: none"> - øve på mellommenneskelege relasjonar gjennom rollespel, gruppearbeid og praktisk arbeid i klasserommet - praktiske erfaringar gjennom møte med menneske utanfor skulen t.d. gjennom utplassering (kundar, brukarar, kollegaer og samarbeidspartar) - skaffe ein oversikt over kva faktorar som kan vere med å på hemme /fremje eit godt arbeidsmiljø - overhalde tryggleiksrutinar i praktisk arbeid og diskutere kva som påverkar det psykososiale arbeidsmiljøet - komme med forslag til kva som kan betre arbeidsmiljøet i klassen/ skulen /utplasseringsbedrift / ungdomsbedrift 	Frå læringsplakaten: - <i>stimulere elevane og lærlingane/lærekandidatane i deira personlige utvikling og identitet, i det å utvikle etisk, sosial og kulturell kompetanse og evne til demokratiforståing og demokratisk deltaking</i> Frå læringsplakaten: - <i>sikre at det fysiske og psykososiale arbeids- og læringsmiljøet fremmer helse, trivsel og læring</i>
	Arbeidsmiljø (fysisk/ psykososialt)	3.10 Å løysa knutane 3.13 Ola Nordmann 3.14 Papirberging 3.15 Raud tråd 8.6 Konfliktløysing		
	Forvaltning av miljøressursar	5.16 Planegga interpretasjon	<ul style="list-style-type: none"> - skaffe ein oversikt over kva som fins av miljøressursar lokalt / regionalt / nasjonalt /globalt - finne ut kva verdi desse ressursane representerer og kva som skal til for å ta vare på dei - finne ut korleis vi kan utnytte dei utan å øydeleggje dei og korleis klassen / skulen kan vere med å skape nye miljøressursar - involvere elevane /skulen / ungdomsbedriftene aktivt i å ta vare på miljøressursane ved å gjennomføre ulike prosjekt som vedlikehaldsarbeid, oppryddingsaksjonar, miljøvernaksjonar - opplæring i korleis vi tek vare på miljøressursar i vår daglege yrkesutøving og i det private liv 	Frå den generelle delen av læreplanen: - <i>mennesket er ein del av naturen, og gjer stadig val med konsekvensar ikkje berre for eiga velferd, men også for andre folk og naturmiljøet</i>
Sjå mulegheiter og gjere noko med dei.	4.1 Egg droppet 4.2 Eg ein entreprenør? 4.3 Kartlegging av framtidsmål 4.8 Skatt eller boss 4.9 Skeia 4.10 Svartsnigelen 5.7 Idé eller forretningsidé 5.8 Idéar til mikroverk 8.3 Idémyldring	<ul style="list-style-type: none"> - jobbe med kreativitet og kreative løysingar individuelt og i grupper - finst det alternative måtar å løyse oppgåva/utføre jobben på? - produktutvikling i ungdomsbedrifter - komme med forslag til nye måtar å jobbe på i ulike samanhengar - idémyldring. - undersøke behov / moglegheiter for nye produkt og nye idéar - kan "gamle" idéar og produkt nyttast på ein ny måte? 	Design og handverk, frå føremål med faget: - <i>opplæringa skal bidra til at den enkelte skal utvikle tru på eigne skapande krefter og evne til å sjå og bruke lokale, nasjonale og internasjonale ressursar</i>	

Sentrale tema/emne	Underliggende tema	REAL - øvingar	Forslag til arbeidsmetodar	Fag/kompetansemål
Haldningsmål	Entusiasme/ Pågangsmot	3.5 Dropstår 3.6 Konstruksjonar 4.1 Egg droppet 4.3 Kartlegging av framtidsmål 4.6 Setja seg mål	<ul style="list-style-type: none"> - jobbe aktivt med entusiasme og engasjement ved å la elevane få eit eigarforhold til sine produkt og sine prestasjonar - elevane må få oppleve seg sjølve som viktige i høve til andre. - freiste å sjå ting frå ulike synsvinklar - det som ser keisamt ut i augneblinken kan vere spanande sett i eit lengre tidsperspektiv - jobbe med motivasjon, freiste å skape ein indre motivasjon for aktiviteten. - la elevane få oppleve gleda ved at t.d. ei ungdomsbedrift utviklar seg (her er det viktig med positive attendemeldingar frå miljøet kring ungdomsbedrifta) - lære pågangsmot gjennom å få høve til å prøve ut nye ting / prøving og feiling - pågangsmot gjennom løysing av oppgåver, gjennomføre bestemte arbeidsoppgåver t.d. i samband med ungdomsbedrift - vise vilje til å tore å satse 	Service og samferdsel, kompetansemål frå faget "Kommunikasjon og service": <ul style="list-style-type: none"> - beskrive kva sentrale element som kjenneteiknar god service og kunne gje slik service - bruke behovsteori og motivasjonsomgrepet til å avdekke og tilfredsstillte kundar sine behov
	Kunne takle ulike situasjonar som oppstår "Vegen vert til medan ein går" Ta ting "på sparket"	3.6 Konstruksjonar	<ul style="list-style-type: none"> - gjennom gruppearbeid, praktisk arbeid, prosjekt og ungdomsbedrift kan ein legge inn ein del endringar av føresetnader som fører til at elevane må takle ulike situasjonar - å vere utplassert i arbeidslivet gjev også utfordringar som er realistiske i høve til dette - "stoppar opp" prosessen, oppsummerar det ein har gjort / kome fram til, for so å tenkje ut kva ein skal gjere vidare - må vere ein kontinuerleg prosess i arbeidet - kan vere ein prosess som eignar seg godt i drift av ungdomsbedrifter - øve elevane opp til å vere spontane og kunne ta ting på sparket gjennom å gje dei uventa oppgåver eller oppgåver der dei må gjennomføre utan å ha så mykje tid til å planlegge på førehand - rollespel kan vere ein god metode i samband med dette - ofte ser vi at elevane i ungdomsbedrifter må ta ting på sparket då det oppstår uventa ting 	<p>Helse og sosialfag frå "føremål med faget"</p> <ul style="list-style-type: none"> - programfaget kommunikasjon og samhandling handlar om møtet mellom menneske, uavhengig av alder, språk, kultur, religion, livsførsel eller funksjonsnivå <p>Medium og kommunikasjon, kompetansemål frå faget "Mediedesign og medieuttrykk"</p> <ul style="list-style-type: none"> - bruke aktuelle teknikkar for idéskapning og idéutvikling innan tekst, lyd og bilde eller kombinasjonar av dei <p>Restaurant og matfag, kompetansemål frå faget "bransje, fag, miljø" :</p> <ul style="list-style-type: none"> - drøfte og demonstrere kva det vil seie å yte service, og kvifor dette er viktig for yrkesutøvinga i restaurant- og matfaga
	Bry seg Toleranse/respekt Lage trygge miljø	3.9 Kven bryr seg? 8.6 Konfliktløysing 8.14 Prioritering i grupper 8.15 Rettleia læring 8.16 Rollespel 8.17 Rundebordsdiskusjon	<ul style="list-style-type: none"> - å kunne bryr seg er ein viktig eigenskap som elevane treng opplæring i og med at samfunnet vårt vert meir individualistisk - kan lærast gjennom solidaritetsarbeid på skulen og gjennom ulike prosessar i opplæringa som krev samarbeid - skape ei god gruppekjensle der elevane lærer å ta ansvar for kvarandre i gruppa er ein god måte å lære dette på - diskutere toleranse / respekt i klassesamanheng - finne ut om vi har respekt for kvarandre (elev/elev og elev/lærer) - prøve ut dette med toleranse og respekt i praksis i utoveretta verksemd ved skulen som utplassering, partnerskap og ungdomsbedrift - å skape trygge miljø er avhengig av fleire faktorar -må jobbe både på individ og gruppenivå - bygge opp sjølvtiliten til kvar einskild elev med klare krav og forventningar slik at kvar einskild er trygg på kva som er forventa av ein - på gruppenivå må ein jobbe meir med prosessar som samhandling/ samarbeid og at ein diskuterar krav/forventningar i gruppa og har ein dialog i høve til kva som er akseptabel åtferd 	<p>Helse og sosialfag, kompetansemål frå faget "kommunikasjon og samhandling":</p> <ul style="list-style-type: none"> - programfaget omfattar bevisstgjerjing av eigen veremåte og eiga åtferd overfor brukarar - det handlar òg om dei krava samfunnet set til at yrkesutøvarane innanfor oppvekst-, helse- og sosialsektoren viser sosial kompetanse og ansvar, yter service og legg vekt på brukarmedverknad <p>Helse og sosialfag, frå føremål med faget :</p> <ul style="list-style-type: none"> - heilskapen i dei felles programfaga skal gje elevane ei plattform for vidare yrkesval og leggje til rette for utvikling av fagleg forståing gjennom kunnskap, refleksjon, etisk bevisstgjerjing, respekt og toleranse <p>Frå læringsplakaten :</p> <ul style="list-style-type: none"> - sikre at det fysiske og psykososiale arbeids- og læringsmiljøet fremjer helse, trivsel og læring

Sentrale tema/emne	Underliggende tema	REAL - øvingar	Forslag til arbeidsmetodar	Fag/kompetansemål
Haldningsmål	Vere til å stole på	3.8 Kva er mitt ansvar?	<ul style="list-style-type: none"> - kan lærast gjennom at ein inngår klare avtalar, og avtalar klare reglar når ein skal utføre arbeidsoppgåver i grupper eller individuelt - konsekvensen av å ikkje overhalde desse avtalane må synleggjerast og ein må vere konsekvent i høve til reaksjonar på avtalebrot - elevane må få forståing av kva konsekvensar det får dersom dei ikkje er til å stole på og at det går ut over andre dersom dei bryt avtalar 	Helse og sosialfag, kompetansemål frå faget "kommunikasjon og samhandling": <ul style="list-style-type: none"> - <i>programfaget omfattar bevisstgjering av eigen veremåte og eigen åtferd overfor brukarar - det handlar òg om dei krava samfunnet set til at yrkesutøvarane innanfor oppvekst-, helse- og sosialsektoren viser sosial kompetanse og ansvar, yter service og legg vekt på brukarmedverknad</i>
	Samfunnsansvar	3.3 Brotne kvadrat 3.4 Den magiske pennen 3.8 Kva er mitt ansvar 3.10 Å løysa knutane 3.13 Ola Nordmann 3.14 Papirberging 3.15 Raud tråd	<ul style="list-style-type: none"> - gjerast bevisste på dei verdiane vi har i samfunnet rundt oss, og at dei er verdt å ta vare på - diskuterer korleis vi på best mogleg måte kan ivareta desse verdiane og korleis vi aktivt kan bidra til dette – gje konkrete oppgåver, slik som å delta i dugnadsarbeid, solidaritetsarbeid, skape noko i lokalsamfunnet, friviljug arbeid på fritida i lag og organisasjonar og liknande - kollektivt ansvar kan lærast gjennom at elevane får felles ansvar for ei arbeidsoppgåve eller eit prosjekt - kan vere alt frå å gjennomføre framstilling av eit produkt, der ein har ansvar for ulike delar, til større prosjekt som det å drive ei ungdomsbedrift - lojalitet er noko som må opparbeidast gjennom å sjå/ skape verdiar i ei gruppe - viktig å lære elevane eigenskapar som å vere ansvarsbevisste og vise toleranse/respekt - inngå avtalar og viktigheita av å halde desse avtalane - viktig i alle delar av opplæringa - lojalitet på fleire nivå : elev-elev, elev-lærer, elev-lærer - skuleleiing 	Helse og sosialfag, kompetansemål frå faget "Yrkesutøving" <ul style="list-style-type: none"> - <i>drøfte korleis endringar i samfunnet påverkar yrkesutøvinga i oppvekst-, helse- og sosialsektoren</i> Helse og sosialfag, kompetansemål frå faget "kommunikasjon og samhandling": <ul style="list-style-type: none"> - <i>Programfaget omfattar bevisstgjering av eigen veremåte og eigen åtferd overfor brukarar. Det handlar òg om dei krava samfunnet set til at yrkesutøvarane innanfor oppvekst-, helse- og sosialsektoren viser sosial kompetanse og ansvar, yter service og legg vekt på brukarmedverknad.</i> Media og kommunikasjon kompetansemål frå faget "Mediekommunikasjon" <ul style="list-style-type: none"> - <i>følgje regelverk og etiske normer som regulerer medie- og kommunikasjons - verksemd, i arbeid med egne medieprodukt</i>
	Kollektivt ansvar	8.6. Konfliktløsning 8.14 Prioritering i grupper 8.16 Rollespel		
Lojalitet				
Ansvar for seg sjølv		3.8 Kva er mitt ansvar? 3.10 Å løysa knutane 3.14 Papirberging 3.15 Raud tråd	<ul style="list-style-type: none"> - handlar fyrst å fremst om å skape eit positivt sjølvbilde hos eleven slik at eleven oppfattar seg sjølv som verdifull i den store samanhengen. - dette gjer ein gjennom å gje eleven positiv merksemd, ros, attendemeldingar og ved at eleven vert sett - handlar også om at eleven får opplæring i tryggleiksrutinar på skulen og at eleven veit kva som skal gjerast dersom det vert naudsynt å ta desse rutinane i bruk - elevar skal også lærast opp til å ta ansvar for si eiga læring og utvikling gjennom elevsamtalar og aktiv bruk av elevdemokrati. - bevisstgjering på kva ansvar ein har som elev, både individuelt og i grupper. - øve opp desse eigenskapane ved å fylgje opp avtalar og ansvarleggjere elevar i ulike samanhengar. - i situasjonar der elevane skal utføre bestemte arbeidsoppgåver i samband med t.d. prosjekt eller ungdomsbedrift er det viktig at ein har klart definerte ansvarsområde på førehand og at elevane kjenner til sine ansvarsområde - ansvarleggjere elevar gjennom arbeidsoppgåver på skule og i utplassering - ha gode kontrollrutinar og eit opplegg som sikrar at jobben vert gjort - drøfte på førehand kva konsekvensar det får dersom arbeidet ikkje vert utført slik at elevane er informerte om dette - i samband med ungdomsbedrift er dette god trening, spesielt for dei som er leiarar i ungdomsbedrifta og har eit spesielt ansvar for å sjå til at arbeidet vert utført 	Bygg og anleggsteknikk, kompetansemål frå faget "Teikning og bransjelære" <ul style="list-style-type: none"> - <i>planlegge helse-, miljø- og sikkerheitstiltak for arbeidsoppgåver som skal utførast</i>
	Kjenne sine ansvarsområde			
Sjå til at arbeidsoppgåvene vert utførte				Helse og sosialfag, kompetansemål frå faget "Yrkesutøving" <ul style="list-style-type: none"> - <i>gjere greie for kjenneteikn på profesjonalitet i yrke innanfor oppvekst-, helse- og sosialsektoren</i> Generelt. Gjeld innan alle læreplanmål i alle fag.

Sentrale tema/emne	Underliggende tema	REAL - øvingar	Forslag til arbeidsmetodar	Fag/kompetansemål
Haldningsmål	Vite kva som vert forventa av ein	3.8 Kva er mitt ansvar? 3.10 Å løysa knutane 3.13 Ola Nordmann 3.14 Papirberging 3.15 Raud tråd	- trene elevane opp i å møte forventningar på ulike nivå- forventningar frå lærar i samband med oppgåver som skal gjerast, eller forventningar frå medelevar i gruppe- eller praktisk arbeid. - praktisere forventningsavklaringar i forkant i samband med større arbeid i klassen / på skulen slik at ein på førehand veit kva som vert forventa av ein	Bygg og anleggsteknikk, kompetansemål frå faget "Produksjon" : - <i>motta, handtere og lagre materiale og utstyr på ein hensiktsmessig måte og i forhold til regelverk</i>
	Fantasi	3.5 Dropstårn 3.6 Konstruksjonar 4.1 Egg droppet 4.4 Mytiske skapningar 4.8 Skatt eller boss	- la elevane få fritt speleroom i høve til å skape, vere kreative - oppmode elevane om å bruke fantasien i samband med utvikling av forretningsidéar og produkt - bruke fantasi til å finne løysingar på problemstillingar som måtte oppstå	Design og handverk, kompetansemål frå faget "Produksjon" - <i>bruke farger og formelement i praktisk arbeid for å skape bestemte uttrykk i produkt</i>
	Bryte barrierar	4.9 Skeia 4.10 Svartsnigelen 5.5 Eg drøymmer om eiga bedrift 5.7 Idé eller forretningsidé	- diskutere mulegheiter / hindringar, nyskaping/ innovasjon - finne ut kva som er til hinder for at vi kan få gjennomført det vi tenker / vil - undersøke mulegheiter og nye måtar å gjere ting på - bryte barrierar kan ein gjere i klasserommet så vel som utanfor skulen.	Design og handverk, frå "føremål med faget": - <i>gjennom opplæring skal det skapast kultur for innovasjon og nyskaping for å fremje entreprenørskap i yrkesfaga innan utdanningsprogrammet</i>
	Risikovilje	5.8 Idéar til mikroverksemdar 5.5 Eg drøymmer om eiga bedrift 5.14 Muligheit eller krise	- opplæring i å kalkulere risiko, t.d. ved bruk av case og øvingar - la elevane prøve ut risiko under trygge og forsvarlege omgjevnader ved t.d. å ofre tid og innsats på eit prosjekt som dei ikkje kan sei med sikkerheit kan lykkast, prøve ut nye forretningsidéar, gjere mindre investeringar i samband med ungdomsbedrift - gje elevane mulegheit til å ta sjansar i samband med ulike oppgåver som dei skal gjennomføre- kalkulere risiko, og ta eit val om dei er villige til å ta denne risikoen	Kompetansemål i faget "produksjon" : - <i>eksperimentere målretta med teknikkar, form, farge, materiale og reiskapar</i> Bygg og anleggsteknikk, kompetansemål frå faget "Produksjon" : - <i>foreta risikovurderingar og utføre arbeid etter reglar for helse, miljø og sikkerheit</i>
	Ta sjansar Prøve og feile Gjere det lovleg å feile		- prøve ut eit nytt produkt i ein marknad, investere i eit prosjekt, sitte med eit større eller mindre varelager, prøve ut eit nytt undervisningsopplegg - for å gjere det lovleg å feile må ein på førehand ha etablert eit trygt miljø, samt at ein på førehand har diskutert at det faktisk er lov å gjere feil ein gang i blant - kan køyre ulike øvingar som gjer at elevane vert trygge på kvarandre t.d. dramaøvingar der ein må "dumme seg litt ut"	
	Humor – ikkje ta seg sjølv høgtidleg		Humor er eit nyttig verkty. Humor høyrer heime i skulekvardagen på alle nivå og bør inngå i alt som ein førete seg i skulen. Viktig at humoren er representert i høvelege mengder. Ein bør ikkje overdrive.	Humor er ikkje nemnt i læreplanane direkte. Dette er noko som må "bakast inn" av den einskilde lærar og elev.

Sentrale tema/emne	Underliggende tema	REAL - øvingar	Forslag til arbeidsmetodar	Fag/kompetansemål
Haldningsmål	Motivasjon for å prøve ut nye ting Meistring – på sitt nivå – gje oppleving av meistring Stimulerande miljø	3.5 Dropstårn 3.6 Konstruksjonar 4.1 Egg droppet 4.8 Skatt eller boss 4.9 Skeia 4.10 Svartsnigelen 5.5 Eg drøymmer om eiga bedrift 5.7 Idé eller forretningsidé 5.8 Idéar til mikroverksemdar 8.3 Idémyldring	<ul style="list-style-type: none"> - skape motivasjon hos elevane for å prøve ut nye ting ved å vise til suksessfaktorar - invitere personar på besøk eller oppsøke personar som har hatt suksess med å prøve ut nye ting og la dei fortelje elevane at dei har dei same mulegheitene - la elevane sjølve få prøve ut nye ting med det som mål at det skal verte ein suksess - nyskapingar som elevane har laga i skulesamanheng og som har vorte ein suksess. - få ei kjensle av meistring er viktig for alle - viktig med individuelle tilpassingar og observasjon/ kartlegging av eleven på førehand slik at vi veit kva eleven er i stand til å meistre - finne meistringsnivået til kvar einiskild elev og lage eit opplegg som inneber meistring - kan vere individuelle meistringsoppgåver i samband med skulearbeid eller meistring i grupper (prosjekt, ungdomsbedrift...) - stimulerande miljø vert skapt gjennom at ein vedlikeheld og tek vare på dei ressursane ein har rundt seg både materielt og sosialt - personavhengig ved at ein klarar å skaffe gode lærarar/mentorar/rådgjeverar og andre som i seg sjølv er med på å gjere miljøet stimulerande - eit stimulerande miljø er ofte kjenneteikna ved at det er ope, trygt og inspirerer til nytenking - personane i miljøet er ofte engasjerte og positive - eigenskapar ein bør freiste utvikle hos dei involverte personane i miljøet for å gjere det stimulerande 	<p>Design og handverk, frå "føremål med faget":</p> <ul style="list-style-type: none"> - <i>desse yrka har difor behov for handverkarar som er endringsdyktige og bevisste på design og kvalitet i handverksprodukt og tenester</i> <p>Media og kommunikasjon, frå "føremål med faget":</p> <ul style="list-style-type: none"> - <i>opplæringa skal bidra til at elevane utviklar ferdigheiter i kommunikasjon, design og produksjon</i> <p>Media og kommunikasjon, frå "føremål med faget":</p> <ul style="list-style-type: none"> - <i>opplæringa skal bidra til at samfunnet får dekkja behovet for teknologikyndige, kreative, skapande og reflekterte menneske med kompetanse innanfor kommunikasjon, design og medieproduksjon</i>
	Raus med ros Tydeleg med "ris" Ros i plenum "Ris" på einerom	Gjeld i alle situasjonar i livet	<ul style="list-style-type: none"> - viktig med konstruktiv kritikk - ris i einerom - ros i plenum 	- generelt - gjeld innanfor alle læreplanmål.
	Refleksjon over sin eigen situasjon Stille krav Bevisstgjerung Sjølvinnsikt	3.8 Kva er mitt ansvar? 3.9 Å løyse knutane 3.10 Medan vi var saman 3.12 Ola Nordmann 8.2 I sentrum 8.5 Involver meg 8.6 Konfliktløsning 8.8. Leva og læra 8.14 Prioritering i grupper 8.15 Retteleia læring 8.16 Rollespel 8.17 Rundebordsdiskusjon	<ul style="list-style-type: none"> - reflektere over kva ein kan / ikkje kan, kva ein har lært / ikkje har lært i ulike fag - reflektere over eit bestemt undervisningsopplegg eller reflektere over noko som ein har vore med på å gjennomføre, t.d. ei REAL øving - lære å stille krav på ein "riktig måte" - som er motiverande og involverande - krav som er overkommelege og gjerne fokusere på korleis ein kommuniserer krav (finne ut korleis vi kommuniserer når vi stiller krav til kvarandre) - bevisstgjerung skjer gjennom metakommunikasjon og at ein stoppar opp i ulike prosessar og diskuterer/ snakkar om kva ein føler/opplever i prosessen - - bevisstgjerung skjer gjennom refleksjon, gjerne med problemstillingar ein ynskjer å reflektera rundt - sjølvinnsikt får ein mellom anna gjennom attendemeldingar/ros/ris frå samfunnet rundt ein - - sjølvinnsikt er viktig i all kommunikasjon med andre og med tanke på å utføre ein jobb/utøve eit yrke - viktig at ein kjenner sin rolle, veit kva ein kan/ikkje kan osv 	<p>Helse og sosialfag, kompetansemål frå faget "Kommunikasjon og samhandling"</p> <ul style="list-style-type: none"> - <i>grunnge og vurdere egne haldningar og veremåtar når omsorg og utvikling hos brukaren er målet, uavhengig av kultur, religion, livsførsel og funksjonsnivå hjå den andre</i> <p>Design og handverk, frå "føremål med faget":</p> <ul style="list-style-type: none"> - <i>opplæringa skal styrke evna til kritisk refleksjon, respekt for eige og andres fagarbeid og forståing for yrkesetiske problemstillingar.</i> - Media og kommunikasjon, kompetansemål frå faget "Medieproduksjon": - <i>bruke relevante metodar for kvalitetssikring av eigen arbeidsprosess og eige produkt</i>

VEGEN VIDARE

I arbeidet med entreprenørskap er målet å utvikla ein *kultur* for entreprenørskap i alle lokalsamfunn, der entreprenørskapskompetanse som femner om *kunnskap, ferdigheiter og haldningar* er basisingrediensane. Det er viktig å få ein struktur og ein naturleg progresjon i dette arbeidet, og vi har i dette heftet freista gje ein slik struktur og progresjon i arbeidet med entreprenørskap og REAL i Kunnskapsløftet.

Arbeidet er framleis i ein startfase, men vi trur modellen med oversyn over tema/emne, tiltak og kompetansemål i faga, kan vera eit nyttig verkty i det vidare arbeidet med å gje innhald og struktur/progresjon i entreprenørskapsarbeidet på kvar einskild skule. Kvar einskild skule må sjølve velja kva dei vil vektlegga og prioritera, og dei "gode døma" kan vera til god hjelp i denne utveljingsfasen.

Vi har kome eit godt stykke på veg når det gjeld utvikling av ferdigheiter og kunnskap, stadig fleire elevar får prøva *elevbedrift* og *ungdomsbedrift*, og får kunnskap, erfaringar og ferdigheiter til å etablera, drifta og leggja ned ei bedrift. Likevel er det langt att før målet om at **alle** elevar skal ha prøvd dette er nådd. *Elevbedrift* bør fortrinnsvis leggjast til ungdomstrinnet, men det er fleire skular som har gode røynsler med elevbedrifter både i småskulen og på mellomtrinnet. *Ungdomsbedriftene* er godt forankra i den vidaregåande skulen, kanskje er det ein god idé å leggja dei til andre året på vidaregåande?

Fleire elevar får gjennom ulike prosjekt og opplæring *kunnskap om eige lokalsamfunn* og region, noko som er viktig for å skapa identitet og tilhøyre til eige lokalmiljø. Dette har vore eit viktig arbeidsfelt for mange skular i fleire år. Utfordringa her vert å setja dette arbeidet i system, og laga ein progresjon for arbeidet mot *lokalsamfunnet* som inkluderer kommunale verksemdar, lokalt/regionalt næringsliv og lokale lag og organisasjonar. Etablering av *Partnerskapsavtalar* med lokalt næringsliv er eit viktig verkty i arbeidet mot lokalsamfunnet. Dei er med på å formalisera, strukturera og ansvarleggjera samarbeidet både for skular, bedrifter og lag/organisasjonar. Å gje *kunnskap om lokalsamfunnet* bør vera hovudfokus for arbeidet med entreprenørskap i grunnskulen, saman med utvikling av *personlege eigenskapar* og *haldningar*.

Personlege eigenskapar og *haldningar* som ansvar, kreativitet, samarbeid, sjølvstende m.m. har vore sentrale utviklingsmål for skulen i mange år. Kor grundig og tydeleg ein har vore i dette arbeidet kan nok variera, og med auka fokus på kunnskapskrav i faga føler mange lærarar at dei kjem til kort. Vi trur at ein i framtida må ha auka fokus på *personlege eigenskapar* og *haldningar*, og det vert difor viktig at ein peikar på kva type eigenskapar og haldningar som er viktige å utvikla for framtidas entreprenørar, og korleis ein kan arbeida med dei i skule og lokalsamfunn. Dette heftet gjev ikkje alle svar på dette, men vi har starta arbeidet med å synleggjera og tydeleggjera dei, og korleis vi kan arbeida med dei på ulike alderstrinn i skulen. Dette er eit arbeid som startar i heim og barnehage, og som vi må fylgja opp i skulen på alle nivå. Utfordringa vert å tilpassa innhald, omfang og arbeidsformer til ulike alderstrinn, og å vera tydelege og grundige nok i dette arbeidet.

Vi har valt å omsetja og tilpassa eit *pedagogisk og fagleg* verkty, REAL, til arbeidet med entreprenørskap. Materialet er erfaringsbasert, og legg opp til elevaktiv læring. Vi føler at dette er eit godt verkty ikkje berre i arbeidet med entreprenørskap, men at dei pedagogiske grunnprinsippa høver godt for all opplæring/læring. Utfordringa vår ligg i å gjera lærarane vi kursar i dette verktøyet så trygge på materiale og arbeidsform, at dei greier overføra dei pedagogiske grunnprinsippa til eiga opplæring i alle fag/tema/emne.

Avslutningsvis vil vi freista gje ei skisse til progresjon i arbeidet med entreprenørskap og REAL i det 13 - årige skuleløpet. Dette er ein grovskissa modell for arbeidet som kan danna utgangspunkt for lokale tilpassingar.

1. *årstrinn:* - gjera elevane trygge i opplærings situasjonen gjennom fokus på personlege eigenskapar/haldningar i arbeid med faga
- enkle lokalsamfunnsretta prosjekt - besøk på foreldra sine arbeidsplassar
2. *årstrinn:* - arbeid med personlege eigenskapar/haldningar
- enkle lokalsamfunnsretta prosjekt – i samarbeid med lokale lag og organisasjonar
- gjera seg kjent i lokalsamfunnet – historie/kultur/ressursar
3. *årstrinn:* - arbeid med personlege eigenskapar/haldningar
- kva er eit lokalsamfunn? - arbeid med UE sitt ”Vårt lokalsamfunn”
- enkle lokalsamfunnsretta prosjekt - lokale lag og organisasjonar
- gjera seg kjent i lokalsamfunnet - historie/kultur/ressursar
4. *årstrinn:* - arbeid med personlege eigenskapar/haldningar
- mini REAL - bygg eit lokalsamfunn
- gjera seg kjent i lokalsamfunnet - historie/kultur/ressursar
- solidaritetskveld - støtte til andre land/kulturar
5. *årstrinn:* - arbeid med personlege eigenskapar/haldningar
- lokalsamfunnsprosjekt retta mot kommunal verksemd
- gjera seg kjent i lokalsamfunnet - historie/kultur/ressursar
- etiske problemstillingar
- Partnerskapsavtalar
6. *årstrinn:* - arbeid med personlege eigenskapar/haldningar
- lokalsamfunnsprosjekt retta mot lokalt næringsliv
- gjere seg kjent i lokalsamfunnet – historie/kultur/ressursar
- etikk og miljø
- Partnerskapsavtalar

7. *årstrinn:*
- arbeid med personlege eigenskapar/haldningar
 - lokalsamfunnsretta prosjekt retta inn mot hjørnesteinsbedrifter
 - gjere seg kjent i lokalsamfunnet - historie/kultur/ressursar
 - etikk og miljø
 - kunnskap om lokalt arbeidsliv - yrke/utdanning
 - innføring i økonomi - arrangera elevkveld
 - Partnarskapsavtalar
8. *årstrinn:*
- arbeid med personlege eigenskapar/haldningar
 - lokalsamfunnsretta prosjekt retta inn mot lokale bedrifter - private og offentlege - yrke/utdanning - del av Programfag til val
 - gjere seg kjent i lokalsamfunnet - historie/kultur/ressursar
 - etikk og miljø
 - Partnarskapsavtalar
9. *årstrinn:*
- arbeid med personlege eigenskapar/haldningar
 - gjere seg kjent i lokalsamfunnet - historie/kultur/ressursar
 - elevbedrifter - etablera, drifta og legga ned eigen elevbedrift
 - kreativitet, økonomi, marknadsføring og sal - sentrale tema
 - etikk og miljø
 - internasjonalisering - import og eksport
 - besøk/hospitering vidaregåande skule - Programfag til val
10. *årstrinn:*
- arbeid med personlege eigenskapar/haldningar
 - besøk/hospitering vidaregåande skule - yrke og utdanning
 - hospitering bedrift - styrt arbeidslivspraksis - yrke og utdanning
 - gjere seg kjent i lokalsamfunnet - ressursar/omstilling
 - etikk og miljø
 - internasjonalisering/solidaritetsprosjekt/elevkveld/avslutning
11. *årstrinn*
- arbeid med personlege eigenskapar/haldningar
 - partnarskapsavtalar – bedriftsbesøk/skulebesøk/hospitering
 - gjere seg kjent i lokalsamfunnet – historie/kultur/ressursar
 - etikk og miljø
 - alternativt ungdomsbedrift – primært 12. årstrin
12. *årstrinn*
- arbeid med personlege eigenskapar/haldningar
 - partnarskapsavtalar – bedriftsbesøk/skulebesøk/hospitering
 - ungdomsbedrift – etablering, drift og nedlegging av eiga bedrift
 - etikk og miljø
13. *årstrinn*
- arbeid med personlege eigenskapar/haldningar
 - tilrettelegging entreprenørskap for lærlingar – etablering/støtteordningar
 - internasjonalisering for studieførebuande program – eksport/import – eventuelt solidaritetsprosjekt – elevkveld/avslutning
 - etikk og miljø

LITTERATUR

Abrandt Dahlgren, Madeleine (2001): *80: Portraits of PBL: a cross-faculty comparison of students' experiences of problem-based learning*, Linköping Universitet.

Bloom, Benjamin S.(red.) (1956): *Taxonomy of Educational Objectives.The Classification of Educational Goals*.Handbook 1; *Cognitive Domain*. David McKay Company, New York.

Egedius, Henry (1999): *Pedagogik för 2000-talet*. Stockholm: Natur og kultur.

Haukeland, Per Ingvar (2000): *Folk entrepreneurship education: In search of integrality and empowerment: a Norwegian perspective*, Ann Arbor, Michigan.

Illeris, Knud (red.) (2000): *Tekster om læring*. Fredriksberg: Roskilde Universitetsforlag.

Kolb, David (1984): *Experiential learning – Experience as the source of learning and development*, Prentice Hall P T R, New Jersey.

Kolvereid, Lars og Thune-Holm, Anton (1999): *Gründerboken*, Cappelen Akademisk Forlag, Oslo

Kunnskapsdepartementet, Nærings- og Handelsdepartementet og Kommunal- og Regionaldepartementet (2006): *Se mulighetene og gjør noe med dem!*, Strategi for entreprenørskap i utdanninga 2004 – 2008, Kunnskapsdepartementet, Oslo

Kyrkje-, undervisnings- og forskingsdepartementet (1997): *Entreprenørskap i utdanning og opplæring*, Nasjonalt læremiddelsenter, Oslo

Kunnskapsdepartementet (2006): *Læreplanverket for kunnskapsløftet – midlertidig utgave juni 2006*. Utdanningsdirektoratet, Oslo.

Mursell, James L. (1954): *Successful teaching: its psychological principles*. Mc Graw-Hill, London

Pettersen, Roar C.(2005): *Kvalitetslæring i høgere utdanning*, Universitetsforlaget, Oslo

Spilling, Olav (red.) (2006): *Entreprenørskap på norsk*, Fagbokforlaget, Bergen

Utdannings- og Forskingsdepartementet (2004): *St.meld.nr.30 (2003-2004) – Kultur for læring*. Statens forvaltningstjeneste, Oslo